



Norges miljø- og
biovitenskapelige
universitet

Masteroppgåve 2016 30 stp
Institutt for landskapsplanlegging

Samanlikning av grunnleggande domstolsprinsipp i jordskifteretten og ordinære domstolar

Iselin Groven Ruud
Master i Eigedom

Forord

Denne masteroppgåva markerar slutten på eit masterstudie i Eigedom ved Noregs miljø- og biovitskapelege universitet. Oppgåva vart skrive våren 2016, og gjev 30 studiepoeng. Min vegleiar har vore fyrstelektor Einar Bergsholm. Det er mange som har vore delaktige i prosessen, og som fortener ein stor takk.

Takk til alle som har tatt seg tid til å snakke med meg i samband med denne masteroppgåva. Dykkar velvilje har vore avgjerande, og de har lært meg mykje.

Takk til vegleiar Einar Bergsholm for god støtte, engasjement og eit strålande humør.

Takk til pappa, Bjørgulf Ruud, for gode diskusjonar og korrekturlesing.

Takk til Domstoladministrasjonen for økonomisk støtte.

Sist, men ikkje minst, takk til avgangskullet i Eigedom 2016 for fantastiske år. Takk for lange matpauser, godt fagleg samarbeid, utallige kaffikoppar, mykje latter og for at eg kan glede meg til å gå på skulen kvar einaste dag.

Ås, 11. mai 2016

Iselin Groven Ruud

Samandrag

Masteroppgåva omhandlar korleis grunnleggande domstolsprinsipp blir vektlagt i jordskifteretten samanlikna med ordinære domstolar. Bakgrunnen for samanlikninga er at jordskifteretten har ei anna historie og andre fagtradisjonar, samt fleire sjølvprosederande partar.

Hovudproblemstillinga er: *Korleis blir grunnleggande domstolsprinsipp vektlagt i jordskifteretten, samanlikna med ordinære domstolar?* Hovudproblemstillinga blir konkretisert i tre delproblemstillingar: 1) *Kan retten hente inn bevis og gjer dei det i praksis?* 2) *I kor stor grad kan retten legge vekt på den del av eit dokumentbevis som parten ikkje munnleg har trekt fram under hovudforhandling?* 3) *Legg jordskifteretten og ordinære domstolar ulik vekt på forskjellige typar bevis?*

For å svare på problemstillinga har eg snakka med jordskiftedommarar, tingretts- og lagdommarar og advokatar med praksis frå både jordskifteretten og ordinære domstolar om deira synspunkt og erfaringar. Det er vurderingane som ligg bak handhevinga av domstolsprinsippa som er av interesse i denne samanheng, men det har også vore nødvendig å klarlegge dei prosessuelle rammene.

1) *Kan retten hente inn bevis og gjer dei det i praksis?*

Fleire har gjeve uttrykk for at retten ikkje kan hente inn bevis. Eg har tolka svara til at retten i praksis ikkje hentar inn bevis. Det var ikkje noko eintydig skilje mellom jordskifteretten og ordinære domstolar, men dei fleste av intervjupersonane meinte at ordinære domstolar er meir restriktive på dette området enn jordskifteretten. Ingen av dommarane i ordinære domstolar gav uttrykk for at dei hadde henta inn bevis, i motsetnad til enkelte av jordskiftedommarane. Advokatane gav også uttrykk for at jordskifteretten er meir pragmatiske på dette området.

2) I kor stor grad kan retten legge vekt på den del av eit dokumentbevis som parten ikkje munnleg har trekt fram under hovudforhandling?

Det fans ikkje noko klart skilje mellom rettsinstansane i forhold til kva delar av dokumentbeviset dei meinte det var greitt å legge vekt på. Dei fleste meinte heile dokumentet kunne reknast som avgjerdsgrunnlag så lenge det var ført som bevis. Spørsmålet omfattar også kva dommarane meinte var tilstrekkeleg kontradiksjon, og her viste skiljet mellom domstolane seg tydlegare. Dommarane i ordinære domstolar verka meir tilbøyelege til å reassumere saka dersom dei var i tvil om kontradiksjonen var god nok.

3) Legg jordskifteretten og ordinære domstolar ulik vekt på forskjellige typar bevis?

Spørsmålet forsøker å klarlegge om det er hald i ein påstand om at jordskifteretten legg større vekt på dokumentbevis, medan ordinære domstolar legg vekt på munnlege bevis. Intervjurunden gav ikkje eit eintydig svar på dette spørsmålet. Dei fleste intervjupersonane trakk fram at bevisvurderinga vil variere frå sak til sak i kraft av prinsippet om fri bevisvurdering, og var ikkje samd i at rettsinstansane favoriserte ein type bevis. Konfrontera med påstanden var det likevel eit par jordskiftedommarar som meinte det kunne vere slik at jordskiftedommarane heller stolar på dokumentbevis enn parts- og vitneforklaringar. Vidare trakk enkelte dommarar i ordinære domstolar fram betydinga av forklaringer i forbindelse med tolking av dokumentbevis. På tross av dette kom eg til at den svake tendensen ikkje er tilstrekkeleg grunnlag for å seie at det er hald i påstanden.

Abstract

The thesis discusses how basic court principles is emphasized in the land consolidation court compared to ordinary courts. The comparison is based on the fact that the land consolidation court has a different history and other traditions, as well as several self representative parties.

The main research question is: *How are basic court principles emphasized in the land consolidation court compared to ordinary courts?* The problem is manifested in three sub-questions: *1) Can the court provide evidence, and do they in practice? 2) To what extent can the court emphasize the part of a document proof the party have not verbally mentioned at the main hearing? 3) Does the Land Consolidation Court and ordinary courts add more or less emphasis on different types of evidence?*

To answer these issues I've talked to land consolidation judges, district court judges, court of appeal judges and lawyers with practices from both land consolidation court and ordinary courts about their viewpoints and experiences. It's the assessments that underlie the enforcement of court principles that are of interest in this context, but it has also been necessary to clarify the procedural framework.

1) Can the court collect evidence, and do they in practice?

Several have expressed that the court may not collect evidence. My interpretation of the answers is that the court in practice does not collect evidence. There were no clear distinction between land consolidation courts and ordinary courts, but most of the interviewees believed ordinary courts are more restrictive in this area than the land consolidation court. None of the judges in ordinary courts stated that they had collected evidence, unlike some of the judges of the land consolidation court. The lawyers also stated that the land consolidation court is more pragmatic in this area.

2) To what extent can the court emphasize that part of a document proof that the party have not verbally mentioned at the main hearing?

There were no clear distinction between the courts in relation to which parts of the document evidence they thought it was okay to emphasize. Most thought the entire document could be regarded as a decision basis, as long as it was recognized as evidence. The question also includes what the judges considered as sufficient contradiction, and the distinction between the courts were clearer on this matter. The judges in ordinary courts seemed more inclined to reopen the case if they doubted the contradiction were adequate.

3) Does the Land Consolidation Court and ordinary courts add different emphasis on different types of evidence?

The question is attempting to clarify whether or not a claim that the land consolidation law places more emphasis on written evidence than ordinary courts while ordinary courts emphasize oral statements is correct. The interviews did not give a clear answer to this question. Most interviewees highlighted that the assessment of evidence will vary from case to case by virtue of the principle of free evaluation of evidence, and did not agree that the courts favored one type of evidence. Faced with the allegation though, there were a couple of land consolidation judges who thought it could be possible that land consolidation judges rather trust documentary evidence than oral statements from parties and witnesses. Some judges in ordinary courts emphasized the importance of explanations in connection with the interpretation of written evidence. Despite this, I concluded that this weak trend is not sufficient basis for saying that the statement is correct.

Innhald

Forord.....	I
Samandrag.....	II
Abstract.....	IV
Innhald.....	VI
1. Innleiing.....	1
1.1. Kort innføring i oppgåva.....	1
2. Problemstilling.....	4
2.1. Avgrensing av oppgåva.....	4
3. Lov og rett.....	6
3.1. Maktfordelingsprinsippet.....	6
3.2. Formell og materiell sanning.....	7
3.3. Overordna prinsipp.....	8
3.3.1. Kontradiksjon.....	8
3.3.2. Disposisjonsprinsippet.....	9
3.3.3. Forhandlingsprinsippet.....	12
3.3.4. Munnleg og umiddelbar bevisføring.....	12
3.4. Domstolane.....	13
3.4.1. Frå utskiftingsvesen til jordskifterett.....	13
3.4.2. NOU 2002 nr. 09 Jordskifterettens stilling og funksjoner.....	15
3.4.3. Domstolanes kompetanse.....	17
3.4.4. Ny jordskiftelov.....	19
3.4.5. Sjølvprosederande partar og rettens vegleiingsplikt.....	20
3.5. Prosessuelle rammer for føring og vurdering av bevis.....	22
3.5.1. Saksgangen.....	22
3.5.2. Føring av dokumentbevis.....	25
3.5.3. Rettens adgang til å hente inn bevis.....	26
3.5.4. Grunnlaget for avgjerder.....	27
3.5.5. Fri bevisvurdering.....	29

4. Metode.....	30
4.1. Val av metode.....	30
4.2. Val av intervjupersonar	31
4.3. Gjennomføring.....	31
4.4. Etterarbeid og kvalitetssikring.....	33
4.5. Vurdering av metode.....	33
5. Empiri	35
5.1. Utval.....	35
5.2. Anonymitet.....	35
5.3. Om empirien.....	36
5.3.1. Generelt	37
5.3.2. Om partane	41
5.3.3. Om bevisføring.....	46
5.3.4. Om bevisvurdering.....	58
6. Drøfting.....	61
6.1. Om jordskifterettens historie og skilnaden frå ordinære domstolar	61
6.2. Om sjølvprosederande partar	63
6.3. Kan retten hente inn bevis og gjer dei det i praksis?	65
6.4. I kor stor grad kan retten legge vekt den del av eit dokumentbevis som parten ikkje munnleg har trekt fram under hovudforhandling?	70
6.5. Legg jordskifteretten og ordinære domstolar ulik vekt på forskjellige typar bevis?	75
6.6. Korleis blir grunnleggande domstolsprinsipp vektlagt i jordskifteretten samanlikna med ordinære domstolar?	77
6.7. Konklusjon	81
7. Avsluttande refleksjonar	82
7.1. Om framgangsmåten	82
7.2. Om val av tema og det endelege produktet.....	82
Kjelder	84
Vedlegg.....	88

1. Innleiing

Denne masteroppgåva søker å sjå korleis grunnleggande domstolsprinsipp blir vektlagt i jordskifterettane samanlikna ordinære domstolar, og avklare eventuelle skilnadar. Dette blir gjort ved å sjå korleis føring og vurdering av bevis skjer i praksis, ettersom dette er eit område skilnadar kan vise seg. Imidlertid legg dei prosessuelle rammene også føringar for dei avgjerdene som blir tatt, og det er naudsynt å klargjere dei skilnadar som fins på dette området også.

Av spesiell interesse er det faktum at jordskifteretten har ein annan bakgrunn med ulike fagtradisjonar enn ordinære domstolar, og at jordskifteretten har ein høg andel av sjølvprosederande partar. Masteroppgåva vil drøfte korleis dette kan påverke handteringa av bevis i tvistesaker samanlikna med ordinære domstolar. I denne samanheng er det særleg tre spørsmål som vil bli vurderera.

For det fyrste kor langt ein dommar kan strekke seg når det kjem til å legge vekt på den del av eit dokumentbevis som parten ikkje direkte har dokumentera under hovudforhandling. For det andre om retten kan hente inn bevis og om det blir gjort i praksis. For det tredje om jordskifteretten og ordinære domstolar legg ulik vekt på forskjellige typar bevis. Viss ja, kvifor?

1.1. Kort innføring i oppgåva

Etter at Løkenutvalet i 2002 tilrådde at jordskifteretten skulle halde fram med å vere ein domstol, har ein sett ei klar utvikling i domstolsrolla. Det interessante blir i denne samanheng å sjå kor langt denne utviklinga har gått. Korleis blir jordskifteretten prega av dei faktiske skilnadane med ordinære domstolar? Kor mykje heng att av gamle tradisjonar og perspektiv? Ikkje minst korleis klarar jordskifteretten å handheve dei grunnleggande domstolsprinsippa, samanlikna med ordinære domstolar?

Temaet er aktuelt i samband med at den nye jordskiftelova, lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. av 21. juni 2013 nr 100, trådde i kraft 1. januar 2016, som eit resultat av Løkenutvalets utreiing. Formålet med ny jordskiftelov er å klarlegge og forenkla, å gjere lova meir tilgjengeleg. Ikkje bare for dommarar og juristar, men også for folk flest. Dette kjem klart fram av forarbeida til den

nye lova (Prop. 101 L 2012-2013), og er viktig nettopp fordi jordskifteretten har mange sjølvprosederande partar.

Føring og vurdering av bevis har grunnleggande betyding når retten skal ta sine avgjerder. Vurderinga er avhenging av prosessuelle rammer, faktum i saka og den konkrete rettsanvendinga. Som me skal kome nærare inn på er det norske rettssystemet i stor grad partsstyrt i kraft av disposisjonsprinsippet. Partane er ansvarlege for å belyse faktum gjennom si bevisføring etter forhandlingsprinsippet. Korleis bevisføringa skjer i teorien, blir styrt av prosessuelle rammer, men korleis det fungerer i praksis blir påverka av aktørane i saka, fyrst og fremst dommaren.

Det er også rettens oppgåve å avgjere kva slags rettsreglar som skal nyttast på det konkrete faktum. For at retten skal kunne ta stilling til dette må faktum klarleggast gjennom ei vurdering av dei framlagte bevis.

Schei, T. m.fl. definerar bevis som ein *"felles betegnelse på fenomener som er bærere av informasjon i rettsaker, bevismidlene. Disse faller i to hovedkategorier, forklaringer og bevisgjenstander."* (Schei et al. 2013b: 772).

Som me har vore inne på fins det visse skilnadar mellom jordskifteretten som særdomstol og dei ordinære domstolane. Felles for alle instansar er imidlertid at retten *må* ta stilling til kva rettsreglar ein skal nytte. På grunnlag av maktfordelingsprinsippet er det domstolane som i siste ledd har ansvar for lovtolking og konkret bruk av lovane. Dei kan ikkje støtte seg på andre forvaltningsorgan eller myndigheiter, spørje om råd eller bli pålagt ein viss bruk av rettsreglane. Vidare må rettsreglane som blir anvendt vere knytt til det faktum bevisføringa klarlegg.

Dei tankane og vurderingane som ligg bak konkret rettsanvendig er vanskeleg å måle. Drøftinga vil difor basere seg på dei erfaringane jordskifte-, tingretts- og lagdommarar har gjort seg. I tillegg vil eg også snakke med advokatar som har erfaring både frå jordskifteretten og dei ordinære domstolar.

Ettersom partanes framstilling av faktum er grunnlaget for rettens bevisvurdering, og soleis at retten kjem fram til eit formelt rett resultat, er det interessant å sjå korleis retten handterer partanes potensielt manglande evne til å framstille faktum på ein god måte. Her under vil eg klarlegge korleis dommarane meiner dokumentbevis skal først,

altså kva krav ein har til dokumentering. Om retten kan hente inn bevis, og om dei eventuelt gjer det. Ikkje minst kva retten ser som sitt grunnlag for avgjerd, og om dei har preferansar når dei vektlegg bevisa.

Det prosessuelle rammeverket blir fastsett etter gjeldande lovar, men dei erfaringar jordskiftedommarar og juristar måtte ha baserar seg naturlegvis framleis på den gamle jordskiftelova, lov om jordskifte o.a. av 21. desember 1979 nr. 77. Masteroppgåva må difor også klarlegge dei endringar ny jordskiftelov har medført som er av relevans for føring og vurdering av bevis.

2. Problemstilling

Hovudproblemstillinga lyder som følgjer:

Korleis blir grunnleggande domstolsprinsipp vektlagt i jordskifteretten, samanlikna med ordinære domstolar?

Dette er konkretisert gjennom tre delproblemstillingar:

1. Kan retten hente inn bevis og gjer dei det i praksis?
2. I kor stor grad kan retten legge vekt på den del av eit dokumentbevis som parten ikkje munnleg har trekt fram under hovudforhandling?
3. Legg jordskifteretten og ordinære domstolar ulik vekt på forskjellige typar bevis?

2.1. Avgrensing av oppgåva

Domstolsprinsippa som legg føringar for rettens saksbehandling, og som blir drøfta i denne oppgåva er i hovudsak kontradiksjonsprinsippet, disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet, samt prinsippet om eit rett resultat, i den grad det kan kallast eit prinsipp. Prinsippa om munnleg og umiddelbar saksbehandling blir også nemnt, men ikkje drøfta inngåande.

Oppgåva omhandlar saker for retten der det er tvist mellom partane. Dette gjeld i utgangspunktet alle sivile saker for dei ordinære domstolar etter lov om mekling og rettergang i sivile tvister av 17. juni 2005 nr. 90. Det blir sett bort i frå straffesaker. I jordskifteretten er det i hovudsak rettsfastsettande saker etter jordskiftelovas kapittel 4 som er aktuelle. Men det kan også oppstå tvist i rettsendrande saker etter kapittel 3. Etter § 3-13 skal jordskifteretten fastsetje eigedoms- og bruksrettstilhøva slik dei er. Uavhengig av sakstype er det tvisten som er av interesse i denne samanheng, ettersom det er her det fyrst og fremst skjer føring og vurdering av bevis.

Dei ordinære domstolar er avgrensa til bare å behandle saker med tvist, medan jordskifteretten er avgrensa til bare å behandle saker det er positivt bestemt i lov at dei kan behandle (Langbach 2009: 38), også saker utan tvist. Utan ei omfattande drøfting av kva saker jordskifteretten har kompetanse til å behandle, slår me fast at sakene gjeld fast eigedoms rettsforhold. For at dommarane både i ordinære domstolar og

jordskifterett skal ha noko lunde likt utgangspunkt ved vurderinga av sine erfaringar, blir oppgåva avgrensa til å gjelde saker om fast eigedom.

Det blir også sett bort i frå skjønnsaker etter jordskiftelovas kapittel 5.

Når det kjem til føring av bevis og rettens grunnlag for avgjerd er det særleg dokumentbevis som er gjenstand for drøfting i denne masteroppgåva. Årsaka er at føring av parts- og vitneforklaringar som bevis synast mindre komplisert i ljøs av prinsippet om munnleg saksbehandling, og det er klarare kva som kan reknast som rettens avgjerdsgrunnlag. Eg ser også bort frå andre realbevis enn dokument.

3. Lov og rett

For å kunne seie noko om korleis føring og vurdering av bevis fungerer i praksis, må me også ha klart for oss dei reglane, retningslinjene og prinsippa som legg rammene for bevishandteringa. Kva ynskjer me å oppnå ved å fylgje bestemte prosessar? Kva er det ynskjelege utfallet av prosessen, og kva omsyn skal ivaretakast?

3.1. Maktfordelingsprinsippet

Maktfordelingsprinsippet legg til grunn at statsmaktene skal vere delt i ei lovgjevande, ei utøvande og ei dømmende makt. I Noreg har Stortinget den lovgjevande funksjonen, Kongen og regjeringa er utøvande og domstolane er den dømmende makt.

Maktfordelingsprinsippet viser seg ved fleire høve i Kongeriket Noregs Grunnlov av 17. mai 1814, mellom anna i § 88 som slår fast at Høgsterett dømmer i siste instans og i § 90 som gjer klart at Høgsterettsdommar ikkje kan ankast. Grunnlova, og soleis maktfordelingsprinsippet, skal trygge demokratiet, rettsstaten og menneskerettane, jf. Grl. § 2.

Ei slik organisering skal sørge for at samfunnets øvste organ er uavhengige av kvarandre, i den forstand at avgjerdene som blir tatt skal vere sjølvstendige. Stortinget, den lovgjevande makt, er folkevald. Indirekte er det landets innbyggjarar som avgjer kva slags lovar dei skal bli dømt etter. Dommarar derimot, både i dei alminnelege domstolar og jordskifterettar, er embetsmenn og blir utnemnt av Kongen i statsråd etter Grunnlova § 21 jf. lov om domstolene av 13. august 1915 nr. 5 § 55. Dette inneber at dei er verna av Grunnlova mot å bli oppsagt utan rettssak og dom jf. Grl. § 22. Det er svært viktig at dei andre statsmaktene ikkje tek til med dømmende verksemd. Dei avgjerdene som blir tatt av ein domstol skal ikkje kunne overprøvast av eit organ utanfor domstolssystemet. Det er også viktig at ingen skal kunne gje instruksar om korleis dømmende verksemd skal skje. Sjølv om Stortinget utarbeidar lovane domstolane dømmer etter, er tolking av lovane og konkret rettsanvendig opp til domstolane. Domstolane har også, gjennom konstitusjonell sedvanerett, høve til å prøve om ei vedteken lov er i strid med Grunnlova (Lid 1968: 14). Jussen skal ikkje la seg påverke av den til ei kvar tid gjeldande politikk.

"Å utføre dømmende verksemd vil seia å avgjere konkrete rettstvistar mellom rettssubjekt innbyrdes og mellom slike rettssubjekt og offentlege styringsmakter." (Lid 1968: 16).

Særskilt ettersom domstolane skal avgjere spørsmål der offentlege styringsmakter eller forvaltningsorgan kan vere part, er det viktig at maktfordelingsprinsippet fungerer i praksis. Maktfordelingsprinsippet og ein domstol med eige sjølvstende er basen for rettsstaten.

Skilnaden mellom domstolane og forvaltninga, den utøvande makt, kan i mange tilfelle vere uklar. Dette gjeld særleg for jordskifterettane. I hovudsak skil ein domstol og forvaltning ved at domstolane slår fast kva som *er* rett, medan forvaltninga kan *endre* rett. Jordskifteretten har, innanfor lovas rammer, kompetanse til å gjere begge delar.

Medan forvaltninga i stor grad nyttar skjønn i sine avgjerder, sjå eksempelvis lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 § 34 andre ledd, skal domstolane fyrst og fremst slå fast kva som er gjeldande rett gjennom å anvende rettsreglar på eit konkret faktum. Det fins ikkje noko generell føresegn om målet om eit rett resultat i tvistelova, men tvl. § 11-5 (2) viser til at retten skal gje vegleiing som bidreg til at tvisten får ei rett avgjerd ut frå faktiske forhold og aktuelle reglar. Ettersom rettsreglane verken er eller kan vere tilpassa kvar enkelt sak, er ein viss bruk av skjønn nødvendig også innanfor domstolane. Men der forvaltningsvedtak i dei fleste tilfelle kan prøvast på nytt, er ein dom rettsleg bindande for partane i saka. Nettopp difor er det viktig å kome fram til kva som faktisk *er* rett.

3.2. Formell og materiell sanning

Kva som er rett i juridisk samanheng er imidlertid eit tema som kan drøftast. Ein skil gjerne mellom formell og materiell sanning. Materiell sanning er det folk flest oppfattar som verkelegheita, som den reelle sanninga. Formell sanning derimot, er skapt av partane gjennom deira framstilling av faktum, jf. forhandlingsprinsippet. Dette er altså ikkje (nødvendigvis) den fulle og heile sanninga i materiell betyding, ettersom partane i teorien kan legge til eller halde tilbake fragment av si bevisføring som det sjølv passar dei. Formell sanning er slik faktum framstår for retten. *"En "uriktig" dom kan etter dette enten forstås som en dom hvor dommeren har bedømt bevisene feil, eller en dom hvor resultatet er riktig ut fra hva partene har presentert, men feil i forhold til slik det egentlig forholdt seg. I det siste tilfellet er dommen materielt uriktig, men formelt riktig."*

(Robberstad 2013: 12). Det er den formelle sanninga domstolane er nøydd til å forhalde

seg til, men dess nærare den formelle sanninga er den materielle, dess meir rett vil også dommen vere både formelt og materielt.

3.3. Overordna prinsipp

For sikre eit rett resultat, ideelt både formelt og materielt, og ikkje minst for at allmennheita skal ha tiltru til at retten si avgjerd er rett resultat, fins det ei rekke prinsipp domstolane må forhalde seg til i sin praksis. Desse prinsippa er både lovfesta og ulovfesta, men felles for alle er at dei skal sørge for at prosessordninga fungerer optimalt. Michelsen kallar dei rettssikringsgarantiar (Michelsen 1999: 21).

Robberstad hevdar at to prinsipp kan reknast som overordna (Robberstad 2013: 7). Prinsippet om rett resultat har me allereie vore innom, ettersom dette er det overordna målet ved å føre ei sak for retten i utgangspunktet. Det andre prinsippet er kontradiksjon.

3.3.1. Kontradiksjon

Prinsippet om kontradiksjon er i praksis todelt; ikkje bare har partane rett til innsyn i motpartens krav og bevis, dei har også rett til å møte motparten med eigen bevisføring og argumentasjon. Kontradiksjon er altså hovudlinjene for den juridiske prosessen, og prinsippet er lovfesta i tvl. § 1-1 (2) fyrste til tredje strekpunkt samt § 11-1 (3) der det blir slått fast at retten bare kan bygge avgjerdene på eit faktisk grunnlag partane har hatt høve til å uttale seg om. Poenget her er ikkje om parten nyttar informasjonen ho eller han har fått tilgang til, eller om parten uttalar seg, men at han har fått høve til det. Prinsippet kjem også fram av tvl. §§ 5-2 og 5-3, §§ 9-6, 9-14, 12-1 og 13-1. Det presiserast at kontradiksjonsprinsippet gjeld det faktiske grunnlaget, ikkje det rettslege.

Som fylgje av kontradiksjonsprinsippet har partane rett til innsyn i sakas materiale jf. tvl. § 14-1. Dette fylgjer også av § 1-1 (2) andre strekpunkt og § 12-3 (2). Dette er eit viktig prinsipp, ettersom partane for å stille sterkast mogeleg i retten må ha høve til å førebu seg og svare direkte på det motparten hevdar. Av same årsak har ein frist i tvl. § 9-10 om at saksførebuinga skal avsluttast to veker før hovudforhandling, og innan den

tid skal i utgangspunktet alle dokumenta i saka vere sendt inn til retten og gjort tilgjengeleg for alle partar.

Kontradiksjon er også knytt til ei rekke andre prinsipp, mellom anna forhandlingsprinsippet, disposisjonsprinsippet, prinsippa om munnlegheit og umiddelbarheit, partsinnsyn, offentlegheit.

Formålet med prinsippet er å sikre eit rett resultat. Som Robberstad seier, "*holdbarheten av et argument kan først vurderes når det har vært anledning til å imøtegå det. Det samme gjelder verdien av et bevis.*" (Robberstad 2013: 9). I NOU 2002 nr. 9 trekker Løkenutvalet også fram at "*gjennomføringen av det kontradiktoriske prinsipp anses gjennomgående som en vesentlig rettssikkerhetsgaranti.*" (NOU 2002:09: 84). Kontradiksjon er også viktig for å skape tillit til domstolen og rettssystemet. Det å føle at ein har blitt høyrd, og fått gjort sine synspunkt og argument gjeldande kan vere ein verdi i seg sjølv. Dette gjeld særleg for den tapande part. For han eller ho kan det vere avgjerande for opplevinga av rettssaka at dei har hatt høve til å gjere sitt ytste for å støtte opp om si sak.

Brot på kontradiksjonsprinsippet vil i mange tilfelle vere ein saksbehandlingsfeil, sjå for eksempel Rt. 2009 side 1 avsnitt 18 og 19. I spørsmålet om saksbehandlingsfeilen skal få verknad er det avgjerande om feilen har påverka sakas utfall, jf. tvl. § 29-21. Dette blei vurdert av Høgsterett i Rt. 2008 side 708.

3.3.2. Disposisjonsprinsippet

Særleg disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet er relevante i samband med bevisvurdering, då dei er knytt til partanes rolle i prosessen.

Disposisjonsprinsippet kjem til uttrykk i tvl. § 11-2 som gjer klart at retten bare kan avgjere dei krav som er reist i saka. Partane set rammer for kva domstolen kan ta stilling til. "*Enhver bestemmer selv om hun vil gå til sak, hvilke krav som skal fremmes og hvordan de nærmere skal presenteres, med grunnlag, påstand og bevis.*" (Robberstad 2013: 15). Bakgrunnen for prinsippet er at partane utanfor rettens prosessuelle rammer har fri rådigheit over tvistegjenstanden, jf. Kong Christian Den Femtis Norske Lov av 15. april 1687 femte bok, 2. art. "*Når partene står fritt til å gjøre opp seg imellom uten domstolenes*

hjelp, er det også naturlig at de selv definerer innholdet og omfanget av den konflikten domstolene skal løse.” (Schei et al. 2013a: 383).

Prinsippet inneber altså at partane sjølve kan velje å gå til sak, og råde innanfor rettens grenser i dei tilfelle der dei alternativt kunne kome til ei semje gjennom privatrettslege avtaler. Det ein ikkje kan avtale, erklære eller liknande utanfor retten, kan ein heller ikkje råde over i retten. Avgjerande her er om ein har fri rådigheit eller ikkje over bestemte forhold. Eksempelvis kan ein ikkje i ei skilsmisssak erklære med rettsleg verknad at ein er skilt utan nødvendige løyve frå myndigheitene. Derimot kan den eine ektefellen erklære at dei ikkje ynskjer å motta sin andel av felles formue, då dette er noko ein har fri råderett over. Som regel er det offentlege omsyn som avgjer om ei sak er indispositiv, dvs. utan fri råderett. Tvistelova § 11-4 gjer klargjer når partanes råderett er avgrensa. Det understrekast at denne masteroppgåva omhandlar domstolanes behandling av saker med fri rådigheit.

Retten må altså halde seg til partanes krav, og kan ikkje av eige initiativ svare på spørsmål som ikkje er reist av partane, eller som partane har fri råderett til sjølv å avgjere. Øyvind Ravna oppsummerer disposisjonsprinsippet i tre element i sin artikkel om prinsippets plass i jordskiftelova av 2013. *”For det første er det opp til partene å avgjøre om de vil benytte rettsapparatet, dvs. igangsette sak, trekke den og nytte rettsmidler. For det andre innebærer prinsippet at retten må holde seg innenfor de krav og påstander som er gjort til søksmålgjenstand, noe som kan ses på som en naturlig konsekvens av det første elementet. Dette gjelder også i indispositive saker. Rettspraksis og lovgivning viser at prinsippet ikke fullt ut gjelder i slike saker. For det tredje, som er en naturlig følge av det andre element, innebærer disposisjonsprinsippet at den avgjørelse domstolen fatter, må ligge innenfor rammen av de påstander partene har nedlagt”* (Ravna 2015: 121).

I jordskifteretten vil disposisjonsprinsippets stilling vere avhengig av sakstypen. I rettsendrande saker vil retten til ein viss grad kunne fri seg frå disposisjonsprinsippet. Der er det omsynet til ei god løysing for eigedomane som står sterkast. Ettersom eg i denne masteroppgåva ser på rettsfastsettande saker, der disposisjonsprinsippet i utgangspunktet skal gjelde fullt ut, vil eg ikkje greie vidare ut om disposisjonsprinsippet i rettsendrande saker.

Robberstad omtalar disposisjonsprinsippet i praksis, den private partsprosessen, som ein tvekamp der to partar med motstridande interesser kjempar mot kvarandre med alle tillatne hjelpemiddel (Robberstad 1999: 103). Dommaren tek siste avgjerd i saka, men det er partane som etter forhandlingsprinsippet har ansvaret for å gje tilstrekkeleg informasjon til at den rette avgjerda blir tatt. Så sant begge partar trekker fram alt som støttar opp om eiga sak og svekkar motpartens, vil retten i teorien få all relevant informasjon (Robberstad 2013: 16). Motsetnaden til disposisjon og partsprosess er inkvisisjon. Her skal eit organ både opplyse og treffe avgjerd i same sak. Det norske rettssystemet er i stor grad prega av partsstyret og disposisjonsprinsippet, men det har ikkje heilt fridd seg frå inkvisisjonen. Dommarens grad av medverknad kan variere avhengig av sakstypen, involverte partar og ikkje minst offentlege interesser. Eksempelvis kan tvl. § 11-5 om rettens plikt til vegleiing og § 11-6 om aktiv saksstyring medverke til at dommaren får ei større rolle i prosessen. Balansegangen mellom disposisjon og inkvisisjon er sentral i denne masteroppgåva.

Den ideelle situasjonen når retten skal ta si avgjerd, er at saka er fult opplyst på alle område, og at faktum er korrekt og presist framstilt. Men sjølv om partane i teorien er ansvarlege for å gje all relevant informasjon, på tross av at den kan skade deira sak jf. tvl. § 21-4, vil det i praksis ofte ikkje fungere slik. Det er mogeleg å halde tilbake informasjon for eiga vinning.

Likevel vil systemet i teorien fungere så sant begge partar oppfører seg som "den ideelle part", og opplyser saka slik Robberstad nemner. Imidlertid stiller ikkje alltid alle partar likt. Nokon er meir ressurssterke enn andre, har betre økonomi, er meir veltalende og sjølvsikre og har ein betre evne til å tileigne seg og nytte kunnskap. Dessutan kan partane mangle nødvendig informasjon, eller forståing for den informasjonen eller dei bevisa dei har.

I retten skal det ikkje lønne seg å vere ressurssterk. Difor fins det ei rekke verkemiddel som skal ivareta den svake part, mellom anna rettens vegleiingsplikt og høvet til å nytte prosessfullmektig. Særleg i jordskifteretten kan dette vere ei aktuell problemstilling.

3.3.3. Forhandlingsprinsippet

Under disposisjonsprinsippet høyrer det som kan omtalast som forhandlingsmaksimen eller forhandlingsprinsippet, nemleg at partane er ansvarlege for å få saka opplyst og å føre bevis jf. tvl. § 11-2 (2). Det er ikkje retten sitt ansvar å drive detektivarbeid eller leite fram gamle skulddelingar, men dei kan sørgje for bevisføring dersom ikkje partane motsett seg det jf. tvl. § 21-3 (2). Også dette er interessant i samband med den høge andelen av sjølvprosederande partar i jordskifteretten, og deira evne til å føre bevis.

3.3.4. Munnleg og umiddelbar bevisføring

Andre prinsipp som er av interesse i samband med dei prosessuelle rammene rundt bevisvurdering er prinsippa om munnlegheit og umiddelbarheit.

Munnlegheitsprinsippet er lovfesta i tvl. § 9-14, og er hovudregel for føring av bevis i det norske rettssystemet. Årsaka er at det skal vere mogeleg for partar, men også særskilt interesserte, å fylgje med undervegs i rettssaka, etter offentlegheitsprinsippet i dl. § 124. Munnlegheitsprinsippet er knytt opp mot prinsippet om bevisumiddelbarheit, og er også lovfesta i tvl. § 9-14. Prinsippet blir definera i tvl. § 21-9 som at bevisa skal bli ført direkte for den dømmende rett. Dette inneber at part eller vitne sjølve må gje sine utsegn. Om eit vitneutsegn blir lest opp er beviset rett nok munnleg, men ikkje umiddelbart.

Som me allereie har vore inne på er det eit visst spenningsforhold mellom dei ulike prinsippa, dei kan til ein viss grad vere motstridande. Ynsket om at sakene skal få eit materielt rett resultat kombinerast ikkje alltid like godt med disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet, ettersom ein då er avhengig av partanes framstilling av faktum. Disposisjonsprinsippet strir også med prinsippet om aktiv saksstyring etter tvl. § 9-4. Aktiv saksstyring kan mellom anna grunnast i konsentrasjonsprinsippet og proposjonalitetsprinsippet.

3.4. Domstolane

Kva som er dei alminnelege domstolar blir bestemt av dl. § 1 fyrste ledd. Desse er hierarkisk delt i tre nivå, tingrettane, lagmannsrettane og Høgsterett.

Jordskifteretten er ein særdomstol etter dl. § 2 fyrste ledd nr. 1. Domstolova gjeld for dei alminnelege domstolar, og for jordskifteretten så sant ikkje anna er bestemt, jf. § 2 andre ledd. Særdomstolen har undergått store endringar både i utforming og kompetanse dei siste 150 åra.

3.4.1. Frå utskiftingsvesen til jordskifterett

”Etter norsk rettgang står saker som gjeld fast eigedom på mange måtar i ei særstilling” (Lid 1961: 351).

Den fyrste utskiftingslova vart vedteke i 1821, med formål om å gjennomføre såkalla utskiftingar for å betre teigstruktur og legge til rette for meir hensiktsmessig drift av eigedomar (Langnes 2009: 94). Prinsippa for verdi- og kostnadsfordeling og ikkje-tapsgarantien var dei same då som nå. Utskiftingsvesenet var imidlertid avhengige av at skiftet skjedde i minnelegheit, eller ved sorenskrivar og fire skjønnsmenn. Det var ingen krav om at fagfolk skulle gjennomføre utskiftingane, bøndene kunne gjere det seg i mellom. Som resultat vart dei fleste utskiftingane gjort i minnelegheit med partane sjølve som utskiftingsmenn, og kvaliteten på arbeidet blei deretter.

Utskiftingsvesenet vart ikkje oppretta før med utskiftingslova av 1857. Vesenet hadde offentleg tilsette med fagkunnskap og faste, lønna stillingar. Mot fyrste halvdel av 1900-talet fekk utskiftingsvesenet ei fastare organisasjonsform. Det vart også klart at lova av 1857 var for snever, og i 1882 vart ei ny lov vedteken. Utskiftingsvesenet blei til Utskiftingsretten, og lova opna for at retten *”fekk utvida myndigheit til å avgjere omfanget av skiftefeltet, ordne tilhøva til granneeigedom, avløyse bruksrettar og til ordning av fellesbruk der utskifting ikkje kunne gjennomførast.”* (Langnes 2009: 111). Dei kunne altså avgjere tvistar mellom skiftefeltet og naboeigedomen (NOU 2002:09: 15). Om det ikkje var tilfelle allereie frå 1857-lova, er det klart at utskiftingsretten med 1882-lova blei definera som ein særdomstol der utskiftingsformannen var dommar. Med lovendringa av 1934 fekk utskiftingsretten også heimel til å avgjere tvistar om eigedomsgrenser som eigen sak (NOU 2002:09: 16).

Utskiftingsvesenet spela ei viktig rolle i det ein gjerne omtalar som det store hamskiftet i bygde-Noreg, der ein gjekk frå sjølvbergingsjordbruk til produksjon for sal, samtidig som leigending- og husmannsvesenet forsvann. Teigane vart færre og større, noko som opna for nye driftsmetodar. Moderniseringa av jordbruket og stadige landbruksreformer medførte eit auka ynskje om å gjennomføre nye utskiftingar på allereie skifta område. Tidlegare lovar hadde ikkje tatt høgde for dette behovet, og igjen byrja arbeidet med å utarbeide ei ny utskiftingslov. I 1950 vart Lov om jordskifte o. a. vedtatt, og med det vart nemninga utskifting historie. Samtidig endra etaten namn til Jordskifteverket. Med ny lov fekk retten større høve til å gå utanom skiftekravet med omsyn til meir tenlege eigedomstilhøve. Vidare kunne avløyning av bruksrettar skje som eiga sak, og grensegang gjekk frå å gjelde eigedomsgrenser til også å omfatte grenser for alltidvarande bruksrettar. (Langnes 2009: 129)

Den neste store utvidinga av jordskifteverkets kompetanse kom med Lov om jordskifte o.a. av 21. desember 1979, som har vore gjeldande lov fram til årsskiftet 2015/2016. Med den fekk retten høve til å klarleggje gjeldande rettstilhøve gjennom innføringa av rettsutgreiing som ny sakstype, samt halde fleire typar skjønn (Langnes 2009: 130). Lova medførte også ei organisering i nye jordskiftedøme landet over. Rettsutgreiing og grensefastsetjing, som begge fell under rettsfastsettande saker etter jordskiftelova av 2013 kapittel 4, utgjer i dag over halvparten av dei sakene jordskifteretten behandlar (Bjerva et al. 2016: 142)

I 2002 vart namnet endra til Jordskifteretten. Domstolens stilling og funksjon har vorte mykje drøfta, på mange måtar har retten med sine rettsendrande saker hatt preg av å vere eit forvaltningsorgan. Dette var temaet for Løkenutvalets utreiing, som eg greiar ut om i neste delkapittel, 3.4.2.

Med utviklinga frå Utskiftingsvesen til Jordskifterett har også rettens oppgåver endra seg betydeleg. Jordbruk står ikkje lenger i hovudfokus, retten fungerer vel så mykje som ein problemløysar, der handtering av tvistar og tilrettelegging for tenelege eigedomstilhøve av moderne art er vektlagt. Historia viser at ettersom bruken av fast eigedom endrar seg vil det også oppstå nye arbeidsoppgåver for jordskifteretten.

3.4.2. NOU 2002 nr. 09 Jordskifterettens stilling og funksjoner

På bakgrunn av utsegn i NOU 1999 nr. 19 om "Domstolene i samfunnet", vart det i 2000 oppretta eit utval, det såkalla Løkenutvalet, som skulle sjå på Jordskifterettens stilling og funksjonar. Den sentrale oppgåva for dette utvalet var å vurdere jordskifterettens rolle med utgangspunkt i alminnelege domstolsprinsipp, særskilt prinsippet om domstolanes frie og uavhengige stilling. Dette blei gjort gjennom ei vurdering av om jordskifteretten har domstols- eller forvaltningsoppgåver, og rettens tilknytning til andre myndigheiter. Utvalet skulle også greie ut alternative måtar å organisere domstolen på, samt moglegeheitene for å overføre oppgåver frå jordskifteretten til forvaltningsorgan eller ordinære domstolar. (NOU 2002:09: 6)

I tillegg til å vurdere jordskifterettens sjølvstende som domstol i forbindelse med prinsippet om domstolanes uavhengige stilling, drøfta utvalet også jordskifterettens forhold til kontradiksjonsprinsippet, disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet.

"Jordskifterettene har tradisjonelt tatt mer aktivt del i saker enn de alminnelige domstolene. Bakgrunnen for dette er blant annet at partene tradisjonelt har vært selvprosederende. Det er reist spørsmål om jordskifteprosessen kommer i utakt med forhandlingsprinsippet." (NOU 2002:09: 77).

Vurderinga av domstolsprinsippa gjekk fyrst og fremst på korleis den då gjeldande jordskiftelova av 1979 opna for fritak frå desse prinsippa. Eksempelvis at jordskifteretten etter § 88 siste ledd i grensegangssaker kunne rette ut ulaglege grenser når det var landbrukseigedom på minst ei side, sjølv om ingen av partane ynskte det, og slik gjekk i strid med disposisjonsprinsippet. Korleis jordskifteretten heldt seg til domstolsprinsippa i praksis er ikkje inngåande drøfta av utvalet.

"Utvalgets hovedkonklusjon er at ingen av de avgjørelsene jordskifterettene treffer, kan anses som typiske utslag av utøvende myndighet, og at det ikke er betenkelig å legge oppgavene til en særdomstol, så lenge avgjørelsene bare kan overprøves innenfor domstolsystemet. (...) Det er viktig at regelverket synliggjør jordskifterettens uavhengighet og gjør det klart at det kontradiktoriske prinsipp skal etterleves." (NOU 2002:09: 7). *"Etter utvalgets vurderinger er det ikke mulig å inkorporere jordskifteoppgavene i de alminnelige domstolenes virksomhet på grunn av de særlige krav til fagkyndighet som kreves."* (NOU 2002:09: 7)

Utvalet hadde imidlertid dissens når det kom til jordskifterettens framtidige organisasjonsform. Fleirtalet på 10 av 11 medlemmer meinte ein skulle vidareføre domstolsmodellen, medan mindretallet på eit medlem meinte at jordskifterettens oppgåver burde bli overført til eit frittstående forvaltningsorgan (NOU 2002:09: 8).

Dissenterande medlem var i dette tilfellet advokat Olav Brekken. Han er ein av dei eg har intervjuet i samband med denne masteroppgåva. Brekken trakk mellom anna fram som grunnlag for sin dissens at det var uheldig med den doble kompetansen jordskifteretten og ordinære domstolar har i rettsfastsettande saker. Dømmende myndigheit er i utgangspunktet lagt til dei alminnelege domstolar, medan jordskifteretten har, av prosessøkonomiske omsyn, fått sin dømmende myndigheit for å kunne avgjere tvistar i forbindelse med jordskifte. Utgangspunktet er altså at *"jordskifterettens dømmende myndigheit er avledet at rettens primære arbeidsoppgaver, som omfattar omforming av eiendommer og rettigheter (...)"* (NOU 2002:09: 151). Dette, samt at dommarar i jordskifteretten og ordinære domstolar har ulike utdanningsbakgrunn, meinte han var uheldig.

Sjølv om fleirtalet i utvalet meinte det var klart at jordskifteretten skulle halde fram med å vere ein domstol, kom dei med ei rekke forslag som skulle klargjere domstolens rolle som dømmende myndigheit.

Blant desse forslaga var ei omfattande revidering av jordskiftelova av 1979, ettersom ei rekke lovendringar hadde gjort lova usamanhengande, uryddig og lite brukarvenleg. Resultatet av dette arbeidet er jordskiftelova av 2013. Vidare meinte utvalet at jordskifteretten måtte bli underlagt Domstoladministrasjonen, eit frittstående administrasjonsorgan, i staden for Landbruksdepartementet. Dette skjedde i 2006, då jordskifterettane administrativt blei underlagt DA saman med dei ordinære domstolar. For å sikre domstolens sjølvstende tilrådde utvalet også at jordskiftedommarar skulle bli utnemnt som embetsmenn, og få grunnlovsværn i samsvar med Grunnlova § 22, på same måte som dommarar i ordinære domstolar. Det blei dei frå 1. april 2004 (Langbach 2009: 44).

3.4.3. Domstolanes kompetanse

Sivile saker for dei alminnelege domstolane blir regulera av tvistelova. Lova spesifiserar ikkje noko bestemt verkeområde, men jf. lovas formål § 1-1 skal lova legge til rette for ei *"behandling av rettstvister gjennom offentlig rettergang for uavhengige og upartiske domstoler"*. Tvistelova er ein generell lov, den gjeld dersom ikkje andre særlovar, så som jordskiftelova, trer inn.

Både namnet på tvistelova; lov om mekling og rettargang i sivile tvistar, og lovas formålsparagraf viser til at tvistelova gjeld saker med tvist. Etter § 1-1 (1) søker lova å *"legge til rette for en rettferdig, forsvarlig, rask, effektiv og tillitsskapende behandling av rettstvister"*. I dei ordinære domstolane er det altså eit vilkår at det må vere tvist for at saka skal kunne behandlast. Det må vere tale om ei usemje mellom partane, motstridande meiningar og/eller interesser. Desse motstridande interessene må vise seg i ein påstand om kva partane hevdar er rett i det kravet som blir fremma.

Tvistelova § 1-3 (1) viser til at det kan reisast sak for domstolane om eit rettskrav. I dette ligg at kravet som er fremma, tvisten, må kunne avgjerast med rettsreglar. Ei interessekonflikt som ikkje ber preg av å vere ei rettsleg tvist skal ikkje behandlast av domstolane jf. Rt. 2010 s. 880 avsnitt 15 (Schei et al. 2013a: 20). Kravet til rettsleg interesse er ein grunnleggande prosessføresetnad etter tvl. § 1-3 (1). Grensa mellom kva som kan vere gjenstand for søksmål og faktiske forhold kan i mange tilfelle vere uklar, men i hovudsak omhandlar rettskrav rettar og rettsforhold.

For jordskifteretten gjeld nå jordskiftelova av 21. juni 2013. Saksbehandlingsreglane i lovas kapittel 6 viser til at nemnte føresegner i tvistelova gjeld så langt dei høver, sjå § 6-1. Det er i tillegg vist direkte til tvistelova i enkelte av føresegnene i jordskiftelova. I praksis er det slik, i fylgje samtlege av mine intervjuobjekt, at jordskiftelova blir nytta så langt den høver, men dersom det ikkje fins relevante paragrafar som regulerar spørsmålet som er til behandling, blir tvistelova nytta analogt. Dette går også fram av Prop. 101 L side 449. *"Ved tvisteløsning følger saksbehandlingen i hovedsak reglene i tvisteloven"* (Bjerva et al. 2016: 19).

Som nemnt er det positivt bestemt ved lov kva saker jordskifteretten kan behandle. Jordskiftelova § 1-4 viser til kva det kan reisast sak om for jordskifteretten. For rettsfastsettande saker kjem rettens kompetanse fram av jordskiftelova § 4-1 om

rettsutgreiing, og §§ 4-2 og 4-3 om grensefastsetjing. I tillegg gjev § 4-4 heimel til å avgjere tvist om underliggende rettshøve. Det same gjer § 3-13 om fastsetjing av eigedoms og bruksrettstilhøve. I desse sakstypene har altså jordskifteretten og ordinære domstolar overlappende kompetanse. Partane har høve til å velje den domstolen dei ynskjer, og Høgsterett sette i 1959 som føresetnad for eit slikt val at domstolane har *"samme saklige kompetanse for så vidt angår den art saker som valgfriheten gjelder"* (Rt. 1959 side 1059:1061).

I motsetnad til dei ordinære domstolar kan jordskifteretten behandle rettsfastsettande saker etter desse rettsreglane uavhengig av om det er tvist eller ikkje, det er tilstrekkeleg at det er uklare eigedoms- eller rettsforhold. Likevel er det som nemnt dei sakene som *har* tvist som er av interesse i den fylgjande drøftinga.

Rettsfastsettande saker der retten tek stilling til materielle spørsmål skal avgjerast ved dom jamfør § 6-23 fyrste ledd, uavhengig av om saka er reist etter kapittel 3 eller 4, eller om det er tvist. Både rettsutgreiing og grensefastsetjing som eigne saker etter §§ 4-1 og 4-2, og avgjerder om underliggende rettsforhold som det er nødvendig å løyse med omsyn til saka etter §§ 4-4 og 3-13 fell under denne kategorien. (Bjerva et al. 2016: 214)

Etter jordskiftelova av 1979 var det to vilkår for rettens behandling av saker om rettsutgreiing. For det fyrste måtte det vere sameige eller rettsleg grunna sambruk mellom eigedomar, og for det andre måtte det jamfør § 88 bokstav a vere naudsynt å klarlegge eller fastsetje rettsforholda av omsyn til ein rasjonell bruk av området (NOU 2002:09: 34). Det fyrste vilkåret gjeld framleis. Jordskiftelova av 2013 § 4-1 bokstav a og d gjeld sameige, medan § 4-1 bokstav b, c eller e gjeld sambruk mellom eigedomar. Det andre vilkåret er ikkje vidareført i ny jordskiftelov (Bjerva et al. 2016: 143).

I utgangspunktet gjeld dei same rettslege prinsippa for jordskifteretten som for dei ordinære domstolar. Det går fram av jordskiftelova § 6-1 at tvl. § 11-2, der disposisjonsprinsippet er lovfesta, også gjeld for jordskifteretten. Likevel fins det visse unntak. Det er klart at retten kan gå utanfor partanes krav, og dermed disposisjonsprinsippetts rammer, når det kjem til utforming av ei ny jordskifteløysing etter jordskiftelova kapittel 3. Ettersom det er opp til retten å avgjere kva slags verkemiddel som skal nyttast for å bøte på utenelege eigedomstilhøve, samt vurdere om eigedomen lir tap jf. § 3-18.

Korleis jordskifteretten må forhalde seg til disposisjonsprinsippet i rettsfastsettande saker er derimot eit anna spørsmål. Her har det skjedd ei utvikling gjennom åra. Dess større preg jordskifteretten har fått som domstol, dess større vekt har også disposisjonsprinsippet fått. *"Like fullt er det et faktum at jordskiftedomstolene etter 1979-loven (...) ikke var bundet av disposisjonsprinsippet på same måte som de alminnelige domstolene i sivile, dispositive saker."* (Ravna 2015: 123). Fyrst ved endringslov nr. 84/1999 vart det vedtatt at jordskifteretten måtte halde seg innanfor partanes krav ved grensegang, med unntak av saker som omhandla landbrukseigedomar (Ravna 2015: 124). Med 2013-lova synast disposisjonsprinsippet å vere fullstendig innarbeidd for rettsfastsettande saker, i alle fall i lovverket. Ved tvist, og særleg ved ein klar konfliktsituasjon, er dei grunnleggande juridiske prinsippa svært viktig å oppretthalde. Samtidig er det andre omsyn som også må ivaretakast, mellom anna prinsippet om rett resultat og rettens vegleiingsplikt. Det er rettens ansvar å ivareta sjølvprosederande og ressursvake partars interesser. Kvar går grensa mellom domstolsprinsippa og omsynet til partane i praksis?

3.4.4. Ny jordskiftelov

1. januar 2016 trådde den nye jordskiftelova, lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. av 21. juni 2013 nr. 100, i kraft. Den tok over for jordskiftelova av 21. desember 1979 nr. 77.

Saker som allereie var til behandling då ny lov trådde i kraft skal behandlast ferdig etter 1979-lova. Dette inkluderar saker der realitetsbehandlinga har teke til, sjølv om det ikkje er treft vedtak om fremming (Reiten 2015: 110). Dette betyr at den praktiske erfaringa etter ny lov foreløpig er mangelfull.

Formålet med ny lov var å gjere innhaldet lettare tilgjengeleg for folk flest, særskilt med tanke på andelen sjølvprosederande partar i jordskifteretten (Prop. 101 L 2012-2013: 17). Ei viktig endring frå gamal til ny lov er strukturen, og eit tydlegare skilje mellom dei ulike sakstypene jordskifteretten opererer med. Vidare er det mellom anna endringar i rettsmiddelordninga, utdanningskrava til jordskiftedommarar, heimel for avløyning av bruksrettar og skjønn. Men det er endringane i saksbehandlingsreglane som er av særskilt interesse i denne samanheng. I ny lov er desse hovudsakleg samla i

kapittel 6. Føresegnene i tvistelova som gjeld for jordskifteretten blir ramsa opp i § 6-1. Denne lista er utvida i ny lov. Det er også slik at andre føresegner i jordskiftelova viser til føresegner i tvistelova som ikkje er nemnt i § 6-1. Dette er altså ikkje ei uttømmende liste. For eksempel viser jordskiftelovas § 6-15 at reglane om bevis i tvistlovas femte del, kapittel 21 til 28, også gjeld for jordskifteretten i tillegg til jordskiftelovas egne føresegner. Ein del av tvistelovas føresegner er også skrive inn i jordskiftelova.

Jordskiftelovas § 6-14 er imidlertid ei ny føresegn og legg rammene for grunnlaget retten skal basere avgjerdene sine på. Ny lov medfører ikkje store endringar av betydning for føring og vurdering av bevis i jordskifteretten. Dei prosessuelle rammene fylgjer, som tidlegare, i stor grad tvistelova, og saksgangen liknar dei ordinære domstolar. Dette skal eg kome nærare inn på i delkapittel 3.4.5 til 3.5.4.

3.4.5. Sjølvprosederande partar og rettens vegleiingsplikt

Etter tvl. § 3-1 (1) er hovudregel at ein part har rett, men ikkje plikt til å la seg representere av ein prosessfullmektig. Dette gjeld i utgangspunktet i alle rettsinstansar, også Høgsterett. Unntak frå hovudregel er tilfelle der parten ikkje klarar å framstille saka på ein forståeleg måte. Då kan retten pålegge parten å møte med prosessfullmektig, jf. tvl. § 3-2. Jordskiftelova § 6-1 viser til at tvistelovas kap. 3 gjeld for jordskifteretten.

Twistemålsutvalet drøfta i NOU 2001 nr. 32 "Rett på sak" om ein med tvistelova skulle avgrense partanes rett til å føre si eiga sak. Utvalet meinte det skulle tungtvegande grunnar til for å endre på denne retten. Ein parts ynskje om å prosedere eiga sak kan vere grunna i dei kostnadar som vanlegvis er forbunde med å nytte ein advokat, eller at parten meiner han eller ho sjølv er best egna til å føre saka. Det skal mykje til for domstolen å overprøve slike vurderingar. (NOU 2001:32: 665)

Twistemålsutvalet kom altså til at det ikkje var ynskjeleg til å innføre ein generell regel om plikt til å nytte prosessfullmektig. I visse tilfelle vil det derimot være avgjerande at domstolen har høve til å pålegge parten dette, for at sakene skal bli tilstrekkeleg opplyst og partens interesser blir ivaretatt. Regelen om rettens moglegheit til å pålegge parten å bruke prosessfullmektig blei difor vidareført i tvl. § 3-2. (NOU 2001:32: 665)

Med sjølvprosederande partar aukar normalt også behovet for vegleiing frå dommarens side. Ein får eit spenningsforhold mellom partanes sjølvstende i form av disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet, og inkvisisjon som kjem til uttrykk gjennom rettens vegleiingsplikt og aktiv saksstyring. På ei anna side kan rettens vegleiing, som Robberstad påpeikar, bygge bru mellom det utilstrekkelege grunnlag disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet kan medføre, og eit materielt rett resultat (Robberstad 2013: 180).

Rettens vegleiingsplikt er lovfesta i tvl. § 11-5. Etter jordskiftelova § 6-1 gjeld også tvl. kap. 11 for jordskifteretten, men jordskifteretten har i tillegg ei eigen føresegn om rettleiing i jordskiftelova § 6-16. Innhaldet i denne tilsvarar føresegna i tvistelova, og eg tek difor for meg tvistelova i dette tilfellet.

Ein skil vanlegvis mellom prosessuell og materiell vegleiing. Rettens prosessuelle vegleiingsplikt er nedfelt i tvl. § 11-5 (1). Formålet med prosessuell vegleiing er å førebygge og rette opp feil, og går ut på at retten vegleiar om reglar og rutiner for saksbehandlinga og andre formelle forhold som er nødvendige for at partane skal kunne ivareta sine interesser i saka (Schei et al. 2013a: 409). Eller som det blir sagt av Schei et al. *"Hovedformålet er å søke å unngå at partene lider rettstap fordi de ikke innretter seg etter saksbehandlingsregler det ikke er rimelig å kreve at de kjenner."* (Schei et al. 2013a: 409). Den prosessuelle vegleiingsplikta må sjåast i samanheng med rettens plikt til aktiv saksstyring, jf. tvl. § 11-6 og jordskiftelova § 6-6.

Materiell vegleiingsplikt går fram av § 11-5 (2) –(5) og skal bidra til at tvisten får ei rett avgjerd. Denne vegleiingsplikta omfattar sakas innhald, og er ikkje like omfattande som prosessuell vegleiing. Etter tredje ledd skal retten sørge for at tvistesporaålet blir klarlagt. Fjerde og femte ledd viser til kva retten *kan* vegleie om, og begge er aktuelle i samband med bevisføring og dokumentering. Etter fjerde ledd kan retten oppmode parten til å ta standpunkt til faktiske og rettslege spørsmål som synast å vere av betydning for saka. Etter femte ledd kan retten oppmode partane til å tilby bevis. Dette skal eg kome nærare inn på, mellom anna i delkapittel 3.5.2 om føring av dokumentbevis og i drøftinga i kapittel 6.

Sjette og sjuande ledd gjeld både prosessuell og materiell vegleiing. Tvistelova § 11-5 (6) understrekar at retten skal ta særleg omsyn til det behov partar utan prosessfullmektig

har for vegleiing. Dette går også fram av tvl. § 1-1 (1) og (2) femte strekpunkt om at ulikheiter i ressursar hos partane ikkje skal vere avgjerande for sakas utfall. Dette betyr ikkje at partar med advokat *ikkje* har krav på vegleiing. *”Et domstolssystem der partene risikerer materielt uriktige avgjørelser, fordi retten ikke veileder selv om sentrale forhold som den er oppmerksom på, vil fremstå som urimelig og vil løpe en stor risiko for å tape allmennhetens tillit.”* (Bernt & Mykland 2009: 338).

Likevel er det også knytt ein risiko til vegleiingsplikta, særleg den materielle, i tilliten til domstolen og oppfatninga av retten som upartisk. Dersom dommaren tøyar vegleiinga for langt kan han blir oppfatta som inhabil, eller ugild. Dette er ein fin balansegang, og dommaren må i mange tilfelle vege sine ord på gullvekt.

3.5. Prosessuelle rammer for føring og vurdering av bevis

Som eg allereie har vore inne på er dei prosessuelle rammene for føring og vurdering av bevis svært like i rettsfastsettande saker med tvist i jordskifteretten og sivile saker i dei ordinære domstolar. Saksgangen fylgjer i hovudsak det same sporet. Etter jordskiftelova § 6-12 skal hovudforhandlinga i jordskifteretten fylgje tvistelova §§ 9-13 til 9-17. Jordskiftelova har i tillegg eigne føresegner om saksgangen i jordskifteretten, som me skal kome inn på.

3.5.1. Saksgangen

Dersom alle prosessføresetnadar er oppfylt kan ei sak førast for retten. Ettersom sjølvprosederande partars innverknad på prosessen er ein viktig del av denne oppgåva, vil eg kort oppsummere dei prosessuelle rammene for saksgangen.

Saker for ordinære domstolar kan, viss vilkåra etter tvl. § 6-2 er oppfylt, behandlast av forlikrådet. Behandlinga i forlikrådet skal legge til rette for at partane ved mekling eller dom skal få løyst saka på ein enkel, rask og billig måte, jf. tvl. § 6-1. Dersom ein ikkje kjem til et resultat i forlikrådet går saka vidare til tingretten. Saker for jordskifteretten skal ikkje behandlast i forlikrådet fyrst.

Under saksførebuinga blir det stilt krav til stemninga etter tvl. § 9-2, og denne må sidan forkynnast for motparten jf. tvl. § 12-4. Dersom stemninga har manglar skal retten gje

vegleiing og opne for at manglane kan rettast jf. tvl. § 16-5. Stemninga skal innehalde bestemte formalia jf. § 9-2 (2) a og b, kravet og påstanden etter § 9-2 (2) c, det faktiske og rettslege grunnlaget jf. § 9-2 (2) d, bevis jf. § 9-2 (2) e og partens syn på vidare behandling jf. § 9-2 (2) f. Etter § 9-3 skal saksøkte gje tilsvar innan tre veker. Plan for vidare saksgang skal leggst jf. § 9-4, og deretter skal hovudforhandling haldast innan seks månadar etter stemninga, jf. § 9-4 (2) h. Etter § 9-10 skal saksførebuinga avsluttast innan to veker før hovudforhandling, og partane må då ha førebudd eit sluttinnlegg. Etter § 9-16 (1) kan ikkje ein part sette fram nye krav eller påstandsgrunnlag, eller tilby nye bevis dersom motparten motset seg det, etter at saksførebuinga er avslutta. Dette er eit uttrykk for kontradiksjonsprinsippet. Partane skal ha tid til å førebu seg og setje seg inn i motpartens påstandsgrunnlag og bevis i forkant av hovudforhandlinga. I fylgje fleire av intervjupersonane kan dette by på ei utfordring for sjølvprosederande partar. Mange meistrar ikkje å formulere eit sluttinnlegg, og har ikkje forståing for fristane som gjeld. I fylgje ein av lagdommarane i utvalet forsøker norske domstolar å vere pragmatiske på dette området, då ynsket om eit materielt rett resultat står sterkt.

Etter bevisumiddelbarheitsprinsippet skal bevis førast direkte under hovudforhandlinga jf. tvl. § 21-9, men i visse tilfelle kan det likevel vere nødvendig, dersom vilkåra i § 21-11 er oppfylt, å foreta bevisopptak etter tvl. kap. 27.

Twistelovas reglar for hovudforhandling i fyrste instans i kapittel 9 tredje del gjeld i stor grad for behandlinga i lagmannsretten og Høgsterett også. Normalt blir hovudforhandlinga gjennomført på eitt rettsmøte. For at konsentrasjonsprinsippet i tvl. § 9-13 skal bli oppretthalde er det difor viktig at hovudforhandlinga har vorte godt førebudd under dei saksførebuande møta. Hovudforhandlinga skal konsentrere seg om dei spørsmål som er sentrale for å få avgjort kravet (Robberstad 2013: 216). Dei enkelte ledda i hovudforhandlinga går fram av tvl. § 9-15. Retten kan ikkje avgjere kravet før det er halde munnleg hovudforhandling. Når saka er ferdig behandla i hovudforhandling, skal retten erklære at saka blir tatt opp til doms, jf. tvl. § 9-17 (1).

At alle relevante moment blir trekt fram under hovudforhandlinga er difor avgjerande for at retten skal kome fram til rett resultat. Dette legg eit stort press på partar og advokatar, ettersom dei bare har denne eine sjansen til å byggje si sak. Gløymer ein noko er det for seint, det er "nå eller aldri". Unntaket er dersom retten kjem til at det er nødvendig med ytterlegare forhandlingar for å få eit forsvarleg avgjerdsgrunnlag i saka,

eksempelvis at det ikkje har vore tilstrekkeleg kontradiksjon. I slike tilfelle kan retten reassumere forhandlingane jf. tvl. § 9-17 (2). Å reassumere vil seie å ta opp att hovudforhandlinga etter at saka eigentleg er avslutta og tatt opp til doms.

Som nemnt fylgjer jordskifteretten i tvisteløysing i hovudsak same saksgangen som dei ordinære domstolar, og i stor grad ser ein til tvistelova. Jordskiftelova § 6-1 viser til at tvistelovas føresegner §§ 9-10 og 9-13 til 9-17 om hovudforhandling gjeld for jordskifteretten slik det går fram av lov eller så langt dei høver. Denne henvisninga er ny med jordskiftelova av 2013, men i praksis nytta jordskifterettane tvistelovas reglar om hovudforhandling etter 1979-lova også. Sjølv om ny jordskiftelov viser til tvistelova, har den enkelte føresegner om saksgangen som gjeld spesielt for jordskifteretten.

Saksførebuingreglane går fram av jordskiftelova §§ 6-2 til 6-9. Korleis sak skal reisast og kva kravet skal innehalde går fram av § 6-2. Verneting blir omfatta av § 6-3 og § 6-4 gjeld vilkår for å reise sak. Merknadar til kravet blir regulera av § 6-5, og oppfordrar til kontradiksjon. Som nemnt omhandlar § 6-6 aktiv saksstyring, medan § 6-7 gjeld saksførebuing rettsmøte. Slike møte kan nyttast både i jordskifteretten og ordinære domstolar, men blir i fylgje mine intervjupersonar oftare nytta i jordskifteretten. Dette har ein samanheng med at det ofte er fleire partar i jordskifteretten, og at desse i mange tilfelle er sjølvprosederande. I ordinære domstolar nyttar ein seg som regel av planmøte etter tvl. § 9-4, gjerne fjernmøte i form av telefonkontakt med advokatane.

Jordskiftelovas § 6-8 kan samanliknast med tvl. § 9-6, og gjeld partanes merknadar til avgjerder om saksbehandlinga. Den saklege og geografiske avgrensinga av saka går fram av jordskiftelovas § 6-9. I rettsfastsettande saker er det partane som styrer denne avgrensinga i kraft av disposisjonsprinsippet, med utgangspunkt i partanes krav jf. § 6-2.

Jordskiftelova §§ 6-10 til 6-13 omhandlar rettsmøta. I jordskifteretten er det ikkje nødvendigvis slik at ein bare har eit rettsmøte i form av hovudforhandling, sjølv om dette er vanleg i rettsfastsettande saker. Jordskifteretten skal kalle inn partane til rettsmøte med innkallingsfrist på minst to veker jf. § 6-10. Møte og forklaringsplikt blir omfatta av § 6-11, og må sjåast i samanheng med § 6-15 om bevis.

Konsentrasjonsprinsippet kjem til uttrykk i § 6-12 om saksbehandlinga i rettsmøte, og kan samanliknast med tvl. § 9-13 (2). Jordskiftelovas § 9-13 gjeld føring av rettsbok, og føresegna om at partane skal ha tilgang på denne, støttar opp om kontradiksjonsprinsippet.

3.5.2. Føring av dokumentbevis

Når hovudforhandlinga tek til skal den saksøkende part gje eit innleiingsforedrag i tråd med tvl. § 9-15 (2). Dette er ei konsentrera saksframstilling med gjennomgang av dokumentbevis og andre bevis som ikkje skal bli gjeve gjennom forklaringar eller synfaring.

Som nemnt skal alle dokument i saka partane tenker å føre som bevis vere sendt inn innan to veker før hovudforhandling jf. tvl. § 6-10. At dokumenta er sendt inn betyr ikkje at dei automatisk kan reknast som bevis. Alle dokument i saka parten ynskjer å nytte som bevis må førast, jf. tvl. § 9-15 (2).

Reglane om bevis er å finne i tvistelovas femte del, kapittel 21 til 28. Etter jordskiftelova § 6-15 gjeld desse reglane for jordskifteretten også, i tillegg til jordskiftelovas eigen føresegn. Ettersom denne masteroppgåva legg fokus på dokumentbevis og føring av desse, er det særleg tvistelovas kapittel 21, 26 og 27 som er av interesse.

Det skal kort nemnast at partane etter tvl. § 21-3 har rett til å føre dei bevis dei ynskjer, og her kjem disposisjonsprinsippet og kontradiksjonsprinsippet til uttrykk. Unntaka frå hovudregel er §§ 21-7 og 21-8. Bevisa må vere av betydning for den avgjerda retten skal ta, og det må vere proporsjonalitet mellom betydninga av tvisten og bevisføringa.

Forhandlingsprinsippet går fram av § 21-4 som viser til at det er partane som skal sørge for at saka blir rett og fullstendig opplyst. Dei skal tilby dei bevis som er nødvendig for å oppfylle denne plikten. Den allmenne forklarings- og bevisplikta går fram av § 21-5, medan § 26-5 gjeld plikta til å tilby realbevis.

Etter § 21-6 skal parten i bevistilbodet opplyse om kva slags bevis han ynskjer å føre, samt angje nytta av beviset og kva det skal støtte opp under. Dette blir også presisert i tvl. § 26-2 som gjeld føring av dokumentbevis. Der blir det fastsett at dokumentbevis skal førast ved at beviset blir gjennomgått og det som er viktig blir påpeikt. Den konkrete føringa av dokumentbevis omatalast som dokumentering. Etter tvistelovas § 26-2 andre punktum skal gjennomgåinga av dokumentbeviset "*ikke være mer omstendelig enn behovet for forsvarlig bevisføring tilsier.*"

Overgangen frå tvistemålslova av 13. august 1915 nr. 6 til tvistelova medførte at krava til dokumentering, altså opplesing frå dokumentet, ikkje lenger er like omfattande. Der ein etter tvml. § 333 tidlegare las opp heile, eller store delar av dokumentet, er ikkje

dette lenger nødvendig. Endringa er mellom anna grunna i prosessøkonomiske omsyn og proporsjonalitetsprinsippet. *"På den annen siden vil det ikke være i samsvar med reglene at det legges frem en bunke dokumentbevis, som, uten noen som helst påpeking eller gjennomgang, «anses dokumentert». Retten – og ikke minst motparten – skal vite hva parten mener er av betydning i dokumentene."* (NOU 2001:32: 978).

Tvistelova har ikkje noko klart svar på kor mykje av dokumentbeviset som må dokumenterast. Etter forhandlingsprinsippet er det parten som har ansvar for bevisføringa, og det er difor også parten som må vurdere kva som er viktig å påpeike ved dokumentbeviset. Dette kan vere utfordrande for sjølvprosederande partar, og dommarens rolle blir desto viktigare. Reglane om dokumentering bør difor sjåast i samanheng med rettens vegleiingsplikt. Som nemnt kan retten etter § 11-5 (5) oppmode ein part til å tilby bevis. Dette er ein også inne på i forarbeida til den nye jordskiftelova. *"Retten bør også be om partenes standpunkter når den ser det som nærliggende at det kan utledes noe annet av de førte bevisene enn det partene har anført."* (Ot.prp. nr. 51 2004-2005: 407).

3.5.3. Rettens adgang til å hente inn bevis

Både tvistelovas §§ 11-2 (2) andre punktum og 21-3 (2) andre punktum opnar for at retten kan hente inn bevis viss ikkje partane er samde om å motsette seg det. Dette går også fram av jordskiftelovas § 6-15 (4). Eit slikt initiativ er fyrst og fremst aktuelt dersom retten finn saka mangelfullt opplyst (Schei et al. 2013a: 391). Det bør presiserast at dette gjeld dispositive saker, og at føresegnene i utgangspunktet ikkje inneber noko plikt for retten til å føre bevis. I NOU 2001 nr. 32 blir det likevel trekt fram at ein ikkje må lese § 21-3 (2) andre punktum som at retten *aldri* har plikt til å hente inn bevis i dispositive saker. *"En slik plikt vil først og fremst være aktuell i saker som betyr svært mye for parten og hvor parten ikke har ressurser til å ivareta sine interesser på forsvarlig måte."* (NOU 2001:32: 946). Eit eksempel på dette er Rt. 1950 side 981 der lagmannsretten si ordskurd vart oppheva fordi retten ikkje hadde henta inn nødvendig informasjon. Kor lett det er for retten å hente inn beviset, og kor viktig beviset er for partane kan vere avgjerande i vurderinga om retten har gjort ein saksbehandlingsfeil. I Rt. 1990 side 791 blir rettens vegleiingsplikt i forbindelse med framskaffing av bevis tatt opp. I den grad retten har plikt til å hente inn bevis gjeld dette særleg i saker med

sjølvprosedererande partar. Det skal mykje til at retten har ei slik plikt i saker der advokatar representerar partane, jf. Rt. 1993 side 647. (Schei et al. 2013a: 392)

Hovudregel om at retten ikkje kan hente inn bevis dersom partane motsett seg det, blei stramma inn med tvistelova. Etter tvistemålslova fans det eit unntak frå hovudregel som opna for at retten kunne oppnemne sakkunnige etter tvml. § 190 (2), sjølv om ikkje partane ynskte det. Tvistemålsutvalet gjekk i mot ei vidareføring av dette unntaket. Dei meinte at når partane elles har råderett over saka var det ikkje tilstrekkelege grunnar for å kunne påtvinge partane ei bevisføring dei ikkje ynskte (NOU 2001:32: 946). Schei et al. påpeikar dessutan at rettens høve til å avgjere bevisføring etter tvml. § 190 i praksis hadde vore lite nytta, og det er usannsynleg at dette vil endre seg med tvistelova (Schei et al. 2013b: 786). Retten kan etter tvistelova hente inn bevis så sant ikkje samtlege partar tydeleg protesterar.

Dei tilfelle der det likevel kan vere aktuelt å hente inn bevis er saker der rettens grunnlag for avgjerd ikkje er tilstrekkeleg. Av den grunn er det viktig å ha klart for seg kva som reknast som rettens avgjerdsgrunnlag.

3.5.4. Grunnlaget for avgjerder

Tvistelova § 11-1 legg føringar for kva som kan inngå i grunnlaget for rettens avgjerder. I hovudsak er det slik at retten kan bygge sine avgjerder på det som kjem fram av bevisføring og partsinnlegg under hovudforhandling, jf. § 11-1 (1). Dette blir også slått fast i tvl. § 9-9 (1). Hovudforhandlinga skal vere munnleg og bevisføringa umiddelbar etter § 21-9, jf. § 9-14.

Det fins unntak frå denne hovudregelen. Etter tvl. § 9-9 (2) kan også skriftleg behandling vere grunnlag for avgjerd, i dei tilfelle der skriftleg behandling vil vere meir effektiv og prosessøkonomisk og retten samtykker til det. Vidare finn ein unntak i § 9-9 tredje og fjerde ledd, og § 21-2 (3) om vitterlege kjensgjerningar. Eg tek likevel utgangspunkt i hovudregel for rettens avgjerder i vidare utgreiing og drøfting.

Paragraf 11-1 (3) er viktig, då den gjev uttrykk for kontradiksjonsprinsippet, og uttalar at retten ikkje kan byggje avgjerder på eit faktisk grunnlag partane ikkje har hatt oppmoding til å uttale seg om. Tredje ledd viser vidare til at om kontradiksjonen ikkje

har vore tilstrekkeleg må retten reassumere saka etter tvl. § 9-17 (2). Som Schei et al. trekker fram kan det skje at *"retten først under arbeidet med dommen etter hovedforhandlingen blir oppmerksom på behovet for ytterligere bevisføring"* (Schei et al. 2013b: 786).

Etter tvl. § 26-2 kan retten bare byggje si avgjerd på skriftlege bevis som er gjennomgått under hovudforhandling. *"Sakens dokumenter er i det hele irrelevante hvis ikke opplysningene og argumentene fra dem kommer frem under hovedforhandlingen"* (Robberstad 2013: 216).

Når det gjeld parts- og vitneforklaringar som blir gjeve umiddelbart under hovudforhandling synast det klart at desse er ein del av rettens grunnlag for avgjerder, ettersom vilkåra til munnleg og umiddelbar bevisføring er oppfylt. Det er meir problematisk med dokumentbevis.

Dei dokumenta som ligg til saka, og som partane har sendt inn før hovudforhandling, er ikkje å rekne som bevis og kan ikkje nyttast som avgjerdsgrunnlag for retten før dei er dokumentera under hovudforhandling. Slik held ein i hevd prinsippet om ei munnleg saksbehandling.

I hovudsak gjeld nemnte paragrafar i tvistelova for jordskifteretten også. Ny jordskiftelov har i tillegg fått ei eiga føresegn om grunnlaget for rettens avgjerder i § 6-14. Føresegna gjeld alle saker i jordskifteretten, med bakgrunn i at dei ulike sakstypene i jordskifteretten fylgjer ulike saksgangar. Det er for eksempel ofte fleire rettsmøte i rettsendrande saker, og det er ikkje nødvendigvis eit enkeltstående rettsmøte som ber preg av å vere ei hovudforhandling. I rettsfastsettande saker der det derimot er ein klar tvist, vil saksgangen fylgje eit tilnærma identisk løp med sakene i ordinære domstolar. Føresegna omhandlar ikkje korleis dokumentering skal skje og bevis skal førast, men *når* grunnlaget som retten byggjer si avgjerd på kan framstillast. I fylgje Bjerva et al. medfører § 6-14 at jordskifteretten, i rettsendrande saker, står friare enn ordinære domstolar med omsyn til kva dei kan byggje si avgjerd på, for eksempel at jordskifteretten kan legge vekt på alle dokument som er lagt fram i saka, uavhengig av om nokon av partane har trekt dei fram i rettsmøte. Kravet til kontradiksjon gjeld derimot fullt ut, jf. § 6-14 (2), både i rettsendrande og rettsfastsettande saker. Andre ledd tilsvarar soleis tvl. § 11-1 (3). Skoghøy meiner dei bevis som er framlagt i ei

jordskiftesak, ikkje treng å bli gjennomgått i rettsmøte, så sant partane har fått ei reell oppfordring til å uttale seg om bevisa. ”*Det avgjørende er at partene effektivt har fått komme til orde. Jeg antar imidlertid at det i de fleste tilfeller vil være mest praktisk at bevisene gjennomgås i rettsmøte.*” (Skoghøy 2007: 566).

Sjølv om § 6-14 er ei ny føresegn, vil den truleg ikkje medføre store endringar på den praksisen ein har hatt etter jordskiftelova av 1979, og som dei jordskiftedommarane og advokatane eg har snakka med, baserar sine erfaringar på. Føresegna blir ikkje vidare drøfta i denne oppgåva.

3.5.5. Fri bevisvurdering

Rettsens avgjerder skal treffast på grunnlag av prinsippet om fri bevisvurdering, jf. tvl. § 21-2 (1). Prinsippet inneber at det er retten sjølv som avgjer kva vekt dei ulike bevisa skal få. Etter tvl. § 11-2 (2) tredje punktum er retten ikkje bunden av partanes argumentasjon om bevisspørsmål. Derimot må bevisvurderinga basere seg på partanes påstandsgrunnlag, det vil seie dei rettsstiftande faktiske forhold parten bygger påstanden sin på, jf. § 11-2 (1).

Høgsterett har uttalt seg om bevisvurdering i fleire tilfelle, mellom anna om begivenhetsnære bevis, men dette må bli sett på som vegleiande retningslinjer.

Hovudregel for bevisvurdering er at retten etter overvektsprinsippet må byggje på det faktum som verkar mest sannsynleg (Schei et al. 2013b: 777), men det fins ingen føresegner i tvistelova som stiller krav til bevisas verdi eller styrke. Den konkrete bevisvurderinga er det ikkje nødvendig å gå inn på i denne samanheng, ettersom målet med denne masteroppgåva er å greie ut om skilnadar i dommarane sine vurderingar rundt bevisas verdi, og ikkje den faktiske bevisvurderinga.

4. Metode

Metode er ein måte eller eit reiskap for å samle inn data eller empiri for å belyse eit tema. (Dalland 2015: 112). Valet av metode vil variere med den informasjonen ein ynskjer å samle inn.

Denne masteroppgåva søker å avklare korleis rettsreglane som set dei prosessuelle rammene for føring og vurdering av bevis skal tolkast, korleis bruken av rettsreglane utspelar seg i praksis, og verknadane av dei tolkingane som blir gjort. Målet er å skape ei forståing rundt problemstillinga, og dette pregar valet av metode.

Oppgåva er til dels todelt, der den fyste delen består av teori, samt ei avklaring av dei prosessuelle rammene og reglane som gjeld. Denne delen baserar seg på eit studie av lovar, forarbeid, lovkommentarar og litteratur, og vil ikkje bli vidare drøfta i dette kapitlet.

Den andre delen skal ta for seg korleis ting fungerer i praksis. Ikkje bare korleis lovene blir tolka, men også korleis lovene blir anvendt på konkrete situasjonar. Som me har vore inne på kan sjølvprosederande partar by på utfordringar når det gjeld å fylgje prosessen til punkt og prikke. Metodekapitlet vil difor omhandle korleis temaet best kan bli belyst.

4.1.Val av metode

Ved innsamling av data har ein tradisjonelt valet mellom kvantitativ eller kvalitativ metode. Kvantitativ metode eignar seg godt til innsamling av store mengder data, som gjerne er konkrete og let seg talfeste. Spørsmåla eg ynskjer svar på i denne samanheng er derimot lite konkrete. Svara må nødvendigvis basere seg på erfaring og ei oppleving av korleis ein situasjon er og best kan handterast. I denne samanheng vil altså kvalitativ metode egne seg best til innsamling av data.

Ettersom det er dei vurderingane og tankane som ligg bak avgjerdene som er av interesse, har det vore naudsynt å snakke med representantar som har erfaring på dette området. Valet av metode falt difor på intervju.

4.2. Val av intervjupersonar

Det er rettens vurderingar som er gjenstand for undersøking i denne samanheng. Det var difor ynskjeleg å snakke med både dommarar og advokatar om deira erfaring med dommarens rolle.

I og med at eg ynskjer å samanlikne ordinære domstolar med jordskifterettane, har eg vore i kontakt med tingrett- og lagdommarar, jordskiftedommarar og advokatar med erfaring både frå ordinære domstolar og jordskifteretten. Det vart altså gjort eit strategisk val av intervjupersonar (Dalland 2015: 163), basera på kven eg meinte kunne bidra med kunnskap om emnet.

Om lag 13 personar vart kontakta med førespurnad om ei samtale. Nesten samtlege gav positivt svar. I tillegg har også enkelte av desse vidareformidla kontakt med andre som kunne bidra. I alt at det blitt gjennomført 11 intervju, med 15 personar. Nærare bestemt sju jordskiftedommarar fordela på tre jordskifterettar, to tingrettsdommarar frå ulike tingrettar, tre lagdommarar frå same lagmannsrett, men der den eine jobba i jordskifteoverretten før ny jordskiftelov trådde i kraft, samt tre uavhengige advokatar.

4.3. Gjennomføring

Før skrivinga av masteren tok til og intervjupersonar vart kontakta, godkjente Personvernombodet for forskning planen for handtering av personopplysningar (Vedlegg 2).

Fyrste førespurnad om intervju vart sendt ut i januar. Så snart det var avtala møter fekk intervjupersonane tilsendt ein introduksjon til temaet for masteroppgåva, samt ein intervjuguide (Vedlegg 1) som viste kva samtala skulle dreie seg om. Intervjuguiden har blitt endra undervegs i prosessen, ettersom nye spørsmål dukka opp. Den er delt i tre kategoriar med eigne spørsmål retta mot jordskiftedommarar, dommarar i ordinære domstolar og advokatar. Eg valde å sende med spørsmåla i alle kategoriane til alle, slik at intervjupersonane kunne få eit innblikk i kva empirien i sin heilheit ynskjer å avklare. Det vart understreka at intervjuguiden var vegleiande, då eg ynskte at det skulle vere rom for digresjonar undervegs.

Eg har av den grunn, i kontakt med intervjupersonane, bevisst forsøkt å kalle kommunikasjonen me har hatt for "samtaler" i staden for "intervju". Formålet med intervju har vore å lære om emnet, å sjå saka frå ulike perspektiv. Intervjupersonane er alle fagfolk som kan meir om emnet enn meg, og eg ville ikkje risikere å gå glipp av viktige poeng ved å slavisk halde meg til ein intervjuguide som kanskje ikkje tok høgde for alle relevante moment. Intervju kan altså omtalast som uformelle kvalitative intervju som ber preg av *"lite struktur og kan betraktes som en samtale mellom forsker og informant om bestemte temaer. En slik uformell tilnærming tilsier at forskeren kan tilpasse spørsmålene til de temaene informanten bringer opp i løpet av intervjuet. (...) En annen fordel ved en lite strukturert tilnærming er at forskeren kan følge informantens fortelling og utdype de temaene som informanten bringer opp, men som forskeren ikke har tenkt på i forkant."* (Thagaard 1998: 80). Ingen av intervju var identiske, verken i spørsmål eller svar. Ettersom samtalene skreid fram var det naturleg å stille oppfylgningsspørsmål for å utdjupe eit tema eller for å sikre at eg forsto ting rett.

Samtlege intervju har blitt gjennomført der intervjuobjekta sjølv har funne det mest praktisk. Stort sett har dette vore på deira kontor. I mange tilfelle kan lokaliseringa av intervjuet ha mykje å seie for at eit intervjuobjekt skal føle seg trygg på situasjonen, men dette vil særleg gjelde privatpersonar som ikkje er vand med å bli intervju. Eg trur det skal meir til for ein dommar eller ein advokat å bli sett ut av ein student som stiller nokre spørsmål om eit emne dei jobbar med dagleg. Lokalisering av intervju har difor ikkje hatt anna betydning enn at det skal vere praktisk og tidsbesparande for intervjupersonen.

Som nemnt har det blitt gjennomført 11 intervju med totalt 15 intervjupersonar. Det betyr at tre av desse intervju har blitt gjennomført som gruppeintervju, med to eller tre intervjupersonar. Ved to av desse tre intervju var den eine intervjupersonen kontorleiar, og slik overordna den/dei andre intervjupersonane. Dette kan sjølvsgt ha påverka kva intervjupersonane var komfortable med å uttale seg om, då det er mogeleg dei var redde for å seie noko "galt". Eg fekk likevel ikkje inntrykk under intervju at dette var noko problem. Det synest på meg som alle intervjupersonar uttalte seg relativt fritt med tanke på at sjefen var til stades.

Det som derimot kan ha prega intervju er det faktum at eg nytta lydopptak ved 8 av 11 intervju. Alle intervju varte i 1-2 timar, og det kjem fram mykje informasjon og mange

gode formuleringar. Eg valde difor å spørje om bruk av lydopptak var i orden, for å sikre at eg fekk med meg mest mogleg av det som blei sagt. Nokon sa ja utan og nøle, andre samtykka under tvil, og nokon sa nei. I dei tilfelle der intervjupersonen ikkje ynskte at samtala vart tatt opp gjorde eg eigne notat i staden. For min eigen del syns eg det var lettare å vere konsentrert og halde samtala i gang når eg slapp å notere. Men det skal seiast at dei som samtykka til opptak under tvil i nokon tilfelle bar preg av å vere veldig bevisst på opptakaren undervegs i samtala, og det er mogeleg at dei har lagt band på seg og ikkje snakka like fritt som dei elles ville gjort.

4.4. Etterarbeid og kvalitetssikring

I etterkant av intervjuet der det ikkje vart gjort opptak har eg skrive oppsummeringar så fort som råd, basera på eigne notat og det eg sjølv meinte å huske frå intervjuet. Samandraget har så vore sendt til intervjupersonane, og dei har fått lese gjennom og kome med eventuelle merknadar eller tilføyningar. Dette har for så vidt fungert greitt, men eg er klar over at eg ikkje har fått med meg på langt nær alt som vart sagt, og eg har gått glipp av mange gode formuleringar. Eg trur likevel at eg har fått med meg essensen i samtalene.

Lydopptaka som vart gjort ved dei resterande intervjuet har eg transkribert. Transkripsjonane har også blitt sendt til dei aktuelle intervjupersonane, slik at dei har hatt moglegheit til å lese gjennom og kome med merknadar om dei ynskjer det. Sjølve transkriberinga har vore svært tidkrevjande, og heile prosessen med intervju og etterarbeid har tatt over ein månad, og resultert i over hundre sider materiale.

4.5. Vurdering av metode

Det fins naturlegvis meir effektive måtar å samle inn informasjon på, og det er mogeleg at eg av omsyn til tida eg har tilgjengeleg burde vurdert dette nøyare før eg tok til på intervjurundane. Eg fekk også positiv respons frå langt fleire intervjuobjekt enn venta, noko som har resultert i at det blei gjennomført fleire intervju enn det som kanskje hadde vore nødvendig. Likevel ynskjer eg å belyse dette temaet frå fleire ståstader, og for å få tilstrekkeleg bredde i datagrunnlaget har 15 intervjupersonar vore ei bra

mengde. Eg er nøgd med prosessen, og meiner eg har fått ei auka forståing for emnet. Med unntak av tidsbruken har altså metoden fungert svært bra.

5. Empiri

5.1. Utval

Eg har i forbindelse med denne masteroppgåva gjennomført intervju med fagpersonar om temaet for oppgåva. Som tidlegare nemnt ynskjer eg å samanlikne jordskifterettane og ordinære domstolar. Eg har difor gjort eit utval av intervjupersonar som kan gje god bredde i informasjonsgrunnlaget.

Lagmannsretten er representera av fyrstelagmann Dag Bugge Nordén, lagdommar Asbjørn Nes Hansen og jordskiftelagdommar Trond Magne Movik ved Agder lagmannsrett.

Frå tingrettane har eg snakka med sorenskrivar Dag Bjørvik ved Vest-Telemark tingrett, og nyleg pensjonert tingrettsdommar ved Follo tingrett, Tore Hagen.

Jordskifteretten er representera av jordskifterettsleiar Erik Nord og jordskiftedommar Lars Inge Rønholdt ved Nedre Telemark jordskifterett, jordskifterettsleiar Svein Dag Midtsund og jordskiftedommar Gunnar Bjerke Osen ved Øvre Telemark jordskifterett og jordskifterettsleiar Ragnhild Sæhlie Jetlund, jordskiftedommar Frank Rødal og jordskiftedommarfullmektig Ole Jakob Skovli ved Akerhus og Oslo jordskifterett.

Advokatane eg har snakka med blei vald på grunnlag av at dei alle har lang erfaring både frå jordskifteretten og ordinære domstolar. Desse er advokat Olav Felland, advokat Ola Brekken, og nyleg pensjonert advokat Nils Juel.

Både aleine og samla sit desse dommarane og advokatane på mykje erfaring frå det norske rettssystemet, og dei har vore til god hjelp i å klarlegge og opplyse både korleis prosessen skal fungere i teorien, og kva som skjer i praksis.

5.2. Anonymitet

Sjølv om samtalene eg har hatt med intervjupersonane har vore basera på faglege spørsmål, og det ikkje har blitt trekt fram sensitiv informasjon verken om intervjupersonane sjølve eller partar, har eg likevel vald å ikkje knytte utsegn til namn i denne oppgåva. Årsaka er at utsegnene om kva som er eller kunne vore praksis i ytste

konsekvens kan falle under saksbehandlingsfeil. Dessutan har enkelte intervjupersonar uttrykt at dei ville formulere seg på ein "modigare" måte dersom dei fekk vere anonyme.

Intervjupersonane kjem difor til å bli omtalt som tingrettsdommar 1, tingrettsdommar 2, og så vidare. Jordskiftelagdommar Movik blir omtalt som lagdommar, og dommarfullmektig Skovli som jordskiftedommar, ettersom det bare er dei to med desse titlane. Eg tek heller ikkje omsyn til at advokat Juel og tingrettsdommar Hagen nyleg har pensjonert seg, erfaringa dei har er like god.

5.3. Om empirien

Svara eg har fått baserar seg både på kva dommarane sjølv har erfart og kva dei *har* gjort, og kva dei tenker at dei *ville* gjort om dei hadde hamna i ein situasjon der ein måtte ta eit slikt val. Det er ikkje bare kva som blir og ikkje blir gjort i desse tilfella som er av interesse, men også vurderingane som ligg bak.

Intervjuguidane eg har nytta i intervjuar er delt i tema; generelt, om jordskiftelova, om partane, om bevisføring og om bevisvurdering. Spørsmål og tema varierar litt ut frå kven eg har intervjuar, men eg tek utgangspunkt i desse kategoriane når eg går gjennom empirien.

Ettersom eg byrja intervjurunden relativt tidleg i prosessen valde eg å ha med ein del generelle spørsmål for å klarlegge temaet og betre på min manglande kunnskap. Spørsmåla går ikkje utelukkande direkte på problemstillinga, men aukar forståinga for temaet og gjev ein del bakgrunnskunnskap eg meiner er nødvendig for å opplyse problemstillinga på ein god måte.

Informasjonen som kjem fram i dette empirikapittelet er eit utdrag av alle innsamla data. Eg har forsøkt å trekke fram det som er hovudsynspunkta hos intervjupersonane, for å vise dei viktigaste linjene i empirien. Det er difor mykje informasjon og mange utsegn som er utelukka. Av same grunn vil det vere enkelte utsegn og synspunkt som kjem fram i drøftingskapittelet som ikkje nødvendigvis har vore nemnt her. Dette er både for at ikkje empirikapittelet skal blir for omfattande, og for å unngå for mykje gjentakingar. Det er heller ikkje slik at alle intervjupersonar har svara på alle spørsmål.

Informasjonen er omformulera for å gje ein betre flyt i teksten, og det fins få direkte sitat, men uttrykka som er nytta er intervjupersonanes eigne.

5.3.1. Generelt

Er det nokon skilnad på jordskifteretten og ordinære domstolar generelt, og ved behandling av tvistesaker om fast eigedom spesielt?

Dei fleste intervjupersonar nemnte at det er langt fleire sjølvprosederaende partar i jordskifteretten.

Lagdommar nr. 2 meiner at dei sjølvprosederaende partane ein ser i jordskifteretten i større grad er vanlege, oppegåande menneske, samanlikna med dei som vel å vere sjølvprosederaende når saka kjem til lagmannsretten. Han meiner også at jordskifteretten i større grad enn ordinære domstolar arbeider for å klarlegge saka, og er meir aktive i å drive saka fram. Han opnar også for at jordskifteretten, på tross av at disposisjonsprinsippet i utgangspunktet skal gjelde fullt ut i rettsfastsettande saker, kan la seg påverke av at dei også behandlar rettsendraende saker.

Lagdommar nr. 1 trekker fram at det i utgangspunktet ikkje skal vere nokon skilnad på behandling av tvistesaker i jordskifteretten og ordinære domstolar, og dersom begge partar har advokat skal det ikkje spele noko rolle om ein går til den eine eller den andre domstolen. Han meiner også at den største skilnaden mellom domstolane er bruken av ingeniørar i jordskifteretten. Å måle opp grenser eller bruke kart kan vere nyttig under ei sak. Det er heller ikkje noko krav om tvist ved behandling av saker i jordskifteretten, slik det er i ordinære domstolar.

Lagdommar nr. 3 nemner også at det er fleire sjølvprosederaende partar i jordskifteretten, og at det ofte er fleire rettsmøte, særleg i rettsendraende saker.

Tingrettsdommar nr. 1 påpeikar at tvistelova gjeld for alle domstolar og det skal ikkje vere nokon forskjell, men i praksis kan det vere det likevel. Mellom anna er ein nok meir formell i ordinære domstolar enn i jordskifteretten, dette har truleg samanheng med at ein har langt færre sjølvprosederaende partar i ordinære domstolar. Han trur derimot det ikkje er nokon skilnad på jussen, altså resultatet av tvisten.

Jordskiftedommar nr. 6 meiner det har vore ulike grader av presisjon i saksbehandlinga i jordskifteretten gjennom tidene, og han trur framleis det er slik at dommarane i ordinære domstolar er meir rigide enn i jordskifteretten, som ein naturleg konsekvens av at sjølvprosederande partar, som det er fleir av i jordskifteretten, treng omsorg og hjelp.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 trur jordskifteretten har meir kontakt med partane både før og undervegs i prosessen, og det er behov for mykje vegleiing. Av den grunn trur dei at jordskifteretten er gode på nettopp det. Derimot skal dei juridiske rammene for denne vegleiinga skal vere lik både i jordskifteretten og ordinære domstolar. Jordskiftedommar nr. 7 trekker vidare fram at ordinære domstolar også har straffesaker, og desse skal det vere ei strammare ramme rundt. Han tenker at når dommarane går inn i ei straffesak ein dag, og ei sivil sak neste dag, så har dei kanskje lagt til seg ein opptreden som blir lik på begge typer saker.

Jordskiftedommar nr. 3 meiner at jordskifteretten, med dei tekniske hjelpemidla dei har tilgjengeleg, har større sjanse for å kome fram til eit rett resultat, spesielt i grensegangsaker. Han meiner også at rettsmøta i jordskifteretten er meir uformelle og folkelege som resultat av dei mange sjølvprosederande partane.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 peikar på at det fins ein del praktiske skilnadar, og nemner også jordskifterettens tekniske personale som kan ta seg av oppmåling i etterkant av sakene, samt at rammene for rettsmøta er meir uformelle. Det er heller ikkje like mange formalitetar i forkant av saka i jordskifteretten, eksempelvis når påstanden må vere klar. Dessutan er det ikkje krav om tvist.

Advokat nr. 1 meiner det er stor kvalitetsforskjell innanfor jordskifteretten, større enn det ein opplever i ordinære domstolar, og difor er også prosessen meir uforutsigbar. Ein annan skilnad er moglegheita for "one stop shopping", altså at retten både kan fastslå og endre rett, og ikkje minst at jordskifteretten har teknisk kompetanse og apparat til å gjere ein jobb som ordinære domstolar ikkje kan.

Advokat nr. 2 nemner at ein får gjort meir i jordskifteretten i forhold til rettsendring og oppmåling. Han meiner også at jordskifteretten gjerne gjer meir arbeid i forkant av rettsmøte for å setje seg inn i saka. Elles uttrykker han at saksbehandlinga er lik i rettsinstansane, med unntak av at ein har ein meir uformell stil i jordskifteretten.

Advokat nr. 3 hevdar også at jordskifteretten er meir aktive enn ordinære domstolar, både under saksførebuinga og under hovudforhandlinga. Dommarar i ordinære domstolar er passive, og sit å høyrer på, medan jordskiftedommarar vegleiar meir, og kjem med fleire velretta synspunkt.

Oppsummeringsvis trekker altså dei fleste fram den store andelen sjølvprosederande partar, samt at jordskifteretten har teknisk kompetanse og utstyr som er nyttig både undervegs og i etterkant av saka. Dei fleste er samde i at det ikkje skal vere nokon forskjellar på behandling av tvistesaker, men at det kanskje kan vere det i praksis likevel. Potensielt kan skilnaden vise seg i form av at jordskifteretten er meir aktive både i forkant og undervegs i saka av omsyn til vegleiingsplikta og dei sjølvprosederande partane.

Kan du tenke deg at jordskifteretten si historie, som ber preg av å ha oppgåver lik den forvaltninga har, kan påverke rettens vurderingar i saksbehandlinga?

Lagdommar nr. 1 tenker at jordskifteretten er meir fokusera på løysingar, også i tvistesaker. Jordskifteretten har tradisjon som problemløysar gjennom tradisjonelle jordskiftesaker og sin rettsendrande kompetanse, og er vant til å fokusere meir på kva som faktisk er problemet med eigedomane. I dei tilfella jordskifteretten ser ei potensiell løysing på problemet kan dei prøve å få til mekling, fortrinnsvis rettsmekling, men også mekling i rettsmøte for å løyse opp i dette problemet. Han presiserer imidlertid at disposisjonsprinsippet gjeld i slike saker.

Lagdommar nr. 3 er samd i at det kan vere ein samanheng mellom jordskifterettens kompetanse til å behandle rettsendrande saker og at dei er meir løysingsorientert. Lagmannsretten må halde seg til anka, og spelerommet blir mindre, men tingretten er nok også meir forsiktige når det gjeld å sjå løysingar. Det er vanleg å ta stilling til tvisten, ikkje noko ut over det. Risikoen ved å vere løysingsorientert er at partane kan oppfatte rettens opptreden som eit press om ei bestemt løysing.

Jordskiftedommar nr. 3 meiner at det i større grad var slik tidlegare, men at det har skjedd ei gradvis endring etter at eit utval tilrådde at jordskifteretten skulle vere ein

domstol, og ikkje eit forvaltningsorgan. Det er stadig ei bevisstgjerung rundt korrekt saksbehandling og juridiske prinsipp.

Jordskiftedommar nr. 6 hevdar at jordskifteretten prosessuelt har vore gjennom ei forvandling, men at dei framleis er meir pragmatiske i forhold til å hjelpe partane med å opplyse saka.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 er også samde i at det har vore ei bevisstgjerung rundt domstolsrolla, men ein endrar ikkje tradisjonar og rutiner på ein dag. Det kan hende at rettsendranginge saker påverkar innan rettsfastsetting også, ved at ein er meir løysingsorientert. Jordskifteretten har ein meir praktisk måte å gripe an sakene på, og er oppdratt i å tenke heilheitleg. Dette kan vise seg gjennom vegleiing, ettersom domstolen har mykje erfaring med det, og at ein kanskje nyttar meklung i større grad.

Jordskiftedommar nr. 7 trekker også fram at ved ny jordskiftelov har tilknyttinga til tvistelova blitt endå sterkare. Det meiner han gjev ei tryggare ramme og ein betre prosess, men generelt er det framleis ein "lausare snipp" i jordskifteretten.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 meiner retten ikkje blir påverka av nemnde faktorar ved behandlinga av rettsfastsettande saker. Dei påpeikar imidlertid at det har vore eit generasjonsskifte i jordskifteretten. Det kan difor vere lokale forskjellar avhengig av kor lenge ein dommar har jobba, men yngre dommarar er klare på at jordskifteretten er og opererer som ein domstol.

Advokat nr. 1 meiner også at jordskifteretten er innretta på å finne løysingar. Han er skeptisk til jordskifterettens utvikling mot ein tvistedomstol, ettersom ein då går bort i frå det som opphavleg var formålet med jordskifteretten, nemleg jordskifte.

Advokat nr. 2 har også ei oppfatning av at jordskifteretten har fått meir preg av å vere ein domstol.

Samla sett ser altså dei fleste ut til å vere samde i at jordskifteretten har utvikla seg og tydeleggjort rolla som domstol. Likevel meiner fleire at jordskifteretten framleis er meir løysingsorientert enn ordinære domstolar. Det blei påpeikt at det kan vere lokale forskjellar, og at eldre dommarar heng meir att i gamle tradisjonar enn det yngre dommarar gjer.

5.3.2. Om partane

Eg har også spurt mykje om korleis partane, og då særleg sjølvprosederande partar påverkar prosessen, for å kartlegge dei behova og krava ein sjølvprosederande part indirekte stiller til dommarens rolle. Kva er egentleg utfordringa med sjølvprosederande partar? Kva slags omsyn må ein ta og kor langt kan og bør vegleiingsplikta gå?

Korleis påverkar sjølvprosederande partar saksbehandlinga?

Lagdommar nr. 2 trakk fram at sjølvprosederande partar ikkje klarar å framstille saka på ein god måte, og at dei i visse tilfelle ikkje ein gong klarar å oppfylle minstekrava til at ein kan ta anka opp til behandling. Han peikte også på at sakene som regel er større og meir komplekse i lagmannsretten, og at behovet for advokat dermed aukar.

Tingrettsdommar nr. 1 syns det er utfordrande med sjølvprosederande partar, for eksempel når partane undervegs i prosessen forsøker å bli venner med dommaren. Når dommaren undervegs i prosessen tek avgjerder som ikkje er til partens favør kan ein fort få negative reaksjonar. Det slepp ein med advokatar.

Tingrettsdommar nr. 2 viser til at når det ikkje er advokatar til stades, må nokon andre ta den rolla dei elles ville hatt. Dommaren blir, på grunnlag av vegleiingsplikta, nøydd til å gå delvis ut av si rolle.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 meinte sjølvprosederande partar strevar med å beherske prosessen, dei har vanskeleg for å overhalde fristar og sender ikkje inn like mange bevis på førehand.

Jordskiftedommar nr. 6 forklarar at sjølvprosederande partar slit med bevisføring. Enten finn dei ikkje fram til nokon bevis, eller så slenger dei ein haug med dokument til dommaren og gjev uttrykk for at dei forventar at dommaren skal finne løysinga.

Jordskiftedommar nr. 3 fortel at han må førebu seg nøye i forkant av hovudforhandling i dei tilfella det er sjølvprosederande partar. Når ein kjenner til dokumenta i saka på førehand er det lettare å hjelpe partane på rett veg i bevisføringa. Ein slepp å passe på at parten ikkje gløymer noko viktig når dei har advokat.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 peikar på at prosessen blir ryddigare med advokatar til stades. Sjølvprosederande partar handterer i mange tilfelle ikkje prosessen særleg godt, og hovudforhandlinga blir dermed litt friare.

Jordskiftedommar nr. 6 meiner sjølvprosederande gjer det meir arbeidsamt å vere dommar, og ein må nytte mykje tid til å forklare korleis systemet fungerer. Dersom det er kompliserte prosessuelle spørsmål plagar han å ha saksførebuande møte.

Samtlege intervjujupersonar understreka at sjølvprosederande partar er ei utfordring, både for dommarar og advokatar. Rettens vegleiingsplikt er viktig, men det er vanskeleg å vite kor langt ein kan strekke seg utan å bli inhabil. Sjølv om det til tider er naudsynt å vegleie advokatar også, særleg i jordskifteretten, har advokatar stort sett kontroll på prosessen. Dei veit korleis og når ting skal skje, og dei forstår kvifor rammene er som dei er.

Korleis opplever du saker der den eine parten har advokat, medan den andre er sjølvprosederande? Og korleis påverkar det di rolle som dommar?

Samtlege er samde om at det er dei mest utfordrande tilfella. Ein får då ei skeivfordeling av ressursar det er vanskeleg for dommaren å rette opp i. Også advokatane uttrykker at dei føretrekker at motparten også stiller med advokat.

Klarar sjølvprosederande partar å opplyse faktum og det rettslege grunnlaget på ein god måte?

Lagdommar nr. 2 meiner at partane ikkje alltid klarar å opplyse faktum. Enkelte partar er, på grunn av personlege eigenskapar, utilgjengelege for vegleiing. Partane klarar kanskje å gje ei alminneleg skildring av saka, men knyter den ikkje til påstandsgrunnlag eller anførsler. Partane slit også med utforming av prosesskriv, eksempelvis sluttinnlegg etter tvl. § 9-10. Dette skal sendast inn ved avslutta saksførebuing, med påstand, påstandsgrunnlag og rettsreglar parten ynskjer å prosedere på, samt dei bevis han vil føre. Saksførebuinga skal avsluttast to veker før hovudforhandlinga/ankeforhandlinga,

men når partane ikkje klarar å oppfylle krava til sluttinnlegget kan ein heller ikkje ta til med ankeforhandlinga.

Tingrettsdommar nr. 1 fortel av sjølvprosederande partar ofte slit med å opplyse saka på ein god måte, og han påpeikar at det er ikkje for ingenting at ein normalt nyttar advokatar.

Tingrettsdommar nr. 2 seier at det er viktig for dommaren å ligge litt i forkant i dei tilfella der partane er sjølvprosederande. Dommaren bør tenke på kva som kjem til å bli avgjerande i saka, og kva som er viktige bevis for å kunne skrive ein korrekt dom.

Jordskiftedommar nr. 6 fortel om saker der partane er heilt uvitande om rettstilstanden i området, og der dommaren har måtte gå utanfor disposisjonsprinsippet fordi han har innsett at partane ikkje meistrar å opplyse saka på eigenhand. Det har blitt ei vurdering om ein skal finne sanninga, eller bare finne ei avgjerd. Han har då vore klar ovanfor partane på at dei har ansvaret, sjølv om dommaren leitar, og dei kan når som helst seie stopp. Han meiner ein ikkje ville strekt seg så langt i ordinære domstolar, og at dei heller ville sagt til partane at dei får vær så god opplyse saka, og om du ikkje klarar det må du gå til advokat. Han meiner jordskifteretten er meir pragmatisk, og at det inneber både positive og negative forhold. Det har jordskifteretten tradisjon for. Det er ikkje alle partar som ein gong skjønner at dei er i ein rettsinstans når dei er i jordskifteretten.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 trekker fram at det er sjeldan partane ikkje greier å belyse saka på ein tilstrekkeleg måte, men det skjer. Jordskiftedommar nr. 7 meiner det er ei god innleiing til ei forliksforhandling, når grunnlaget for rettens avgjerd er så tynt at det er vanskeleg for retten å avsei ein dom. Jordskiftedommar nr. 2 legg vekt på at dei alltid er opne om det, når avgjerdsgrunnlaget er spinkelt. Dei kan ikkje trylle, og i slike tilfelle blir det i beste fall ei kvalifisera gjetting. Partane har valet mellom å prøve å bli samde seg i mellom, eller at retten tek ei avgjerd basera på det grunnlaget som er tilgjengeleg.

Oppsummeringsvis er dei fleste samde om at partane stort sett klarar å opplyse faktum på ein god måte. Framstillinga er ikkje nødvendigvis særleg strukturera, og ein kan få mykje unødvendig informasjon, men dei har kunnskapen i orden ettersom sakene gjeld deira eigne eigedomar. Det er det rettslege grunnlaget som byr på størst utfordringar, og ikkje minst å sette faktum i samanheng med det.

Opplever du at partane ikkje klarar å leite fram nødvendige bevis for å støtte opp om si sak?

Lagdommar nr. 2 påpeikar at partane ofte slit med dette. Retten kan ikkje føre saka, og veit ikkje kva partane har av bevis. Løysinga for retten er å vegleie ved å oppmode partane til å føre bevis etter tvl. § 11-5, samt å orientere om bevisoppgåver.

Han seier vidare at det kan by på utfordringar at partane ikkje forstår at bevis må førast under hovudforhandling. Dersom partane trekker fram nye bevis etter at fristen er ute, strekker retten seg svært langt ved å jenke det til for at nye bevis også skal kunne leggest til grunn når retten tek si avgjerd. Norske dommarar er ikkje formalistiske, omsynet til eit materielt rett resultat er viktig. Partane skal ikkje lide på grunn av prosessuelle forsømmingar om ein kan unngå det. Dette er ikkje bare av omsyn til partanes tillit til rettssystemet, som fort ville blitt broten dersom parten ikkje får føre eit bevis han meiner er avgjerande på grunn av prosessuelle rammer han uansett ikkje skjønner seg på. Det er også av prosessøkonomisk omsyn. Dersom eit potensielt avgjerande bevis blir avvist, er sjansane større for at parten vil anke saka.

Tingrettsdommar nr. 1 har lite erfaring med at partane ikkje klarar å finne fram til bevis, han meiner det er heller er slik at retten blir dynga ned med dokument, der mykje er irrelevant og det er vanskeleg å finne fram til essensen.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 meiner dette varierar, men generelt er dei dårlegare enn advokatar. Det største problemet er når partane ikkje kan vise til skriftleg dokumentasjon. Fast eigedom har normalt eit målebrev. Retten "veit" at det fins, men parten meistrar ikkje å hente den fram. I slike tilfelle må retten oppmode partane til å hente inn og legge fram relevante bevis, om nødvendig kan ein gje hint til kvar partane kan finne bevisa.

Jordskiftedommar nr. 6 er klar på at sjølvprosederande partar slit med å finne fram til dei bevisa dei treng. Enten leitar dei ikkje fram nokon bevis, elles kjem dei med ei kjempebunke. Det er to sider av same sak, og viser at partane ikkje har forståing. Ofte skjønner ikkje partane at det er deira ansvar å opplyse saka. Då må retten vegleie, mellom anna om kvar det er mogeleg å finne fram til bevis.

Jordskiftedommar nr. 3 opplever av og til at partane finn det utfordrande å oppdrive bevis. Det har hendt at han, når fristen for å legge fram bevis nærmar seg, har ringt til partane for å minne dei på at det snart er hovudforhandling i tvist, og at det ikkje fins noko bevis i saka viss ikkje partane dei legg fram.

Jordskiftedommar nr. 7 peikar på at partane ofte seier at det har bevisa heime, eller kjenner til ting. Det er difor viktig å vegleie partane fram mot hovudforhandling, slik at dei veit når toget går, at det er nå dei må leite og legge fram bevisa. Han meiner at mange partar trur at det er retten som hentar inn bevis, og det er viktig å presisere at det ikkje er slik.

Generelt slit altså sjølvprosederande partar med å leite fram relevante bevis, både fordi dei ikkje forstår at det er partane som sjølve som har ansvar for bevisførsel og fordi dei ikkje veit kvar ein kan finne relevante bevis. Dei fleste dommarane trekker fram at vegleieing er nødvendig.

Opplever du nokon gong at ein part ikkje forstår betydninga eller omfanget av bevisa i saka? Viss ja, korleis handterer du dette?

Spørsmålet gjeld rettens vegleiingsplikt i samband med dokumentering av dokumentbevis.

Lagdommar nr. 1 meiner at ein kan oppleve at partane syns det er vanskeleg å vite kva bevis som er viktige. Dei er ikkje alltid like erfarne i å sjå verdien av bevisa.

Tingrettsdommar nr. 1 opplever det også som vanleg at sjølvprosederande partar ikkje forstår verdien av bevisa. Mangelen på forståing er tydeleg når partane legg ved likt og ulikt i store bunkar, kanskje for å vere på den sikre sida. Det blir ein jobb når ein kjem i retten med munnlege forhandlingar, og må skrelle bort det som er uvesentleg for å få dokumentera det som har betydning.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 opplever det slik at partane ofte legg fram bevis dei trur er til sin favør, men som retten ser klart er til deira disfavør. Det har imidlertid ikkje så stor betydning, det viktigaste er at beviset blir lagt fram og dommaren får sjansen til å vurdere det. Partane er tross alt plikta til å legge fram bevis dei veit er til sin disfavør

også. Dei legg til at det kan tenkast at dei ulike tolkingane av bevis er bakgrunnen for at ein har tvistesaker.

Jordskiftedommar nr. 6 er samd og trekker fram at partane ikkje forstår kva som er rettsstiftande dokument, og kva som ikkje er det. Ein kan handtere deira manglande forståing ved å stille mange opne spørsmål om kva partane meiner beviset betyr. Han konfronterar ikkje partane om at dei tolkar beviset feil, men han kan uttale seg om verdien av ulike bevis under hovudforhandling, så sant ein passar på å ikkje gje indikasjonar på kva som blir resultatet av saka.

Jordskiftedommar nr. 3 seier det hender at partane ikkje forstår betydninga av bevisa i saka. Han har då spurt parten om han ynskjer å nytte bestemte dokument, eksempelvis ei skulddeling. Risikoen er at ein kan ynte frampå om at dokumentet er viktig, men samtidig har begge partar hatt høve til å sjå dokumentet, og det er uheldig for eit rett resultat om den sjølvprosederande parten gløymer noko på grunn av ein stressa situasjon. Då er det betre å hjelpe dei litt på veg.

Også på dette spørsmålet syntes intervjupersonane å vere samde, det skjer ofte at sjølvprosederande partar ikkje forstår betydninga av bevisa. Som løysing på denne problematikken trekker det fleste fram at det er viktig at dommarane er førebudd i forkant av hovudforhandlinga, slik at dei kan løse partane gjennom dokumenteringa.

5.3.3. Om bevisføring

Spørsmåla om bevisføring omhandlar fyrst og fremst korleis retten handterer partanes manglande prosessuelle kompetanse.

Korleis handterer du det, dersom du veit om dokument som kan vere avgjerande i saka, men som parten ikkje har ført som bevis?

Lagdommar nr. 2 forklarar at sjølv om eit dokument er lagt fram under saksførebuinga, og dermed er å finne blant saksdokumenta, kan ein ikkje rekne dokumentet som "ført" før det blir trekt fram som bevis under hovudforhandling og dokumentera på tilstrekkeleg vis. Dommaren kan oppmode parten til å føre beviset ved å dokumentere

det. Her kjem igjen rettens vegleiingsplikt på banen. Dette behovet er særleg vanleg ved sjølvprosederande partar, då desse i mange tilfelle kan ta det for gitt at eit dokument kan leggest vekt på så lenge det er ein del av sakspapira.

Lagdommar nr. 3 seier at dersom dommaren ser at det er delar av eit dokument som er svært sentralt, og at parten av den grunn burde dokumentere akkurat den delen, kan han ymte frampå om det. Gjerne ved å spørje spørsmål om parten ynskjer å dokumentere den delen. Dersom ein dommar spør om slikt, skal det mykje til at parten likevel vel å ikkje dokumentere. Men dette er ikkje eit veldig vanleg problem i lagmannsretten, ettersom partane stort sett har advokat.

Tingrettsdommar nr. 1 seier at om det er advokatar på begge sider, så må det etter forhandlingsprinsippet vere opp til dei kva dei vil legge fram eller dokumentere, det er derfor advokatane er der. Det er mogleg at dei av ein eller annan grunn ikkje ynskjer å vise til eit dokument, sjølv om det skulle ligge til saka. Dersom det er sjølvprosederande partar må dommaren forsøke på ein fin måte å finne fram til det aktuelle dokumentet.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 seier at dommaren ikkje skal gje signal om kva han tenker, men om dokumentet ligg i bunka, bør dommaren oppmode om at beviset blir trekt fram.

Jordskiftedommar nr. 3 forsøker å gå gjennom dokumenta i saka nøye før hovudforhandling, ettersom partane sjeldan har oversikt over bevistilbodet sitt. Då får han oversikt og kan sørge for at dei sjølvprosederande partane ikkje gløymer noko viktig.

Kan retten hente inn bevis, og gjer dei det i praksis?

Eg presiserar at dette gjeld saker med fri rådigheit.

Lagdommar nr. 1 meiner at det ikkje var uvanleg å hente inn bevis i jordskifteretten tidlegare, rundt tidleg 90-tal. Retten bruka opne kjelder, offentlige dokument og liknande. Trur ikkje det er vanleg at jordskifteretten gjer dette lenger i klare tvistesaker. Derimot kan partane få tips om kvar dei kan finne dokument.

Lagdommar nr. 2 er klar på at retten ikkje kan hente inn bevis, med unntak av sakkyndige.

Etter vidare kommunikasjon via e-post har lagdommar nr. 2 gjeve eit nytt svar på dette spørsmålet. Han seier då at retten har formell kompetanse til å innhente bevis i dispositive saker etter tvl. § 11-2 (2) andre punktum og § 21-3 (2) andre punktum. Retten kan imidlertid ikkje hente inn bevis når begge partar motsett seg det. Etter tvistemålslova § 190 gjaldt det unntak for sakkyndige, som retten kunne oppnemne sjølv om begge partar motsett seg det, men dette unntaket er ikkje vidareført. I praksis vil retten vere svært tilbakehalden med å beslutte bevisførsel av eige tiltak.

Lagdommar nr. 3 seier at retten ikkje hentar inn bevis, men kan bygge dommen på vitterlege kjensgjerningar.

Tingrettsdommar nr. 1 meiner det må vere unntaksvis at retten hentar inn bevis. Han har aldri innhenta bevis sjølv, eller opplevd at andre dommarar har gjort det. Etter § 11-5 kan retten oppmode ein part til å tilby bevis, men det blir ikkje det same. Dersom dommaren hentar inn bevis tek han ei rolle han ikkje bør ha.

Tingrettsdommar nr. 2 seier at det ikkje er vanleg at retten hentar inn bevis sjølv. Derimot kan retten be partane om å føre bevis, kalle inn vitne og så vidare. Dersom det er nødvendig med ytterlegare bevisførsel kan retten utsette avslutninga av hovudforhandlinga. Retten hentar aldri inn vitne sjølve, men dei kan derimot få tak i sakkyndige.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 seier at retten i hovudsak ikkje kan innhente bevis, men at det fins unntak. Retten kan spørje partane om dei ynskjer at retten hentar inn gamle jordskiftesaker eller grunnboksblad som er av interesse for begge partane. Dette gjeld ikkje dokument eller flybilete. Retten skal elles ikkje på eige initiativ hente inn bevis. Derimot kan ein hjelpe til etter oppfordring frå partane, om det er klart at retten har betre tilgang på dokumenta.

Jordskiftedommar nr. 6 har erfart tilfelle der retten har henta inn bevis, eksempelvis då han fann ei gamal jordskiftesak i etterkant av hovudforhandling som snudde saka. Då reassumerte han saka, sendte dokumentet til partane og dei skreiv rettsforlik. Han er klar over at dette ikkje er i samsvar med lovteorien, men seier det i nokon tilfelle blir ei

vurdering av kva som veg mest, å finne det rette svaret eller halde seg innanfor disposisjonsprinsippet. Det er vanskeleg å finne det rette svaret om ein blir for rigid i saksbehandlingsreglane. Derimot er det viktig å forklare partane kva som er situasjonen, både prosessuelt og materielt.

Han seier vidare at risikoen ved at retten hentar inn bevis er saksbehandlingsfeil og oppheving. Men dommaren må ha tenkt gjennom dette før han bestemmer seg for å vere aktiv i den prosessen. Ein går mot å finne svaret heile tida, det er det som er stjerna. ”*Det materielt korrekte svaret er det som er målet, og så er saksbehandlingsreglar og prosessreglar det verktøyet ein treng for å kome fram til både rett behandling av spørsmålet og rett svar.*”.

Jordskiftedommar nr. 3 er klar på at retten ikkje kan hente inn bevis, men det var likevel ikkje uvanleg tidlegare. Har aldri henta inn bevis sjølv, men ein må ofte forklare for partane kvifor det er slik. For eksempel kan dommaren bli inhabil viss han hjelper den eine parten meir enn den andre, eller ein kan risikere at parten trur dommaren har leita fram alt, og så har han ikkje det. Eldre jordskiftesaker og anna rettspraksis fell ikkje inn under denne kategorien, det kan retten hente fram. Same med oversiktskart o.l. Dokument og skulddelingar frå tinglysinga og statsarkivet kan retten bare tipse partane om.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 seier at dei fyrst og fremst gjev tips om kvar partane kan finne bevis, men det hender retten hentar inn også. Då avtaler ein med partane at retten skal gjere ein jobb med å skaffe bestemte dokument, til gode for begge partane, eksempelvis gamle kart, ØK, stikklistar, og dokument som Kartverket ikkje låner ut til private. Når dette skjer er det alltid i full forståing med partane.

Advokat nr. 1 seier at, ja, det er heilt kurant om retten hentar inn bevis, så lenge partane er samde om det på førehand. Det gjeld særleg i jordskifteretten der ein har meir teknisk kompetanse og tilgang på materiale som ikkje dei ordinære domstolar har. Det er bra for sakas opplysing om retten hjelper til, så lenge det kontradiktoriske prinsipp blir ivaretatt. Prinsippet gjeld også for ordinære domstolar, sjølv om ikkje dei har same tilgangen på relevante kjelder.

Advokat nr. 2 er samd og seier at, ja, retten har ein plikt til å hente inn bevis. Det skjer særleg i jordskifteretten, men også ordinære domstolar har plikt til dette. Retten

avhører ikkje vitne på eige initiativ, men kan hente inn bevis får offentlege register og liknande.

Advokat nr. 3 meiner at, nei, retten kan ikkje hente inn bevis. Jordskifteretten gjorde det tidlegare, men det skjer mykje mindre nå. Dei ordinære domstolar gjer det i alle fall ikkje.

Under intervjurunden har eg altså fått inntrykk av at dei fleste dommarane ikkje kan hente inn bevis, men at ein del av jordskiftedommarane gjer det likevel. To av advokatane meiner derimot at retten både kan og bør hente inn bevis.

Korleis skal eit dokumentbevis førast? Kor store krav har ein til dokumentering, og korleis fungerer dette i praksis?

Lagdommar nr. 2 fortel at tvl. § 26-2 viser til føring av dokumentbevis. Etter tvistemålslova skulle ein lese opp alle relevante delar av dokumentbeviset. Med tvistelova ynskte ein å gå bort frå denne praksisen.

Ein kan bare nytte bevis som er ført. Med vitne er det greitt, det er vanskelegare med dokumentbevis. Dokumentbevis førast ved at parten trekker fram kva som er relevant i dokumentet, såkalla dokumentering. Når dokumentet er ført, og det er det sjølv om bare enkelte avsnitt er lest opp eller trekt fram, skal heile dokumentet reknast som bevis og kan nyttast som grunnlag for rettens avgjerd. Sjølve dokumenteringa er mindre omfattande etter tvistelova enn den var etter tvistemålslova, då ein skulle lese opp alt som var av interesse i saka. Dette var svært tidkrevjande, og ein har til dels gått bort frå denne metoden.

Lagdommar nr. 3 seier at ein ikkje lenger treng å lese heile dokumentet, det skjedde ei endring her frå tvistemålslova til tvistelova. I lagmannsretten får retten eit dokumentutdrag med alle dokumenta i saka. Desse kan imidlertid ikkje reknast som bevis før dei blir dokumentera under hovudforhandling. I nokon tilfelle prøvar advokatane å få heile dokumentutdraget rekna som ført, utan å trekke fram kva som er av størst betydning, men det blir for enkelt. Minstekravet må vere at ein viser til eit dokument og trekker fram det som særleg skal gjerast gjeldande.

Tingrettsdommar nr. 1 forklarar at det i praksis fungerer slik at ein blir samde om at heile dokumentet kan reknast som dokumentera, men så ber gjerne dommaren parten lese opp det dei meiner er av vesentleg betyding. Ein dokumenterar altså dokumentet ved å lese opp utvalde delar, men ein reknar likevel heile dokumentet som ein del av rettens avgjerdsgrunnlag. Det presiserast at dette må avtalast, ein kan ikkje ta for gitt at heile dokumentet gjeld.

Tingrettsdommar nr. 2 forklarar at det kom ei ny ordning for dokumentering av dokumentbevis med tvistelova. Dokumenta ligg ved saksmappa, og så blir dei avsnitta som skal dokumenterast, som parten ynskjer at retten skal merke seg, lest opp. Det går an å gjere det på ein enklare måte ved å peike på avsnittet og angje hovudinnhaldet i det. Det vanlege er i praksis at ein fylgjer den gamle ordninga, at ein les ord for ord, og så set dommaren ein loddrett strek tvers gjennom teksten eller i marginen, slik at det er tydeleg kva som er lest når han seinare skal skrive dommen. Då kan han gå tilbake og sjå kva som er dokumentera og kva som ikkje er det.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 forklarar at ved korrekt dokumentering skal ein vise til bestemte avsnitt i dokumentet. Retten markerar desse avsnitta, og kan så ikkje legge vekt på det som ikkje er markert i dokumentet når dommen skal skrivast. I praksis er ein ikkje så firkanta, særleg ikkje dersom partane er sjølvprosederande, då tenker ein heller at dei dokumenterar heile dokumentet, og at heile dokumentet reknast som grunnlag når retten skal ta si avgjerd. Dersom begge sider har advokat held ein seg kanskje meir til dei bestemte delane av dokumentet advokatane dokumenterar.

Jordskiftedommar nr. 6 seier at ein ved dokumentering av dokumentbevis går gjennom dei sentrale delane av dokumentet som peikar mot å løyse tvistesporaålet ein har oppe. Nokon er nøye og dokumenterar mykje, medan andre går rett på eksempelvis den grensestrekninga som er til behandling.

I jordskifteretten har ein alltid hatt framlagde dokument opplista, og desse skal dokumenterast i møtet. Men i kva slags grad det skjer, der er nok ikkje jordskifteretten så presis, så lenge dokumenta er framlagt i retten. Dommaren plar å ta seg bryet med å bla gjennom saman med parten, og er med på dokumentasjonen, slik at ein er sikker på at det er nemnt i møtet.

Jordskiftedommar nr. 3 fortel at advokatar er flinke til å lese opp og dokumentere, men sjølvprosederande partar treng vegleiing. Ofte er det dommaren som les opp, fordi partane ikkje vil gjere det sjølve og spør dommaren om dei kan gjere det saman. Då kan dommaren spørje parten kva han meiner er viktig i dokumentet.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 seier at det skjedde ei oppmjuking i krava til dokumentering med overgangen til tvistelova. Tidlegare måtte ein dokumentere direkte, men nå er det meir greitt å vise til dokumentet. Før blei opplesinga veldig langdryg. Nå er det meir at ein poengterar at eit avsnitt er viktig, eller bare viser til dokumentet.

Advokat nr. 1 forklarar at dokumentbevis først ved at ein fortel kva dokumentet er, og les opp det som er av interesse. Høgsterett les aldri andre delar av dokumentet enn det som er dokumentera. Han har ikkje merka nokon forskjell i praksis i overgangen mellom tvistemålslova og tvistelova når det kjem til dokumentering.

Advokat nr. 3 likar å dokumentere heile dokumentet, det er ikkje lett for ein dommar i ettertid å skulle finne ut kva som er avgjerande i eit dokument. Tek ikkje den risikoen å la det vere opp til dommaren. Han meiner prinsipalt at dokumentet er tilstrekkeleg dokumentera når heile dokumentet er gjennomlese, og når dei avsnitt og setningar som er mest aktuelle er presisera. Ved dokumentering må ein legge opp *"bevisføringa slik at ein kanskje må vere endå meir omstendeleg når det er dei ordinære domstolar, fordi dei kan ikkje noko. Kanskje er det fyrste gongen dei har lese gjennom eit grensegangsdokument."* Meiner at den generelle tendensen i tvistelova om at alt skal vere så raskt og effektivt er uheldig. Har hatt saker der ein har tapa eller eventuelt vunne på at retten ikkje har skjønna det som står der, *"og det er ingen tente med, for i utgangspunktet skal det vere slik at fakta skal fram for domstolen, og så er det jussen som styrer resultatet av fakta, og viss dei ikkje skjønner fakta på ein fullgod måte, så kan dei heller ikkje bruke jussen på rett måte."*

Kan retten legge vekt på den del av eit dokumentbevis som ikkje har blitt munnleg trekt fram under hovudforhandling? Med andre ord, kva er rettens grunnlag for avgjerd?

Lagdommar nr. 2 seier altså at når eit dokument er ført, skal heile dokumentet reknast som bevis og kan nyttast som grunnlag for rettens avgjerd.

Lagdommar nr. 1 meiner at dersom parten bare hadde vist til dokumentet under dokumenteringa, slik sjølvprosederande partar ofte gjer, hadde han nok lest dokumentet på eigenhand. Sjølvprosederande partar forstår i mange tilfelle ikkje heilt korleis dokumentering skal skje, og i slike tilfelle må det vere tilstrekkeleg dokumentering at partane har vist til det konkrete dokumentet, sjølv om ikkje spesifikke delar vart trekt fram. Då må dommaren kunne nytte dokumentet som ein del av avgjerdsgrunnlaget.

Problematikken rundt dokumentering er nok vanlegare i jordskifteretten.

Sjølvprosederande partar, og dei er det mange av, kan slite med å forstå dei prosessuelle rammene retten må halde seg innanfor, også når det gjeld dokumentering.

Jordskifteretten må nok i større grad enn ordinære domstolar tilpasse seg dette, det må vere lov å vere litt pragmatisk.

Lagdommar nr. 3 syns det er vanskeleg å svare ja eller nei på om ein kan legge vekt på heile dokumentet. Dommaren kan ta det opp i rettsmøte viss han ser noko som burde blitt dokumentera. Det er verre viss ein oppdagar noko som burde vore dokumentera i etterkant av hovudforhandlinga. Etter ny tvistelov må ein forstå reglane om dokumentering slik at ein i utgangspunktet kan legge vekt på dei delane av eit dokument som ikkje direkte har vore nemnt, men å la eit resultat vere avhengig av noko som ikkje er dokumentera vil han reservere seg mot.

Tingrettsdommar nr. 1 meiner at utgangspunktet er at det bare er det som er dokumentera under munnlege forhandlingar som retten kan byggje si avgjerd på. Men at ein altså, som tidlegare nemnt, kan avtale at heile dokumentet skal vere avgjerdsgrunnlag. Så sant dette er avtala kan retten legge vekt på heile dokumentet, sjølv om ikkje alt er lest opp.

Tingrettsdommar nr. 2 seier at det bare er det som er dokumentera, altså munnleg trekt fram, som kan brukast i dommen. Det andre har ikkje vore undergitt tilstrekkeleg

kontradiksjon. Han seier at partane veit at det dei ikkje dokumenterar, det kan ikkje domstolane legge vekt på.

Jordskiftedommar nr. 6 seier at han alltid vil sikre at heile dokumentet kan nyttast, ved å vere så godt førebudd før møtet at han veit kva som er relevant. Det ville vore absurd om ein ikkje kunne nytte interessante opplysningar i forkant eller etterkan av det parten har trekt fram fordi det ikkje var dokumentera. Det er eit viktig poeng at han er så førebudd at han veit kva som er interessant og ikkje, og det har hendt at sjølv advokatar har dokumentera for lite, og då har han vist til andre sider ved dokumentet som kanskje ikkje har vore framme i møtet.

Jordskiftedommar nr. 3 meiner at retten bare kan bruke det som er dokumentera for retten i avgjerda, altså er det bare det som er munnleg lagt fram under hovudforhandling som er rettens avgjerdsgrunnlag. Men han kan hjelpe partane å få det fram, viss ikkje ville det vore håplaut. Ofte er det same dokument som er relevant for begge partar, det er måten det skal tolkast på som er spørsmålet for dommaren. Ein må kunne hjelpe partane å finne det sentrale i dokumenthaugen deira, og bruke meir tid på det som er relevant. Det er altså viktig for dommaren å vere godt førebudd. Ein kan problematisere at ein skal stille med opne auge og blanke ark, men han meiner likevel at i slike saker er det best å vere kjent med saka på førehand.

Jordskiftedommar nr. 2 forklarar at ein markerar med ulike fargar det som er dokumentera, men det er for å vite kva partane meiner er sentralt. Om ein finn noko anna interessant i dokumentet, og dokumentet er lagt fram og det er vist til det, så har han ikkje noko vanskeleg for å seie at han brukar det. Sjølvprosederande partar er ikkje så flinke til å dokumentere, i nokon tilfelle må kanskje retten lese for dei, og det ville vere dumt å ikkje kunne bruke det som er relevant. Men som regel er det avgrensa kva retten rekk å sette seg inn i ut over det som er dokumentera når det er store mengder dokument.

Jordskiftedommar nr. 7 peikar på at partane heile tida blir oppfordra til å trekke fram og beskrive det dei meiner er viktig. Det er verre om ein får inn ei bunke med dokument og det ikkje blir sagt noko meir. Retten har ikkje høve til lese gjennom alt, og er avhengig av at partane nemner det som er viktig. Men så lenge dokumentet er lagt fram i god tid, og motparten har kunne sjå og vurdere det, då har det kome fram i saka.

Advokat nr. 1 meiner at det går ei klar grense der. Domstolane kan i utgangspunktet legge vekt på heile dokumentet, men det må vere kontradiksjon om det som faktisk blir avgjerdsgrunnlaget. Om domstolane byrjar å legge avgjerande vekt på heilt andre delar av dokumentet enn det som har vore framme under forhandlingane, så kan ein oppnå at det blir eit brot på det kontradiktoriske prinsipp. Då har ikkje partane hatt høve til å uttale seg om det som er avgjerdsgrunnlaget. Det er noko alle domstolane bør vere forsiktige med. Men ein ser eksempel på det, ikkje bare i jordskifterettane, men langt oppover i rekka.

Advokat nr. 2 meiner det ville vore ille viss retten ikkje kan legge vekt på eit avsnitt som inneheld viktige punkt, sjølv om det ikkje er lese opp. Veit konkret at dette har vore gjort ein del gonger.

Advokat nr. 3 trur ikkje dommaren ser på noko anna enn det som faktisk er dokumentera. Men viss det skulle vere tilfelle kan dommaren legge vekt på andre delar av dokumentet. Dei kan legge heile dokumentet til grunn i si avgjerd.

Partane/advokatane vil nok føle seg litt snytt om det blir lagt vekt på noko som ikkje er munnleg trekt fram, og sjansen er stor for at dommaren bommar på fakta, men advokatane aksepterar at det blir gjort. Problemstillinga er nok meir aktuell ved sjølvprosederande partar, men ein har ingen garanti for at advokatane heller tek opp alle sentrale punkt, ein kan godt oversjå ting, og det fins mange måtar å tolke dokument på.

Korleis skal dommaren handtere det dersom han etter avslutta hovudforhandling oppdagar at ein del av det førte dokumentbeviset, som ikkje direkte har vore nemnt, er avgjerande for sakas utfall? Når har det vore tilstrekkeleg kontradiksjon?

Lagdommar nr. 2 seier at sjølv om retten kan legge vekt på heile dokumentbeviset når det er ført, gjeld imidlertid prinsippet om kontradiksjon fullt ut. Dersom parten gjennom dokumenteringa ikkje har vist til ein del av dokumentet som retten ser som avgjerande når dommen skal skrivast, kan dommaren, dersom han meiner kontradiksjonen ikkje har vore tilstrekkeleg, reassumere forhandlingane etter § 9-17 (2).

Etter §11-1 (3) kan ikkje retten bygge si avgjerd på eit faktisk grunnlag, dvs. påstandsgrunnlag og argumentasjon til støtte for påstandsgrunnlag, som partane ikkje har hatt høve til å uttale seg om. Ein kan prøve om det har vore tilstrekkeleg kontradiksjon ved å spørje om dommen og grunnlaget det byggjer på vil kome som ei overrasking på partane.

Lagdommar nr. 3 seier at dersom det er eit sentralt bevis er det vanskeleg å legge vekt på det i avgjerda, viss den aktuelle delen av dokumentet ikkje har blitt trekt fram under dokumenteringa. Skulle beviset vere veldig sentralt kan ein reassumere for å ivareta kontradiksjonen. Dersom beviset ikkje er sentralt i avgjerdsgrunnlaget er det ikkje sikkert det er naudsynt å ta slik eit drastisk steg.

Tingrettsdommar nr. 1 meiner at dersom det skulle dukke opp heilt avgjerande ting, som ikkje har vore behandla eller belyst under rettsmøte, så kunne ein reassumere saka. Han har imidlertid ikkje vore borte i den situasjonen.

Tingrettsdommar nr. 2 seier at retten ikkje kan bygge avgjerdene på faktiske tilhøve partane ikkje har hatt oppmoding til å gje merknadar om. Med andre ord har det bare vore tilstrekkeleg kontradiksjon om det som har blitt direkte dokumentert under hovudforhandling. Er det noko viktig i dokumenta, som ikkje har vore særleg kommentera, bør domstolane sørgje for kontradiksjon før dei bygger dommen på det. Det kan blir gjort i eit rettsmøte eller ved at dommaren skriv til partane og påpeikar det og ber om ein merknad innan ein bestemt dato. Det stiller krav til dommaren at han må vere ekstra påpasseleg med å ivareta kontradiksjonsprinsippet. For å sikre kontradiksjon skal ein, i fylgje forarbeida, oppmode den andre parten om å ta til motmæle, og eventuelt gje utsetting, slik at dei får førebudd seg. Parten skal ikkje bli overrumpla.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 hevdar at retten som regel har sett på førehand at eit avsnitt er av betydning, og spør difor motparten om han har tankar om dokumentet. Ein må då spørje om heile dokumentet, og ikkje bestemte avsnitt for ikkje å vise at avsnittet er viktig. Dersom retten ikkje ser betydinga av den delen av dokumentbeviset som ikkje er direkte omtalt under hovudforhandling før dommen skal skrivast, sit det langt inne å kontakte partane på nytt etter hovudforhandling. Å reassumere saka er svært sjeldan.

Dei meiner at begge partar har hatt høve til å sjå og kommentere dokumentet under hovudforhandlinga, og når denne er over er løpet som regel kjørt.

Jordskiftedommar nr. 6 meiner at så lenge dokumentet er ført som bevis i saka, altså at heile eller delar av det er munnleg trekt fram under dokumenteringa, og partane har hatt høve til å uttale seg om det, er kontradiksjonen tilstrekkeleg. Det er vanleg å sende alle dokument ut til partane i forkant av møta, slik at dei får god tid til undersøke kva som er relevant. Viss han oppdagar noko som er heilt nytt i etterkant er det klart at ein må tenke seg om før ein legg mykje vekt på dette i ein dom. Han har reassumera ved eit tidlegare tilfelle. Det har også skjedd at han har lese eit dokument i etterkant, og tolka det på ein annan måte enn under hovudforhandling. Då har han vald å tolke det slik kan meinte var rett, sjølv om det bare har vore perifert behandla verbalt under rettsmøtet. Han kan sjå fare ved det i forhold til rettssikkerheit og kontradiksjon, men seier at viss han sjølv meiner han har funne fram til sanninga, det som er materielt rett, kan han ikkje oversjå det.

Jordskiftedommar nr. 3 seier at han stort sett held seg til det dei har vore gjennom under hovudforhandlinga. Dersom han skulle komme over noko nytt som kastar heilt om på saka ville han ikkje bruke det i dommen, men han ville kikka i gjennom det som var munnleg trekt fram igjen for å sjå om han hadde misforstått noko eller at det kunne tolkast på ein annan måte. Indirekte ville han altså kunne bruke det. Meiner det er eit vanskeleg spørsmål. Ein ting er at bevisvurderinga blir overprøva i ei anke, noko anna er å få ein saksbehandlingsfeil fordi ein har gått utanom disposisjonsprinsippet. Det er altså disposisjonsprinsippet og kontradiksjonsprinsippet som gjer at ein ikkje skal legge vekt på det. Det er sikkert eit slikt tilfelle der ein burde reassumere saka. Det har han aldri gjort, men tenker at det ikkje skal meir til for å reassumere enn at ein tenker at ein har kome over noko så viktig at det kan tippe resultatet andre vegen. Har aldri vore borte i problemstillinga. Tenker at ordinære domstolar er meir rigide i slike saksbehandlingsreglar enn jordskifteretten.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 meiner at så lenge motparten har kunne sjå, vurdere og kommentere dokumentet er det tilstrekkeleg kontradiksjon. Vrient å skulle ta saka opp att etter hovudforhandling, har aldri gjort det.

Advokat nr. 1 meiner at om kontradiksjonen ikkje er tilstrekkeleg må saka reassumerast.

Advokat nr. 2 ville ikkje lagt så mykje vekt på kontradiksjonsprinsippet i denne samanheng, og meiner det er naturleg å vere litt romsleg. Men det kan gå galt også, jordskifteretten kan for eksempel ikkje fastslå ei grense som er utanfor partanes påstandar.

Advokat nr. 3 tenker at det har vore tilstrekkeleg kontradiksjon så lenge dokumentet er eit bevis i saka. Då har advokatane hatt høve til å ta det med i innleiinga, referere frå det i prosedyren og sannsynlegvis har 99 % av det som er relevant kome fram. Dei siste prosentane må dommaren ha høve til å finne fram til, elles blir prosessen for omstendeleg. Det er vanskelegare om ein part er sjølvprosederande, det er himmelvid skilnad på partane og kor mykje dei kan. Partane har kanskje bare ei oppfatning av at det står noko av interesse for saka i dokumentet, og overlet resten til dommaren. Då blir det nesten ikkje kontradiksjon.

5.3.4. Om bevisvurdering

Finn du ulike typar bevis meir pålitelege eller overbevisande enn andre? Kan det vere hald i utsegnen om at jordskifteretten legge større vekt på skriftlege bevis enn ordinære domstolar, eller at ordinære domstolar legg større vekt på forklaringar enn jordskifteretten?

Lagdommar nr 1 tenker i utgangspunktet at det ikkje er nokon skilnad på bevisvurderinga i ordinære domstolar og jordskifteretten. Fri bevisvurdering er eit viktig poeng. Ein må alltid vekte sakene og bevisa opp mot kvarandre. Ein kan imidlertid stille spørsmål ved om ein del jordskiftedommarar er glade i å tolke slike gamle dokument. Dei gjer det oftare enn dommarar i ordinære domstolar, og får slik meir erfaring. Dette kan gjere at jordskiftedommarar rett og slett er betre på tolking av gamle dokument, og kjenner betre til variasjonane i korleis skulddelingar og grensebeskrivingar blir skrivne.

Lagdommar nr 2 meiner dokumentbevis som utan tvil er ekte er overbevisande, men desse må i mange tilfelle tolkast. Jordskiftesaker og gamle skylddelingar kan vere

vanskeleg. Ein må skilje mellom kor påliteleg eit bevis er og informasjonsverdien det har. Det gjeld vitne også.

Lagdommar nr. 3 trur ikkje det er noko hald i utsegnen, men meiner partanes og eventuelle vitnes forklaringar er viktig, både i seg sjølv, samt at dei kan oppklare kva som er meint med avtaler, då dei seier noko om korleis bruken har vore i området over tid. Gamle dokument held ikkje mål når dei går i strid med den gjengse oppfatning. Domstolane legg avgjerande vekt på oppfatninga generelt, ikkje tolkinga av gamle dokument. Han er samd med lagdommar nr. 1 om at jordskiftedommarar oftare er borte i gamle dokument. Det er ikkje dermed sagt at dei er betre på tolking av slike dokument, men det er ein moglegheit.

Tingrettsdommar nr. 1 seier at det er lett å legge vekt på skriftlege bevis, men gamle skylddelingsforretningar er ofte upålitelege og vanskelege å tolke. Sjølv om dei er skriftlege er dei veldig upresise. Vitneforklaringar kan også vere upålitelege.

Tingrettsdommar nr. 2 trekker fram at bevisvurdering alltid vil vere ei konkret vurdering som ligg til prinsippet om fri bevisvurdering. Det er vanskeleg å seie noko generelt, men partsforklaringar er alltid viktig. Og vitne kan, avhengig av saka vere veldig viktig. Men den menneskelege hukommelse er skrøpeleg, og det er stor usikkerheit knytt til vitnebevis. Dokument kan vere avgjerande ved avtalerett, men dokument må tolkast. Vitneforklaringar kan vere viktige i forståinga av kva som er meint, og korleis skal ein tolke det skrivne ord.

Jordskiftedommar nr. 6 legg vekt på rettsstiftande dokument. Han syns det er vanskeleg å generalisere på kva som veg mest av dokumentbevis og munnlege forklaringar, men trur tendensen er at skriftleg dokumentasjon er viktig i jordskifteretten.

Jordskiftedommar nr. 3 er meir glad i skulddelingar enn vitne. Vitne ber ofte preg av å ha blitt fortalt kva dei skal seie, og slit med å svare på kontrollspørsmål. Meiner jordskifteretten skil seg frå tingrettane ved at dei er meir glade i dokumentbevis. Det kan vere slik at i ordinære domstolar, der ein har straffesaker, må ein handtere mange vitne og får god trening i det, medan jordskifterettane har god trening i å tolke gamle dokument. Men trur nok at vitne er under relativt sikre skulddelingar i rang, også i ordinære domstolar.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 meiner dette er ei konkret vurdering, bevistypene har sine fordelar og ulemper.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 meiner også det er ei samla vurdering. Gode vitne er undervurdert, men mange vitne er veldig dårlege. Alt er viktig.

Advokat nr. 1 meiner at jordskifteretten opptre som landbrukets forlengte arm i mange tilfelle. Usikker på om jordskifteretten kjem til eit rett resultat om saka har eit sterkt juridisk preg. Vurderer val av domstol etter om saka ligg på det rettslege eller faktiske plan. Han har ikkje opplevd nokon generelle skilnader mellom domstolane når det kjem til bevisvurdering, men dei kan nok legge vekt på ulike ting, for eksempel at jordskifteretten er meir opptatt av dei bevisa dei har spesialkompetanse på. Dette har nok ein samanheng med bakgrunn og erfaring. Dei ordinære domstolar er vanskelegare å få med ut på synfaring. Kan ikkje elles sjå nokon skilnader når det kjem til kompetanse i å tolke gamle dokument og liknande. Generelt er dokumenta viktige i slike saker, og parts- og vitneforklaringar har avgrensa vekt, det gjeld uansett domstol.

Advokat nr. 2 kan ikkje seie han har erfaring med slike skilnader mellom domstolane.

Advokat nr. 3 er klar på at det er ein skilnad i bevisvurderinga mellom domstolane, og vel domstol deretter. Vel jordskifteretten om ein har mange gode, gamle dokument. På grunn av jordskifteretten sin kompetanse er det lettare å få gjennomslag med dokument der. Dersom ein har mange vitne er det lurare å gå til ordinære domstolar. Opplever at partar og vitne meir og meir tilpassar sine forklaringar til saka, og at ordinære domstolar har lettare for å tru på dei enn det jordskifteretten har. Han meiner også at jordskifteretten har eit høgare kunnskapsnivå om jordbruksmessige tilhøve, og at ordinære domstolar på sett og vis er lettare å bløffe, ettersom dei ikkje sit på den same bakgrunnskunnskapen om jord- og skogbruk. Han meiner også, av same grunnar, at det er lettare å få gjennomslag for påstand om hevd og alders tids bruk i ordinære domstolar, og dette syns han er uheldig.

6. Drøfting

Formålet med denne masteroppgåva er å samanlikne korleis grunnleggande domstolsprinsipp blir vektlagt i jordskifteretten, samanlikna med ordinære domstolar. Bakgrunnen for problemstillinga er det faktum at jordskifteretten har ei anna historie og fagtradisjon enn ordinære domstolar, samt at langt fleire partar vel å vere sjølvprosederende i jordskifteretten.

Eg vil forsøke å svare på hovudproblemstillinga gjennom tre delspørsmål som alle omhandlar rettens handtering av bevis, nærare bestemt korleis føring og vurdering av bevis skjer. Korleis retten handterer bevisa i praksis, og ikkje minst dei vurderingane som blir gjort, kan fortelje mykje om forholdet til domstolsprinsippa. Likevel vil eg fyrst oppsummere og drøfte korleis intervjupersonane meiner sjølvprosederende partar og jordskifterettens historie kan påverke prosessen.

Dette kapittelet er både ei oppsummering av kapittel 5 og eigen drøfting. Som nemnt trekker eg inn enkelte sitat og ytringar som ikkje nødvendigvis har vore nemnt i kapittel 5.

Dersom eg kjem til at det er ein skilnad mellom domstolane, vil eg også drøfte kvifor det er slik, og kva for verknadar det potensielt kan få.

6.1. Om jordskifterettens historie og skilnaden frå ordinære domstolar

Ut frå den kunnskapen eg hadde frå før, og den informasjonen eg har fått gjennom intervjurunden, synast det klart at jordskifteretten har vore under utvikling i dei seinare år. Jordskifteretten har naturlegvis utvikla seg gjennom alle år, slik det kjem fram av delkapittel 3.4.1. om domstolens historie, men dei siste åra har jordskifteretten gjort eit hopp i retning av å bli ein tydelegare tvistedomstol. Løkenutvalets forslag til tiltak har truleg påskynda denne gangen.

Sjølv om Løkenutvalet kom til at dei oppgåvene jordskifteretten har høyrer inn under ein domstol, og ikkje under forvaltninga, er det ein grunn til at det har oppstått diskusjon rundt emnet. Sevatdal og Wannebo omtalar poengteringa av forholdet mellom domstol og forvaltning som ei meir eller mindre konstant tilstadesverande problemstilling i jordskiftarbeidet (Sevatdal & Wannebo 2007: 392).

Samtlege eg har snakka med i forbindelse med denne masteroppgåva synast å vere samd i at jordskifteretten har utvikla seg mot "(...) *en mer "ren" særdomstol på linje med de ordinære domstolene (...)*" (Sevatdal & Wannebo 2007: 392) , sjølv om ikkje alle nødvendigvis meinte utviklinga har gått like langt eller like fort. Intervjupersonane er også samde om at dei prosessuelle rammene for tvistebehandling er tilnærma identiske i jordskifteretten og ordinære domstolar. Det skal i teorien ikkje vere nokon skilnadar. Spørsmålet blir i denne samanheng om noko likevel heng att av jordskifterettens gamle tradisjonar ved behandling av tvistesaker. Her har det vore noko usemje mellom dei eg har prata med.

Jordskiftedommarane ved ein av jordskifterettane eg har besøkt stilte seg bort i mot uforståande til spørsmålet om jordskifterettens historie, med oppgåver lik den forvaltninga har, på nokon måte kan påverke rettens vurderingar i saksbehandlinga av tvistesaker. Dei meinte jordskifteretten i slike saker må halde seg innanfor dei same prosessuelle rammene som ordinære domstolar, og at behandlinga difor vil vere lik. Derimot opna dei for at det kunne vere lokale skilnadar basera på alderen til dei ulike dommarane. Det har vore eit generasjonsskifte blant jordskiftedommarane, og for yngre dommarar er det heilt klart at jordskifteretten er og opererar som ein domstol, meinte dei.

Andre dommarar, både i jordskifteretten og ordinære domstolar har trekt fram at jordskiftedommarar synast å vere noko meir løysingsorientera, også ved behandling av tvistesaker. Tvistar om fast eigedom oppstår gjerne når partane opplever ein mangel eller eit problem ved eigedomen, for eksempel usemje om vegrett eller båt plass. Ettersom jordskifteretten opphavleg hadde som funksjon å bøte på utenlege eigedomsforhold, og framleis behandlar rettsendrande saker, er det mogeleg at dommarar i jordskifteretten er vant til fyrst og fremst å fokusere på problemet ved eigedomen framfor tvisten. Dette kan vere positivt i den forstand at det som regel er problemet som førte til at tvisten oppsto i utgangspunktet. Om det er mogeleg å hjelpe partane til å løyse problemet er det ikkje sikkert det er naudsynt å løyse tvisten.

Jordskiftedommar nr. 2 og 7 meinte at det er mogeleg jordskifteretten har ein meir praktisk måte å gripe an sakene, og at dette kan vise seg gjennom meir omfattande vegleing og at ein lettare kan ty til mekling. Jordskiftedommar nr. 7 var inne på at jordskifteretten har meir erfaring med sjølvprosederande partar, og difor er gode på

vegleriing, ettersom det fyrst og fremst er ved sjølvprosederande partar vegleriing er nødvendig. Jordskiftedommar nr. 6 påpeikte at det av same årsaker er jordskifteretten som lærer dommarar i ordinære domstolar om mekling, forhandling og kommunikasjon, ikkje motsatt.

Vidare har intervjupersonane vore samstemte om at ein har ei meir uformell stemning under rettsmøte i jordskifteretten. Ettersom ein ofte held rettsmøta i nærleiken av eigedomane saka gjeld, for at det skal vere meir praktisk å reise på synfaring, må dommarane ofte nytte grendehus, gymsalen på den lokale skulen eller andre lokale som er tilgjengelege. Synfaringa er også ein del av rettsmøtet, og jordskiftedommar nr. 4 fortalte han ein gong hadde hatt prosedyren utandørs, der advokatane måtte nytte kvar si søppelkasse til å ha papira sine på. Dette skil seg frå ordinære domstolar der ein brukar kapper, dommaren er plassera på ein opphøgde del av rettssalen, slik at partane må sjå opp på dommaren, og rettssalen er lokalisera i eit offentleg bygg, gjerne eit signalbygg.

Den hyppige bruken av synfaring er også eit kjenneteikn ved jordskifteretten. Sjølv om dette naturlegvis også blir nytta i ordinære domstolar, meinte advokatane eg har snakka med at det er lettare å få jordskifteretten med seg ut. Når ein på synfaring tek på seg støvlane og kjem seg ut av rettsmøtets meir formelle rammer blir stemninga automatisk løyst litt opp. Spenningsnivået og nervøsiteten sekk, og det blir lettare å fokusere på problemet, og også kva som eventuelt kan vere løysinga. Dette gjeld særleg for sjølvprosederande partar, som ikkje er vande med å vere i retten, og som er langt meir komfortable med å trekke fram relevante omsyn ute i felten. Då er dei i omgjevnadar dei kjenner frå før.

6.2.Om sjølvprosederande partar

Blant dei som uttalte seg om det, var både jordskiftedommarar, tingrettsdommarar, lagdommarar og advokatar samde om at sjølvprosederande partar i større eller mindre grad byr på ufordringar. Sjølv om det fins unntak, som jordskiftedommar nr. 6 påpeikte fins det sjølvprosederande partar som ikkje står tilbake for ein advokat og som verkeleg forstår prosessen og kvifor den er som den er, så er hovudregelen at desse partane krev mykje av dommarane.

Ein kan drøfte om det er skilnad på dei sjølvprosederande partane ein møter i dei ulike domstolane. Lagdommar nr. 2 var klar på at dei partane som vel å vere sjølvprosederande i lagmannsretten i mange tilfelle er spesielle personar som byr på ekstra utfordringar, og at dei på grunn av personlege eigenskapar ofte er utilgjengelege for vegleiing. Han meinte partane som er sjølvprosederande i jordskifteretten i større grad er vanlege, oppegåande folk. Dersom det skulle vere slik kan ein påstå av vegleiing i jordskifterettane og tingrettane er enklare enn i lagmannsrettane, og at det kan påverke dei vurderingane retten gjer i forhold til bevisføringa. Om dette er tilfellet eller ikkje er vanskeleg å slå fast i denne omgang, då eg ikkje har anna empiri til å støtte opp om påstanden. Eg tek difor utgangspunkt i at empirien omhandlar den gjennomsnittlege sjølvprosederande part, sjølv om det i realiteten naturlegvis vil vere skilnadar. Nokon er svært kompetente til å føre eiga sak, medan andre ikkje er det.

For eksempel er det ikkje alltid sjølvprosederande partar forstår at det er deira ansvar å opplyse saka. Jordskiftedommar nr. 3 fortalte at han må forklare partane kvifor retten ikkje plagar å hente inn bevis, og årsakene til at det er slik. Dei har vanskeleg for å forstå korleis prosessen fungerer, å finne fram til bevis, å føre bevis, å overhalde fristar og å framstille saka på ein god måte innanfor dei prosessuelle rammene.

Tingrettsdommar nr. 2 forklarte at når ein part stiller utan advokat er det nokon som må fylle den rolla parten elles ville hatt. Tingrettsdommar nr. 1 sa at det er ein grunn til at ein nyttar advokatar. På grunnlag av rettens vegleiingsplikt er det mest nærliggande at dommaren forsøker å fylle det tomrommet ein "manglande" advokat skaper. Dette må imidlertid skje utan at dommaren gjer seg sjølv ugild, gjennom å dra vegleiinga for langt. Dette er ein svært fin balansegang. Tingrettsdommar nr. 1 har for eksempel erfaringar med at partane forsøker å kome på god fot med dommaren. Ein dommar skal sjølv sagt kunne vere hyggeleg mot partane, men relasjonen kan ikkje bli for venskapeleg. Dersom ein part oppfattar det som at dommaren kjem for godt over eins med motparten kan han miste tilliten til dei avgjerdene dommaren tek.

Lagdommar nr. 2 trekker fram at det kan by på utfordringar at partane ikkje forstår at bevis må førast under hovudforhandling. Dersom partane trekker fram nye bevis etter at fristen er ute, strekker retten seg svært langt ved å jenke det til for at nye bevis også skal kunne leggest til grunn når retten tek si avgjerd. Norske dommarar er ikkje formalistiske, omsynet til eit materielt rett resultat er viktig. Partane skal ikkje lide på

grunn av prosessuelle forsømmingar om ein kan unngå det. Dette er ikkje bare av omsyn til partanes tillit til rettssystemet, som fort ville blitt broten dersom parten ikkje får føre eit bevis han meiner er avgjerande på grunn av prosessuelle rammer kan uansett ikkje skjønner seg på. Det er også av prosessøkonomisk omsyn. Dersom ein potensielt avgjerande bevis blir avvist, er sjansane tilstades for at parten vil anke saka.

Intervjupersonane syntes også å vere samde om at situasjonen blir ekstra utfordrande, både for dommarar og advokatar, om den eine parten er sjølvprosederande medan den andre vel å la seg representere av ein prosessfullmektig. Ein får då ei skeivfordeling i kompetanse som dommaren må vege opp for. Dessutan blir den økonomiske konsekvensen større for den sjølvprosederande parten dersom han ikkje skulle få medhald. Ein kan seie det er uheldig dersom ein part blir sittande att med kostnadane for ei sak som han sjølv ikkje er rekvirent av.

6.3. Kan retten hente inn bevis og gjer dei det i praksis?

Spørsmålet om retten kan hente inn bevis er det som har skapt det tydlegaste skiljet mellom ordinære domstolar og jordskifteretten.

Slik eg har forstått utsegna frå intervjupersonane er dei, særleg innanfor ordinære domstolar, klare på at retten ikkje *kan* hente inn bevis. Unntaket er, som enkelte nemnte på, sakkyndige. Desse svara stemmer ikkje over eins med mi tolking av tvistelova. Slik eg forstår § 11-2 (2) andre punktum kan retten hente inn bevis, så sant ikkje partane samstemt og tydeleg motset seg det. Partanes rett til å motsette seg dette er eit uttrykk for disposisjonsprinsippet. Rettens høve til å hente inn sakkyndige var eit unntak etter tvistemålslova, ikkje tvistelova. Unntaket omhandla dessutan at sakkyndige var eit tilfelle der retten kunne trosse partanes protestar, ikkje at sakkyndige er det einaste beviset retten kunne hente inn.

Kva som er årsaka denne mangelen på samsvar er eg usikker på. Den mest nærliggande forklaringa er at dommarane ikkje har svara på om dei *kan* hente inn bevis eller ikkje, men om dei faktisk gjer det i praksis. Ettersom eg ikkje har halde meg slavisk til intervjuguiden under samtalene, har eg i enkelte tilfelle variera formuleringa av spørsmåla, i nokon tilfelle mot praksis og ikkje prosess. Dette blir ei tolking av utsegn. Det er uansett praksis som er mest relevant i denne drøftinga, ikkje forståinga av dei

prosessuelle rammene. At retten hentar inn bevis vil vere å bøye på disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet uavhengig av om lova opnar for det eller ikkje, og det er korleis retten handhevar domstolsprinsippa i praksis eg ynskjer å fokusere på her.

Mi generelle oppfatning frå intervjurunden er at retten i utgangspunktet ikkje hentar inn bevis, verken i jordskifteretten eller ordinære domstolar. Likevel nemnte dei fleste av jordskiftedommarane, med eit unntak, tilfelle der jordskifteretten har henta inn visse former for bevis. Dette i motsetnad til dei ordinære domstolar, der ingen av dommarane ytra at dei nokon gong hadde henta inn bevis.

Advokatane hadde til dels ei litt anna oppfatning enn dommarane. Advokat nr. 1 og 2 meinte at retten, både jordskifteretten og ordinære domstolar, absolutt burde hente inn bevis. Advokat nr. 2 går så langt som å seie at retten har ei plikt til det. Advokat nr. 2 trekker vidare fram at det er til det beste for sakas opplysing om retten hentar inn bevis, og jordskifteretten er spesielt godt utrusta til å hente inn nyttig informasjon med sin tekniske kompetanse og sine arkiv. Advokat 3 var derimot ikkje samd i dette, han meinte at retten ikkje skal hente inn bevis. Alle advokatane hadde imidlertid same erfaringar frå praksis. Dei meinte ordinære domstolar sjeldan eller aldri hentar inn bevis, medan jordskifteretten gjer det av og til, men mindre nå enn tidlegare.

I forbindelse med at advokat nr. 1 hevdar at jordskifteretten har betre tilgang på relevante bevis enn ordinære domstolar, kan ein sjølv sagt også drøfte om det er meir akseptabelt å hente inn somme typar bevis enn andre. Ut frå intervjurunden fekk eg absolutt det inntrykket. Det er godt mogeleg at for eksempel visse kart ikkje så fort skapar utfordringar knytt til domstolsprinsippa. Imidlertid kjenner eg ikkje godt nok til kva typar bevis retten hentar inn, i dei tilfella det skjer, og heller ikkje kva for utfordringar som er knytt til typen bevis. Empirien eg har samla inn i denne omgang vil ikkje gje eit godt nok grunnlag for å drøfte dette. Eg behandlar difor alle bevis under eitt i drøftinga av dette spørsmålet.

Kva som er årsaka til at jordskifteretten er meir tilbøyelege til å hente inn bevis er interessant. I den grad lova opnar for at retten kan hente inn bevis, og retten gjer det i praksis, er det i tilfelle der partane sjølve ikkje har greidd å opplyse saka godt nok. Det vil seie at dommaren meiner at avgjerdsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg til at ein kan ta

ei forsvarleg avgjerd. Ettersom ein stort sett nyttar advokat for dei ordinære domstolar, vil ikkje dette vere noko vanleg problem i tingretten eller lagmannsretten. Det skjer truleg hyppigare i jordskifteretten der graden av sjølvprosederende partar er høgare. Alle dommarar har erfaring med at sjølvprosederende partar slit med å opplyse saka til tider. På grunn av fordelinga av sjølvprosederende partar kan ein difor gå ut i frå at det oftare vil vere mangelfulle avgjerdsgrunnlag i jordskifteretten enn i ordinære domstolar, og med det er behovet for å hjelpe partane større.

Eit anna poeng er, som advokat nr. 1 nemner, at jordskifteretten har ein teknisk kompetanse som ikkje er tilgjengeleg i ordinære domstolar. Ingeniørane kan for eksempel måle opp grenser, lage kartgrunnlag, finne avstandar og areal, som kan vere nyttig for å auke forståinga for eigenskapar ved eigedomane saka omhandlar. Jordskifteretten kan også ha tilgang på gamle utskiftingsprotokollar og liknande, i tilfelle der det har vore jordskifte på eigedomane ved eit tidlegare høve. Ein kan sjølv sagt hevde at slik informasjon ikkje fell under kategorien bevis, at det heller er faktiske opplysingar som alle kan få tak i, det er bare meir praktisk for jordskifteretten å hente dei inn. Same med rettsavgjerder. Dersom ei grense er fastsett i ei tidlegare sak for retten er det ikkje naudsynt å avgjere tvisten på nytt, men det kan vere nødvendig å avgjere kva retten meinte den gongen. Uansett kva slags informasjon det er tale om, er det likevel slik at jordskifteretten er aktiv og gjer ein jobb ved å få tak i desse opplysningane som ordinære domstolar ikkje vil eller ikkje kan hente inn. Det er grunnlag godt nok for drøfting.

Fordelane ved at retten hentar inn bevis, når det er naudsynt, er sjølv sagt at dommaren får eit langt betre grunnlag for si avgjerd. Ein aukar sjansen for eit rett resultat, og særleg eit materielt rett resultat, som er vanskeleg å oppnå om ikkje alle fakta ligg på bordet. Sjølv om eit formelt rett resultat, altså korrekt bruk av rettsreglane på eit bestemt faktum, i utgangspunktet er "godt nok", bør ein sjølv sagt alltid strekke seg mot eit materielt rett resultat. Som jordskiftedommar nr. 6 seier, det er sanninga som er ledestjerna han går mot.

Ein kan også sjå på rettens innhenting av bevis ved eit utilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag som eit viktig prosessøkonomisk tiltak. Dersom dom blir avsagt på eit mangelfullt grunnlag, er det stort sannsyn for at avgjerda blir anka så snart ny informasjon kjem fram. I tilfelle der det er lite som skal til for å innhente nødvendig informasjon, men

partane ikkje maktar å gjere det sjølv, kan retten spare både partane og samfunnet for tid og ressursar ved å hjelpe til med bevisføringa.

Derimot er det mange uheldige sider ved at retten tek på seg denne oppgåva også. Ein inkvisitorisk rettargang kan by på mange utfordringar. Handlinga vil ikkje vere eit brot på disposisjonsprinsippet så sant partane samtykker til det. Etter tvistelova er det også klart at retten ikkje har høve til å bryte disposisjonsprinsippet ved å hente inn bevis mot partanes vilje. Så lenge partane har høve til å nekte, er det framleis dei som rådar over saka. Derimot er det i strid med forhandlingsprinsippet om retten hentar inn bevis. Det er ikkje utan grunn at partane har ansvar for å belyse saka. Ikkje bare sparar dommaren mykje tid ved å sleppe å utføre undersøkingar og drive "detektivarbeid", men han held seg også lettare nøytral og habil. Ein har ingen garanti for at dommaren ved inkvisisjon finn fram til alle relevante bevis i saka. Kanskje kan han finne fram til eit dokument som avgjer saka til fordel for den eine parten, utan at ein nokon gong får høyre om det beviset som ville talt for det stikk motsette. *"Skulle retten i utstrakt grad innhente bevis, ville det kunne reises tvil om den har "hjulp" en part mer enn en annen."* (NOU 2002:09: 106). I nokon tilfelle kan også kvaliteten på beviset dommaren finn fram til vere dårlegare enn det han sjølv og partane reknar med eller forstår. Det kan dessutan oppstå misforståingar ved at parten trur at dommaren har leita fram alle aktuelle bevis, og difor let vere å gjere ein jobb sjølv, når dette ikkje er tilfelle.

I denne samanheng er tillit eit viktig stikkord. Partane må behalde tilliten til dommaren og hans habilitet. Av den grunn er det avgjerande at retten held disposisjonsprinsippet og kontradiksjonsprinsippet i hevd. Alle jordskiftedommarane som har ytra at dei har henta inn bevis, er klare på at dette er i forståing med partane. Det er viktig å vere opne på dette, og snakke om det under rettsmøtet, slik at alle partar er klare over kva som skjer. Jordskiftedommar nr. 6 fortalte at han alltid forklarar partane at det er dei som har ansvar for å finn fram til bevis og opplyse saka. Mange sjølvprosederande partar forstår ikkje dette. Dersom avgjerdsgrunnlaget er mangelfullt har han vore utfor å måtte leite etter bevis sjølv, men er klar ovanfor partane på at *"nå leitar eg, men det er de som har ansvaret. Og de står fritt til å seie "stopp ein halv, dette må du slutte med"*. Ein må altså vere klar på at det er partane som etter forhandlingsprinsippet og disposisjonsprinsippet til ei kvar tid rådar over saka, sjølv om dommaren også leitar etter nødvendig informasjon.

Så snart beviset er henta inn må dei bli gjort tilgjengeleg for partane. Rettens innhenting av bevis bør fylgje same prosessuelle rammer som partanes bevisføring. At kontradiksjonen blir oppretthalde, sjølv om det er retten som hentar inn beviset, er av stor betydning. Det skal ikkje vere slik at dommaren hentar inn dei bevisa han syns er viktige, og tek avgjerda når han meiner han har funne sanninga. Kontradiksjon er ein grunnstein i rettssystemet, og ein kan ikkje ta for gitt at dommaren er allvitande når det kjem til kvaliteten og betydninga av eit bevis.

Dersom retten ikkje skal hente inn bevis, og avgjerdsgrunnlaget er tynt, kan retten enten oppmode partane til å bli samde om ei løysing, eller la det vere opp til partane å bestemme om retten skal ta avgjerda på eit utilstrekkeleg grunnlag. Som jordskiftedommar nr. 2 påpeikte *"Me kan jo ikkje trylle. Me les dokumenta, og i beste fall, av og til, så blir det ei kvalifisera gjetting. Me veit ikkje meir enn det dei ser, og så seier nokon at "ok, me vil ha dykkar meining ut frå det me har", eller så seier dei "ok, då må me prøve å bli samde om noko"*.

Dersom ein i ordinære domstolar aldri hentar inn bevis, kan ein lure på om det av og til blir teke avgjerder på eit grunnlag som strengt tatt ikkje er godt nok. Sjølv om ikkje sjølvprosederande partar er vanleg her, er dei framleis representera. Sjølvsagt kan retten oppmode partane til å føre bevis, og i visse tilfelle også tipse om kvar ein kan finne relevante bevis, men vegleiing når bare eit visst stykke på vegen mot eit godt avgjerdsgrunnlag i tilfelle der parten finn prosessen spesielt utfordrande. Rett nok kan retten pålegge parten å nytte prosessfullmektig etter tvl. § 3-2, dersom parten ikkje klarar å framstille saka på ein forståeleg måte, men det skal ein del til før retten bør nytte seg av denne føresegna. Ein pålegg tross alt parten ein betydeleg kostnad, dersom han ikkje får medhald i sitt krav. Dessutan er det ein viss skilnad på å ikkje kunne framstille saka på ein forståeleg måte (dette går nok fyrst og fremst på partsforklaringar) og å ikkje klare å skaffe fram nødvendige bevis for å støtte opp om si framstilling av saka.

Det er ikkje soleklart kva som er den beste løysinga, å la partane ta støyten dersom dei ikkje klarar å leite fram bevisa og risikere at resultatet ikkje er materielt rett, eller å hjelpe til med risikoen for at ein kan gjere seg sjølv inhabil og/eller bryte domstolsprinsippa. Det synast altså som at jordskiftedommarane er meir tilbøyelege til å hjelpe med å leite fram bevis. Årsaka kan både vere at sjølvprosederande partar krev

det, at jordskifteretten er meir opptatt av å finne sanninga i eit materielt rett resultat, eller at dei ikkje ser risikoen for å bryte dei grunnleggande domstolsprinsippa som like alvorleg som det dommarar i ordinære domstolar gjer.

6.4.I kor stor grad kan retten legge vekt den del av eit dokumentbevis som parten ikkje munnleg har trekt fram under hovudforhandling?

For å svare på dette spørsmålet har eg forsøkt å klarlegge korleis intervjupersonane meiner at eit dokumentbevis skal bli ført, og kva dei faktisk reknar som beviset, etter at det er ført. Dersom det er slik at dommaren kan legge vekt på heile dokumentet, sjølv om bare utdrag er dokumentera, er dommarens vurdering av kva som er tilstrekkeleg kontradiksjon av spesiell interesse.

Dei fleste dommarane, både i jordskifteretten og ordinære domstolar, meiner at eit dokumentbevis blir ført ved at parten les opp det han meiner er relevant ved dokumentet, altså at han dokumenterar det. Kva som ligg i uttrykket at noko er "dokumentert" kan vere litt uklart. Sjølv om parten bare dokumenterar (altså les opp) delar av dokumentet, seier ein at heile dokumentet er dokumentert når desse delane er lese opp. Når dokumentet er dokumentert reknar ein at det er ført som bevis i saka. Altså er "dokumentert" og "ført" synonym i denne samanheng. Eg nyttar uttrykket både om dei spesifikke delane som blir lest opp, og om heile dokumentet. Eg skal forsøke å klargjere når eg snakkar om kva.

Føring av dokumentbevis er spesielt utfordrande med sjølvprosederande partar, ettersom dei ofte ikkje forstår korleis dette skal gjerast. I motsetnaden til ein del advokatar, er risikoen heller at partane trekker fram for lite enn for mykje. Som intervjupersonane er inne på finn partane enten fram til få bevis, eller så kjem dei med ei heil bunke. Særleg i jordskifteretten forklarar dommarane at partane forventar at retten skal gjere mykje av jobben. Jordskiftedommar nr. 6 forklarar det på ein biletleg måte: "*sjølvprosederande partar er generelt litt problematisk ved at dei slenger fram ein haug og seier "ver så god, du er Messias, du finn ut av dette."*".

Både i jordskifteretten og i ordinære domstolar forklarar dommarane at dei forsøker å løyse dette ved å førebu seg i forkant av rettsmøta. Særleg i jordskifteretten der ein kan ha svært mange partar er det ein fordel at dommaren kjenner til saksforholda før

hovudforhandling. Når dommaren har kjennskap til sakas dokument er det også lettare for han å vegleie partane når dokumenta skal dokumenterast. Lagdommar nr. 3 forklarar at det er eit krav at dommaren er førebudd jf. tvl. § 11-2 (1). Eg er absolutt samd i at det av praktiske årsaker er ein stor fordel å kjenne til saksforholda og sakas dokument i forkant, særleg i forbindelse med dokumentering. På ei anna side bør dommaren ideelt sett stille med opne auger når saka tek til, slik at det er partane som gjennom kontradiksjonen legg føringar for korleis saka blir oppfatta. Det er mogeleg at dommaren gjennom førebuinga kan bli farga av det han les, og kanskje gjere seg opp ei meining om kva som er rett resultat på førehand. Dette kan vere uheldig. Dersom dommaren, særleg ovanfor sjølvprosederande partar, bevisst eller ubevisst styrer saka gjennom vegleinga, kan saka ta ei form den elles ikkje ville hatt. Ein kan i verste fall bryte med disposisjonsprinsippet og kontradiksjonsprinsippet. Konfrontera med denne problemstillinga påpeikte imidlertid lagdommar nr. 3 at ein må kunne stole på at dommarane er profesjonelle og objektive. Fordelane ved at dommarane er førebudd er dermed større enn ulempene, særleg i omfattande og komplekse saker.

Som me allereie har vore inne på medførte tvistelova at ein i utgangspunktet ikkje treng å lese opp like mykje av dokumentet som det ein måtte etter tvistemålslova for at dokumentet skal reknast som ført. I praksis verkar det som overgangen til den nye måten å dokumentere på er glidande. Advokat nr. 3 trakk fram at han framleis likar å dokumentere alt han meiner er relevant, sjølv om dette til tider kan vere svært tidkrevjande. Dommarane i ordinære domstolar er stort sett samstemt i at dokumentet er ført som bevis når parten har lese opp eller vist til dei delane av dokumentet som særleg skal gjerast gjeldande. Jordskiftedommarane er samde, men eg har inntrykk av at dokumenteringa i praksis har litt større variasjonar med bakgrunn i partanes evner. Jordskiftedommar nr. 2, 3 og 6 viser for eksempel til at dei i mange tilfelle er med på dokumenteringa, både fordi partane ynskjer det, og for å vere sikker på at ikkje viktige delar av dokumenta blir gløymd fordi partane er stressa eller manglar forståing for prosessen. Også her må ein setje som føresetnad at dommaren klarar å halde seg objektiv. Å hjelpe partane på denne måten er ikkje heilt uproblematisk i forhold til disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet.

Ved den praktiske gjennomføringa av dokumenteringa kan ein til dels sjå eit skilje mellom jordskifteretten og ordinære domstolar, men når det kjem til oppfatninga av kva

rettens grunnlag for avgjerdene er, er ikkje skiljet nødvendigvis mellom jordskifterett og ordinær domstol lenger.

Kor mykje eller kor lite partane må lese opp er bare av interesse dersom dommarane skulle meine at det som ikkje er dokumentera fell utanfor det dommarane anser som sitt avgjerdsgrunnlag. I intervjurunden har eg i hovudsak fått svar innan tre kategoriar. I den fyrste kategorien meiner intervjupersonane at det bare er det som er direkte dokumentera under hovudforhandling som kan leggst til grunn. Den andre kategorien er at heile dokumentet kan leggst til grunn, også dei delane som ikkje er direkte dokumentera, så sant ein avtalar det med partane under hovudforhandlinga. I den tredje kategorien meiner intervjupersonane at når dokumentet er ført som bevis i saka, og heile eller delar av dokumentet er lese opp og dokumentera, kan heile dokumentet reknast som rettens avgjerdsgrunnlag utan at ein behøver å gjere noko nærmare avtale om dette med partane.

Jordskiftedommar nr. 1 og tingrettsdommar nr. 2 gav uttrykk for at retten ikkje kan legge vekt på anna enn det som munnleg vart trekt fram under hovudforhandling. Om årsaka til dette er ei anna tolking av tvistelova, for eksempel ved at større delar av dokumentet må dokumenterast som etter tvistemålslova, eller om dei har ei svært streng tolking av til kravet kontradiksjon kjem ikkje fram av empirien.

Jordskiftedommar nr. 1, 4 og 5 meiner også at dette i teorien er korrekt, men at ein ved sjølvprosederande partar må lempe litt på krava til dokumentering. I praksis legg dei altså heile dokumentet til grunn.

Tingrettsdommar nr. 1 meinte at dokumenteringa i praksis fungerer slik at partane les opp det dei meiner er vesentleg, og så avtalar ein at heile dokumentet skal reknast som dokumentera. Retten kan ikkje ta for gitt at heile dokumentet gjeld, men så sant ein har avtala det under rettsmøtet kan dommaren bygge si avgjerd på heile dokumentet.

Ein kan spørje kva slags funksjon ei slik avtale har, for utan at retten "har sitt på det tørre", i forhold til kontradiksjon og målet om eit rett resultat. Rett nok vil partane vere oppmerksame på at retten legg vekt på heile dokumentet, og at dei difor bør uttale seg om heile dokumentet om dei har noko å seie. Likevel, dersom det er snakk om store, omfattande dokument vil ikkje kontradiksjonen vere noko betre av at partane har gjeve samtykke til at dommaren kan legge vekt på heile dokumentet. Dei har framleis ikkje

uttalt seg om det dommaren måtte finne av betydning. Nå skal det seiast at tingrettsdommar nr. 1 er klar på at han ville reassumert saka dersom han vurderte det til at kontradiksjonen ikkje er tilstrekkeleg, men det gjer igjen til at eg stiller spørsmål ved avtalas funksjon.

Alle lagdommarane, jordskiftedommar nr. 2, 6 og 7 og alle tre advokatar meiner at så sant relevante delar av dokumentet er dokumentera kan det reknast som eit bevis, og retten kan i utgangspunktet legge heile dokumentet til grunn i si avgjerd. Her gjeld imidlertid visse føresetnadar, og dei fleste er samde om at kontradiksjon er avgjerande. Kva som blir sett som tilstrekkeleg kontradiksjon ser derimot ut til å variere.

Eg har forsøkt å klargjere kravet til kontradiksjon gjennom å spørje korleis dommarane ville handtera det dersom dei etter avslutta hovudforhandling oppdaga at delar av dokumentbeviset, som ikkje direkte hadde blitt trekt fram under rettsmøtet, var avgjerande for sakas utfall. Sjølv om dommarane i ordinære domstolar tilsynelatande er litt usamde om kva som klart kan reknast som rettens avgjerdsgrunnlag, er dei samde i at kontradiksjon er eit krav dersom det er snakk om moment som er avgjerande for utfallet. Lagdommar nr. 3 meiner bevisets vekt påverkar kravet til kontradiksjon, og han vil reservere seg mot å la eit resultat vere avhengig av noko som ikkje er munnleg trekt fram, sjølv om ein etter tvistelova eigentleg kan legge vekt på dei delane som ikkje er dokumentera. Dersom den aktuelle delen av beviset ikkje er sentral, er det ikkje sikkert at omfattande kontradiksjon er nødvendig. Lagdommar nr. 2 seier ein kan prøve kontradiksjonen ved å spørje seg om det er truleg at partane vil blitt overraska over kva dommaren har lagt vekt på i dommen. Om sjansen er til stades for at grunnlaget for avgjerda ville overraska partane har ikkje kontradiksjonen vore tilstrekkeleg. Dette syns eg er eit godt bilete.

Dommarane i ordinære domstolar verka også meir tilbøyelege til å reassumere saka dersom dei er usikre på om kontradiksjonen har vore god nok. Jamt over har eg inntrykk av at kravet til kontradiksjon er større i ordinære domstolar enn i jordskifteretten, og at jordskiftedommarane er meir restriktive når det kjem til å reassumere forhandlingane på grunn av manglande kontradiksjon. Jordskiftedommarane meinte i større grad at det har vore tilstrekkeleg kontradiksjon så lenge dokumentet er sendt inn innan frist, og ført som bevis i saka. Då har partane hatt høve til å undersøke dokumentet og avgjere om det er noko dei ynskjer å trekke fram.

Dette er for så vidt korrekt, men eg vil likevel påpeike at i saker der det er store mengder dokument er det mogeleg at sjølvprosederande partar verken har oversikt over eller forstår betydinga av alle bevisa. Gamle skulddelingar og likande dokument kan vere vanskeleg å tolke for kven som helst, og i alle fall for nokon som ikkje har vore borte i slikt før. Det er ikkje lett å trekke fram alt som kan vere relevant i ei sak, og ein kan problematisere om det er naturleg å kome med argument mot ein opplysning som ein ikkje visste var av betyding i utgangspunktet, ettersom ingen har nemnt det under hovudforhandling.

Mange partar tek for gitt at jordskiftedommaren har fasiten, og ein skal naturlegvis kunne stole på at retten veit best. Det er difor dei har kompetanse til å kunne fastsette rett, og tilliten til domstolen er viktig. Men det er avgjerande at det grunnlaget retten baserar avgjerda si på er så godt opplyst som mogeleg. Eit viktig moment ved dokumentbevis er at dei må tolkast. Nokon gonger synast det opplagt kva som er meint, men det kan vise seg at det ikkje er slik likevel. Det er fullt mogeleg for to menneske å lese den same setninga, men forstå den heilt ulikt. Sjølv om dommarane er godt trenna i å lese gamle skulddelingar og skøyte og andre typiske dokumentbevis i slike saker, og det er dei som har best kompetanse på området, kan ein ikkje ta for gitt at deira tolking alltid vil vere rett. Spisskompetanse eller ei, grunnlaget vil alltid vere betre opplyst om partane har fått høve til å uttale seg om det.

På ei anna side er jordskiftedommarane tilsynelatande meir aktive i dokumenteringsprosessen, og ettersom dei legg vekt på at dei er godt førebudd i forkant av hovudforhandlinga, er det truleg at dei vegleiar partane til å dokumentere alt dei sjølv meiner er relevant. Det vil seie at sjansen for at avgjerande delar skulle dukke opp etter avslutta hovudforhandling er svært liten. Dette poenget blei også trekt fram av dommarane i ordinære domstolar. Derimot har ikkje dommarane alltid høve til å setje seg inn i alle sakas dokument på førehand. Sjølv om sjansen er liten, *kan* det skje at viktig omsyn kan bli oppdaga i etterkant, særleg i saker med sjølvprosederande partar der dokumenteringa i mange tilfelle er mangelfull.

Ein del, for eksempel advokat nr. 3, vil nok meine at sannsynet for at dommaren tek seg tid til å undersøke nøye dei delane av dokumentet som ikkje er munnleg trekt fram under hovudforhandling er liten. Han meinte at dommaren held seg til det som er dokumentera, sjølv om han strengt tatt kan legge vekt på det som ikkje er dokumentera

også. Men advokat nr. 3 påpeikte vidare at han sjølv føretrekker å dokumentere mest mogeleg, nettopp fordi han ikkje ynskjer å overlate til tilfeldigheitene kva dommaren skal legge vekt på, slik ein sjølvprosederande part stort sett vil gjere. Spørsmålet om dommaren leitar i dokumenta ut over dei delane som er direkte dokumentera kan besvarast med eit nytt spørsmål, nemleg kor viktig det er å finne den materielle sanninga.

Det at jordskiftedommarane på grunn av den høge delen sjølvprosederande partar er meir aktive i prosessen kan auke sjansane for eit materielt rett resultat, men samtidig er det partane som jamfør forhandlingsprinsippet skal opplyse saka. Om retten strekker vegleiingsplikta for langt og tek for stor del i dokumenteringa, kan ikkje bare dommaren risikere å bli inhabil, men det vil også vere i strid med både forhandlingsprinsippet og disposisjonsprinsippet.

6.5.Legg jordskifteretten og ordinære domstolar ulik vekt på forskjellige typar bevis?

Bakgrunnen for spørsmålet er ein påstand eg har høyrte frå ein advokat med lang fartstid frå både jordskifteretten og ordinære domstolar, og som eg også har snakka med i forbindelse med denne masteroppgåva. Han meiner at han på bakgrunn av dei bevisa han har tilgjengeleg tek eit bevisst val om å fremme saka for jordskifteretten eller ordinære domstolar. Hovudsakleg meiner han at jordskiftedommarane er meir "glad i" og blir lettare overbevist av dokumentbevis enn munnlege parts- og vitneforklaringar. Dommarar i ordinære domstolar derimot, legg meir vekt på munnlege forklaringar. Advokaten, forøvrig advokat nr. 3, meiner dette resulterer i at ein lettare får gjennomslag for hevd og alders tids bruk i ordinære domstolar.

Årsaka, meiner han, er at jordskifteretten er betre på tolking av gamle dokument, og at jordskiftedommarane har høgare kunnskapsnivå om jordbruksmessige tilhøve. Dei har difor lettare for å gjennomskue parts- og vitneforklaringar som er tilpassa det utfallet parten ynskjer av saka. Det er desse forklaringane som gjerne er grunnlaget for hevd som påstandsgrunnlag. *"Du kan møte ein lagmannsrett som har vekse opp på asfalten med lakksko, og har vel aldri lese eit landbrukstidsskrift".*

Eg har undervegs i intervjurunden forsøkte å klarlegge om dette er ei oppfatning som fleire deler. Advokatane har blitt spurt om dei har ein strategi når dei vel kva for rettsinstans dei krev sak for, og det har både advokat nr. 1 og 2 stadfesta at dei har. Strategien er derimot ikkje basera på rettens bevisvurdering. Ingen av dei to andre advokatane eg har snakka med har same erfaringar som advokat nr. 3. Advokat nr. 2 vel jordskifteretten dersom det er ynskjeleg å nytte seg av jordskifterettens rettsendrande eller tekniske kompetanse. Det same gjeld advokat nr. 1, men han påpeikar i tillegg at han oppfattar jordskifteretten som landbrukets forlenga arm, og at ein stor kvalitetsforskjell mellom jordskiftedommarane gjer at han vel ordinære domstolar dersom saka har eit sterkt juridisk preg.

Dommarane i alle instansar har blitt spurt om dei finn ulike typar bevis meir pålitelege eller overbevisande enn andre. Det er vanskeleg å generalisere, som også fleire av intervjupersonane trakk fram. Ingen meinte at det var nokon opplagt trend, og utfallet bør alltid bero på ei samla vurdering. Likevel trakk eit par av jordskiftedommarane fram skulddelingar og andre rettsstiftande dokument som viktige. Ingen av jordskiftedommarane trakk fram vitne som meir overbevisande. Tingrettsdommar nr. 1 meinte dokument var viktig, men understreka at gamle dokument kan vere veldig vanskeleg å tolke. Tingrettsdommar nr. 2 nemnte fyrst at partsforklaringar var viktig, men problematiserte også kvaliteten av munnlege bevis, og tolking av dokument. Lagdommar nr. 2 meiner uomtvisteleg ekte dokumentbevis er tungvegande, men vanskeleg å tolke. Lagdommar nr. 3 poengterar at parts- og vitneforklaringar kan vere god hjelp i tolkinga av gamle dokument. Han meiner domstolane legg avgjerande vekt på oppfatninga generelt, og ikkje tolkinga av gamle dokument. Lagdommar nr. 1 framhevar den frie bevisvurderinga og at ein alltid skal bevisa sakene opp mot kvarandre.

Skal ein oppsummere kan ein påpeike at dommarane i ordinære domstolar trekker meir fram kor vanskeleg det er å tolke gamle dokument. Og dei har rett i dette, det er vanskeleg. Men som lagdommar nr. 1 påpeikte kan ein stille spørsmål ved om ein del jordskiftedommarar er glade i å tolke gamle skulddelingar, og dermed har meir erfaring på området enn det dommarar i ordinære domstolar har. Over halvparten av sakene for jordskifteretten er rettsfastsettande saker, og alle omhandlar fast eigedom der skulddelingar og gamle dokument er viktige bevis. Saker om fast eigedom utgjer bare ein liten del av alle dei sakene ordinære domstolar behandlar. Dessutan vil advokatar, som

vanlegvis blir nytta i ordinære domstolar, gå mykje lenger enn sjølvprosederande partar i å tolke dokumentet for dommaren. Det er tross alt advokatens oppgåve å forklare kvifor bevisa støttar opp om partens krav. Sjølvprosederande partar vil som regel overlate mykje meir av denne jobben til dommaren.

Empirien her er ikkje utfyllande nok til at ein kan konkludere med om det er hald i påstanden eller ikkje. Kva rekkjefylgje dommarane vel å nemne bevisa dei meiner er viktige i, kan vere tilfeldig. Derimot er det ikkje usannsynleg at jordskiftedommarane er meir komfortable med tolking av gamle dokument. Det er ikkje nødvendigvis slik at dei er betre på det, men truleg har dei meir erfaring, og det er mogleg at dei difor ikkje støttar seg like mykje til munnlege forklaringar om korleis dokumenta skal tolkast.

Om det skulle vere slik at jordskifteretten og ordinære domstolar legg ulik vekt på forskjellige beviskategori er ikkje det nødvendigvis i strid med domstolsprinsippa som blir omtala i denne masteroppgåva. Ein har tross alt prinsippet om fri bevisvurdering, og retten skal legge vekt på dei bevisa dei meiner er mest overbevisande når avgjerda blir tatt. Dersom jordskifteretten lettare let seg overbevise av dokumentbevis i form av gamle skulddelingar enn det ordinære domstolar gjer, er ikkje det i strid med verken kontradiksjons-, disposisjons- eller forhandlingsprinsippet.

På ein anna side skal ei sak i teorien få same avgjerd, uavhengig av om den er behandla av ein ordinær domstol eller ein jordskifterett. Domstolane skal kome fram til eit rett resultat, både formelt og idéelt sett også materielt. Om domstolane legg ulik vekt på forskjellige bevis, og slik kjem til ulike resultat, kan dette vere i strid med prinsippet om eit rett resultat. Det er ikkje direkte eit brot på kravet om eit formelt rett resultat, ettersom bevisvurderinga tross alt er fri og baserar seg på skjønn, men når avgjerdsgrunnlaget er likt og avgjerdene er ulike må nødvendigvis ei av avgjerdene vere gal materielt sett. I røynda er det bare éi sanning.

6.6. Korleis blir grunnleggande domstolsprinsipp vektlagt i jordskifteretten samanlikna med ordinære domstolar?

Ein skal sjølv sagt vere forsiktig med å generalisere, og utvalet av intervjupersonar i denne masteroppgåva er ikkje breidt nok til bastante konklusjonar om korleis praksisen er. Det er lokale skilnadar, både mellom domstolar og mellom dommarar, og det er

mogeleg at somme dommarar ikkje kjenner seg att i nokon av dei fylgjande momenta. Andre derimot kan meine det i praksis er viktige skilnadar. Det fins ingen fasit i denne samanhengen. Men mitt inntrykk etter denne prosessen er at det har vore, og framleis er ein skilnad mellom ordinære domstolar og jordskifterett i korleis tvistesaker blir behandla i praksis, og korleis domstolsprinsippa blir ivaretatt.

Eg har inntrykk av at både jordskifterettens historie og fagtradisjonar, og den høge andelen sjølvprosedierende partar er med å påverke prosessen på godt og vondt. Sjølv om det er ei klar utvikling på gang, står dei grunnleggande domstolsprinsippa framleis ikkje like sterkt som i ordinære domstolar. Årsakene er mange og komplekse, og det fins ikkje noko enkelt svar på kvifor det er slik, men eg vil likevel forsøke å oppsummere visse moment eg meiner har verknad.

Fyrst og fremst er det klart at sjølvprosedierende partar påverkar prosessen uansett domstol. Det er vanskeleg å gjennomføre ein ordinær saksgang utan å bøye og tøyse litt på dei prosessuelle rammene. Til hyppigare sjølvprosedierende partar er representera i retten, til oftare må ein strekke dei prosessuelle reglane. Truleg er dette nødvendig av tidsmessige årsaker for at ikkje prosessen skal hale ut i det uendelege, men også for at prosessen i det heile tatt skal kunne gjennomførast. Som me har vore inne på skal ikkje sjølvprosedierende partar bli straffa for at dei ikkje fylgjer reglar det ikkje er rimeleg dei skal kjenne til. Dommarar i ordinære domstolar er ikkje nøydd til å handtere sjølvprosedierende partar særleg ofte. Det skal kanskje difor meir til å slakke på dei stramme prosessuelle rammene ein normalt (og uproblematisk ved advokatar) held seg innanfor. Jordskiftedommarane må ofte handtere sjølvprosedierende partar, og har kanskje vent seg til å måtte slakke på tøylen for å få saka til å gå framover. Terskelen er lågare.

Sjølv om rettsfastsettande saker utgjer over halvparten av sakene i jordskifteretten, er ikkje tvistebehandling ein like stor del av det daglege arbeidet for ein jordskiftedommar, som det er for ein dommar i ordinære domstolar. Behandling av tvistesaker i rettsmøte bør i større grad vere prega av stundas alvor, for at partane skal ha tillit til at dommaren tek saka seriøst, og domstolsprinsippa gjeld. Men jordskifteretten behandlar også rettsfastsettande saker utan tvist.

Eg reknar med at skiftet frå saker utan tvist til saker med tvist krev ei omstilling i modus. Denne omstillinga er ikkje nødvendig i like stor grad i ordinære domstolar som bare behandlar tvistesaker. Dette skiljet i modus blir ytterlegare spissa ved at jordskifteretten på si side også behandlar rettsendrande saker, som fylgjer ein anna saksgang enn ordinær tvistebehandling. Rettsendrande saker vil som regel også vere meir uformelle, då dei handlar om å betre eigedomsforhold, ikkje å løyse tvistar. Ordinære domstolar på si side behandlar straffesaker. Straffesaker gjeld kriminelle handlingar, og når straff skal utmålast er det viktig at prosessen er korrekt og gjeldande prinsipp blir fylgd. Straffesaker vil difor ha eit meir formelt preg. Eg nemner kort at disposisjonsprinsippet og forhandlingsprinsippet er typisk sivilprosessuelle prinsipp, i straffesaker har ordinære domstolar eit større inkvisitorisk ansvar for å opplyse saka (Hov 1999: 93-95), på same måte som jordskifteretten i rettsendrande saker.

Vidare synast det som at jordskifteretten i større grad er opptatt av eit materielt rett resultat, å finne ut kva som faktisk er rett. Dei strekker seg lenger i å vegleie partane, påpeike kva som er relevant, er meir aktive i prosessen, og er meir tilbøyelege til å hente inn bevis. Som jordskiftedommar nr. 6 uttalte *"Det er det materielt korrekte svaret som er målet, og så er saksbehandlingsreglar og prosessreglar det verktøyet ein treng for å kome fram til både rett behandling og rett svar."* Det kan verke som ynsket om eit materielt rett resultat og ei strikt behandling av domstolsprinsippa i saker med sjølvprosederande partar er motsetnadar.

Ein kan sjå for seg ei skålvekt der ein har inkvisisjon og eit materielt rett resultat, samt ein god porsjon risiko på eine sida, og disposisjonsprinsippet, forhandlingsprinsippet og tillit til rettssystemet på den andre sida. Når partane ikkje meistrar dei prosessuelle reglane blir ein nøydd til å prioritere kva som er viktigast. Ein korrekt prosess eller eit korrekt resultat. Ser ein kvar enkelt sak for seg kan kanskje eit materielt rett resultat virke som det viktigaste, uavhengig av måten ein gjer det på kjem ein jo fram til sanninga. Zoomar ein derimot litt ut, og ser på rettssystemet under eitt, ville ein kanskje prioritera annleis. For kva betyr eit materielt rett resultat viss ingen har tillit til at resultatet faktisk er rett?

Ein skal altså passe seg for å tøyse strikken for langt. Dersom dommaren vegleiar ein part meir enn ein annan, kan motparten miste tillit. Dersom ein trekker meklinga for langt kan partane føle seg pressa til å gå for ei bestemt løysing. Dersom retten hentar inn bevis

kan ein risikere at beviset har ulik verdi for partane, eller at dommaren overser eller mislykkas i å leite fram viktige bevis parten reknar med at dommaren skal finne. Dersom dommaren i avgjerda legg vekt på delar av eit dokumentbevis som ikkje har vore nemnt under hovudforhandling, kan ein risikere at partane sit på informasjon om den aktuelle delen av dokumentet som ville endra utfallet av saka. Dommaren er ikkje, og kan ikkje vere allvitande.

På ei anna side må det vere rom for å vere pragmatisk, og "laus i snippen", så sant ein ikkje skrid over grenser som ikkje bør overskridast. I mange tilfelle kan dette vere vel så konstruktivt. Det verkar som ein både innan jordskifteretten og ordinære domstolar framleis har ei oppfatning av at jordskiftedommarane er meir løysingsorientera. Det er truleg at den nære tilknyttinga til rettsendrande saker også påverkar saksgangen i den forstand at dommarane er meir trena i å sjå løysingar på problema ved eigedomen, og ikkje bare tvisten. Kanskje kan jordskiftedommarar bringe noko til bordet som dommarar i ordinære domstolar ikkje kan?

I saker utan fri rådigheit kan retten av offentlege omsyn strekke seg ut over domstolsprinsippa for å opplyse saka, jf. tvl. § 21-3 (2). Den funksjonen jordskifteretten har for å skape meir tenelege eigedomsforhold kan også seiast å vere av offentlege omsyn. Ein kan stille spørsmål ved om nytten av jordskifterettens avgjerder, ut over det å avgjere tvisten, kan forklare eller forsvare at retten tidvis tøyer på domstolsprinsippa for å opplyse saka og potensielt vegleie partane til å finne ei løysing dei er nøgde med.

Ei anna forklaring på kvifor jordskifteretten er meir løysingsorientera og kanskje trekker vegleieing og forsøk på minnelege løysingar lenger, er det faktum at jordskifteretten fungerer som fyrste instans. I ordinære domstolar derimot kan saka ha vore til behandling i forlikrådet fyrst, og ein vil der ha forsøkt å kome fram til minnelege løysingar. Når jordskifteretten tek saka opp til behandling er semje mellom partane i større grad uprøva enn det den er for tingretten.

Som me har vore inne på er det ei klar utvikling på gang, og behandlinga blir meir og meir lik. At ein har sett eit generasjonsskifte i jordskifteretten er eit godt poeng. Utviklinga mot eit tvistedomstol blir ikkje bare påverka av dei tiltaka som blir sett i verk, som anna administrering, ny lov og ny ankeordning, og generelt meir spissa prosessuelle rammer. Nei, utviklinga blir også påverka av dei dommarane som skal handheve lovane,

som heile tida tek val om korleis prosessen skal foregå og korleis saksgangen skal vere. Det er dei som avgjer kva som er greitt, og kva som ikkje er det. Kva som er viktig og kva som ikkje er det. Sjølv om ein dommar skal vere objektiv, uavhengig og profesjonell, er han eller ho likevel eit menneske, og blir som alle andre påverka av egne oppfatningar og erfaringar.

Ein kan jo spørje seg; viss det er slik at saksbehandlinga av tvistesaker om fast eigedom er heilt identisk i jordskifteretten og i ordinære domstolar, og ingen av rettsinstansane blir prega av sin bakgrunn, dommaranes utdanning, dei andre sakstypene retten må behandle eller av andre faktorar, kva er då poenget med å ha to parallelle rettsinstansar? Rett nok er det ein stor fordel at ein i jordskifteretten har teknisk kompetanse til å lette prosessen, og til å måle opp grensene i ei grensefastsetjing i ettertid, men kvifor ha to domstolar som avgjer akkurat det same spørsmålet på same måte? Er det ein god ting at saksbehandlinga er heilt identisk? På ei anna side, viss den ikkje er identisk, og ein lettare vil nå fram med det eine eller det andre spørsmålet i jordskifteretten, vil det også vere ein stor fordel å vere den parten som krev saka, og som vel domstol. Slik bør det ikkje vere. Likevel, ein må ikkje gløyme dei positive sidene ved å ha erfaring frå ulike område heller.

Kanskje kan jordskifterettens pragmatiske og løysingsorienterte evner vere ein fordel? Fleire dommarar gav uttrykk for det. Lagdommar nr. 1 uttrykte for eksempel at jordskifteretten mistar noko dersom kulturen blir for lik ordinære domstolar. Det må ikkje bli for stivt eller formelt, fokuset på løysingar må vere der. Viss jordskifteretten skal vere tilgjengeleg for grunneigarar flest, og halde fram med å vere ein *"problemløysar for alle som eig ein bit av Noreg"*, må retten kunne vere litt pragmatisk.

6.7.Konklusjon

Eg har kome til at det i praksis framleis fins visse skilnadar mellom jordskifteretten og ordinære domstolar når det kjem til vektlegging av grunnleggande domstolsprinsipp. Desse står, av fleire årsaker, ikkje like sterkt i jordskifteretten endå. Denne skilnaden er i ferd med å viskast ut. Eg har også kome til at jordskifterettens pragmatiske måte å handtere partar og saker på kan vere positiv, så sant ein ikkje strekker grensa for langt. Ein må ha ein rettferdig rettargang, og partane må behalde tilliten til domstolen.

7. Avsluttande refleksjonar

Å skrive denne masteroppgåva har vore ein innhaldsrik og lærerik prosess. Veggen har blitt til undervegs, og stort sett har ting fungert bra. Om eg skulle gjort dette om igjen er det mogeleg at eg likevel ville tatt andre val.

7.1.Om framgangsmåten

Eg tok til med intervjurunden tidlegare enn planlagt, og hadde difor ikkje så god kjennskap til det prosessuelle rammeverket som eg burde hatt. Resultatet var at spørsmåla ikkje var så presise som dei kunne vore. Sjansen er der for at eg ville fått meir ut av intervjuet med betre bakgrunnskunnskap. På ei anna side skal ein ikkje undervurdere verdien av å møte med eit ope sinn.

Tid er essensielt i denne samanheng, og intervjurunden, og særleg transkriberinga av intervjuet har vore svært tidkrevjande. I ettertid har eg vurdert om det eigentleg var nødvendig å transkribere intervjuet. Det var få av intervjupersonane som uttrykte noko behov for å få transkripsjonane tilsendt, men eg vurderte det til at når eg fyrst hadde sendt transkripsjonen til éin intervjuperson, måtte eg gjere det med alle andre også. Det verka mest realt. For min eigen del har eg fått arbeidd med stoffet på denne måten, og det har vore litt lettare å halde oversikt over alle meiningar og utsegn. Det ville vore vanskelegare å orientere seg fram til relevant informasjon i eit lydopptak. Likevel har det resultert i at eg har hatt mindre tid enn ynskjeleg til å bearbeide og framstille empirien på ein god måte.

7.2.Om val av tema og det endelege produktet

Tema vart i utgangspunktet vald etter forslag frå vegleiar våren 2015, men vinkling og problemstilling har endra seg ein del sidan den gong. Samtalene med intervjupersonane har opplyst og inspirera meg til å gå for den vinklinga oppgåva har i dag. Eg har funne temaet svært interessant å arbeide med. Når det stadig dukkar opp nye spørsmål og problem er det vanskeleg å gå lei. Samtidig har det vore utfordrande å avgrense oppgåva – alt synast relevant. Det har resultert i ei omfattande masteroppgåve, og det har vore vanskeleg å finne tid til å gå tilstrekkeleg i djubda på kvart spørsmål. Slik sett ville det

vore meir strategisk å fokusere på éi av delproblemstillingane. På ei anna side meiner eg at eg har fått opplyst temaet på denne måten, og læring var det viktigaste formålet med denne masteroppgåva. Bredda i intervjupersonar har også vore avgjerande for eit truverdig resultat.

Kjelder

Litteratur

- Bernt, C. & Mykland, S. (2009). Materiell prosessledning. I: Ravna, Ø. (red.) *Perspektiver på jordskifte*, s. 335-368. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Bjerva, Ø. J., Holth, F., Reiten, M., Sky, P. K. & Aasen, I. (2016). *Jordskifteloven Kommentaarutgave*. Oslo: Universitetsforlaget. 370 s.
- Dalland, O. (2015). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. 5 utg. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag 257 s.
- Hov, J. (1999). *Rettergang I. Sivil- og straffeprosess*. Oslo: Papinian AS. 542 s.
- Langbach, T. (2009). Jordskiftedomstolene og de alminnelige domstolene - likheter og ulikheter. I: Ravna, Ø. (red.) *Perspektiver på jordskifte*, s. 35-48. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Langnes, M. (2009). Frå utskiftingsvesen til jordskifterett - jordskifterettane si historie frå 1800-talet og fram til i dag. I: Ravna, Ø. (red.) *Perspektiver på jordskifte*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Lid, O. (1961). Grensegangssaker for jordskifterett. *Norsk tidsskrift for jordskifte og landmåling* (5): 25.
- Lid, O. (1968). *Kort prosess. Rettargangsmåten i tvistemål*. Oslo: Det Norske Samlaget. 190 s.
- Michelsen, H. M. (1999). *Sivilprosess*. Oslo: Ad Notam Gyldendal AS. 384 s.
- Ravna, Ø. (2015). Disposisjonsprinsippets plass i jordskifteloven av 2013. I: Revhaug, I. (red.) *Kart og Plan - Den nye jordskifteloven*, s. 121-132. Bergen: Fagbokforlaget.

- Reiten, M. (2015). Nytt i ny jordskiftelov. I: Revhaug, I. (red.) *Kart og Plan - Den nye jordskifteloven*, s. 110-120. Bergen: Fagbokforlaget.
- Robberstad, A. (1999). *Mellom tvekamp og inkvisisjon: straffeprosessens grunnstruktur belyst ved fornærmedes stilling*. Oslo: Universitetsforlaget. 438 s.
- Robberstad, A. (2013). *Sivilprosess*. 2 utg. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.
- Schei, T., Bårdsen, A., Nordén, D. B., Reusch, C. H. P. & Øie, T. M. (2013a). *Tvisteloven Kommentirutgave bind 1*. 2 utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Schei, T., Bårdsen, A., Nordén, D. B., Reusch, C. H. P. & Øie, T. M. (2013b). *Tvisteloven kommentarutgave bind 2*. 2 utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sevatdal, H. & Wannebo, E. (2007). Utvikling av jordskifteretten sett i lys av matrikkelsystemet, forvaltningen og de ordinære domstoler. I: Ravna, Ø. (red.) *Areal og eiendomsrett*, s. 391-414. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skoghøy, J. E. A. (2007). Endringer i sivilprosess som følge av ny tvistelov og betydningen av disse for jordskifteprosessen. I: Ravna, Ø. (red.) *Areal og eiendomsrett*, s. 547-567. Oslo: Universitetsforlaget.
- Thagaard, T. (1998). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget. 224 s.

Lovar

Kong Christian Den Femtis Norske Lov. (1687). *Kong Christian Den Femtis Norske Lov av 15. april 1687.*

Kongeriket Noregs Grunnlov av 17. mai 1814 (Grunnlova).

Lov angaaende Jords og Skovs Udskiftning af Fælledsskab av 17. august 1821 (oppheva).

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 (Forvaltningsloven).

Lov om domstolene av 13. august 1915 nr. 5 (Domstolloven).

Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. av 21. juni 2013 nr. 100 (Jordskiftelova).

Lov om Jords og Skovs Udskiftning af Fællesskab av 12. oktober 1857 (oppheva).

Lov om jordskifte o.a. av 21. desember 1979 nr. 77 (Jordskiftelova) (oppheva).

Lov om jordskifte o.a. av 22. desember 1950 (oppheva).

Lov om mekling og rettergang i sivile tvister av 17 juni 2005 nr. 90 (Tvisteloven).

Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 (Tvistemålsloven) (oppheva).

Lov om utskiftning mv. av 13. mars 1882 (oppheva).

Lovforarbeid

NOU 2001:32. *Rett på sak.* Oslo. 1248 s.

NOU 2002:09. *Jordskifterettens stilling og funksjoner.* Oslo. 162 s.

Ot.prp. nr. 51. (2004-2005). *Om lov om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven):*
Det kongelige justis- og politidepartement. 586 s.

Prop. 101 L. (2012-2013). *Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova).* Det kongelige landbruks- og matdepartement.

Rettspraksis

Rt. 1950 side 981.

Rt. 1959 side 1059.

Rt. 1990 side 791.

Rt. 1993 side 647.

Rt. 2008 side 708.

Rt. 2009 side 1.

Rt. 2010 side 880.

Vedlegg

Vedlegg 1

Advokatar:

Generelt:

- Korleis opplever du prosessen i jordskifteretten samanlikna med dei ordinære domstolar?
- Korleis vurderar du for kva domstol parten du representerar bør krevje sak?
 - o Er val av domstol bevisst?
 - o Viss ja, kvifor?
- Tenker du nokon gong at sjansen er større for å vinne fram hos den eine eller den andre domstolen?
 - o Viss ja, kvifor?

Om bevisføring:

- Ved føring av eit dokumentbevis, når tenker du at beviset er tilstrekkeleg dokumentert?
- Når beviset er ført, meiner du at retten kan legge heile dokumentet til grunn når den skal ta si avgjersle? Eller er det bare dei delane av dokumentet som spesifikt blei trekt fram under bevisføringa/dokumenteringa som kan vektleggast?
- Meiner du at retten kan hente inn bevis?
 - o Viss ja, i kva tilfelle kan dette skje?
 - o Er det evt. skilnad på jordskifteretten og ordinære domstolar?

Om bevisvurdering:

- Korleis opplever du rettens bevisvurdering?
 - o Er det ein skilnad mellom jordskifteretten og dei ordinære domstolar?
- Nyttar retten meir tid på bestemte typar bevis?
 - o Er det ein skilnad mellom jordskifteretten og dei ordinære domstolar?
- Er det skilnad i kor ofte dei ulike rettsinstansane nyttar synfaring?
- Opplever du at ulike typar bevis får ulik vekt ved jordskifteretten og dei ordinære domstolar?
 - o Har du erfaringar med at lagmannsretten vurderar bevis annleis enn jordskifteretten gjorde i fyrsteinstans i ankesaker?

Jordskiftedommarar:

Generelt:

- Meiner du det fins skilnadar på jordskifterettane og ordinære domstolar mtp. behandling av tvistesaker om fast eigedom?
 - o Både prosessuelt og i praksis
- Jordskiftretten har ein høg andel av sjølvprosederande partar. Meiner du dette påverkar saksbehandlinga?
 - o Viss ja, korleis?
- Trur du jordskifterettens historie, som ber preg av å ha hatt oppgåver lik den forvaltninga har, påverkar rettens vurderingar i saksbehandlinga?

Om jordskiftelova:

- Veit du om endringar i ny lov som er av betydning for bevisvurdering, enten prosessuelt eller faktisk?
- Kan du seie noko om forholdet mellom jordskiftelova og tvistelova ved behandling av tvistesaker?

Om partane:

- Korleis opplever du skilnaden i saker der partane stiller med advokat, vs. saker der dei stiller som sjølvprosederande?
- Korleis opplever du at saker der den eine parten har advokat, medan den andre er sjølvprosederande, påverkar di rolle som dommar?

Om bevisføring:

- Meiner du sjølvprosederande partar klarar å opplyse faktum på ein god måte?
- Opplever du nokon gong at ein part ikkje klarar å leite fram nødvendige bevis for å støtte opp om si sak?
 - o Viss ja, korleis handterar du dette?
- Opplever du nokon gong at ein part ikkje forstår omfanget av bevisa i saka?
 - o Viss ja, korleis handterar du dette?
- Korleis handterar du det, viss du veit om bevis som kan vere avgjerande i saka, men som partane ikkje sjølve har trekt fram?
- Kan retten hente inn bevis? Viss ja, når?

Om bevisvurdering:

- Kor store krav har ein til dokumentering av framlagte bevis i saka? Korleis fungerer dette i praksis?
- Kor stor vekt legg du på eit bevis som er lagt fram i saka, men som parten ikkje har dokumentert?
- Finn du ulike typar bevis meir pålitelege eller overbevisande enn andre?
 - o Viss ja, kvifor?

Tingretts- og lagdommarar:

Generelt:

- Meiner du det fins skilnadar på jordskifterettane og ordinære domstolar mtp. behandling av tvistesaker om fast eigedom?
 - o Både prosessuelt og i praksis
- Er det "vanleg" med sjølvprosederande partar?
- Meiner du sjølvprosederande partar påverkar saksbehandlinga?
 - o Viss ja, korleis?

Om partane:

- Korleis opplever du skilnaden i saker der partane stiller med advokat, vs. saker der dei stiller som sjølvprosederande?
- Korleis opplever du at saker der den eine parten har advokat, medan den andre er sjølvprosederande, påverkar di rolle som dommar?

Om bevisføring:

- Meiner du sjølvprosederande partar klarar å opplyse faktum på ein god måte?
- Opplever du nokon gong at ein part ikkje klarar å leite fram nødvendige bevis for å støtte opp om si sak?
 - o Viss ja, korleis handterer du dette?
- Opplever du nokon gong at ein part ikkje forstår omfanget av bevisa i saka?
 - o Viss ja, korleis handterer du dette?
- Korleis handterer du det, viss du veit om bevis som kan vere avgjerande i saka, men som partane ikkje sjølve har trekt fram?
- Kan retten hente inn bevis? Viss ja, når?

Om bevisvurdering:

- Kor store krav har ein til dokumentering av framlagte bevis i saka? Korleis fungerer dette i praksis?
- Kor stor vekt legg du på eit bevis som er lagt fram i saka, men som parten ikkje har dokumentert?
- Finn du ulike typar bevis meir pålitelege eller overbevisande enn andre?
 - o Viss ja, kvifor?

Vedlegg 2

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Irlåfagres gate 29
N 5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr: 985 321 884

Einar Bergshold
Institutt for landskapsplanlegging Norges miljø- og biovitenskapelige universitet

1430 ÅS

Vår dato: 07.12.2015

Vår ref: 45911 / 3 / LT

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 30.11.2015. Meldingen gjelder prosjektet:

45911	<i>Bevisvurdering i jordskifteretten</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Einar Bergshold</i>
Student	<i>Iselin Groven Ruud</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 30.06.2016, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Katrine Utaaker Segadal

Lis Tenold

Kontaktperson: Lis Tenold tlf: 55 58 33 77

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

Avdelingskontorer / District Offices

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no
TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47 73 59 19 07. kjyrre.svarva@svt.ntnu.no
TROMSØ: NSD, SVI, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47 77 64 43 36. nsdmaa@sviuit.no